

# Kartlegging av naturtypar i Stordal kommune



**Rapport J. B. Jordal  
nr. 1-2005**

Utførande konsulent: Biolog John Bjarne Jordal 6610 Øksendal	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	Medarbeidrar: Stein Erik Busengdal, Stordal og Dag Holtan, Ørskog										
Oppdragsgjevar: Stordal kommune v/Toralf Klokkehaug, Ørskog interkommunale landsbrukskontor, 6240 Ørskog, tlf. 70 27 29 00	ISBN-nummer:  82-92647-01-5	År:  2005										
<b>Referanse:</b> Jordal, J. B., Busengdal, S.E. & Holtan, D. 2005: Kartlegging av naturtypar i Stordal kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 1-2005. 111 s.												
<b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar og vilt i Stordal kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 94 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. Fleirtalet av desse er nye basert på feltarbeid, rundt 16 var i den tidlegare Naturbasen til fylket. Det er gjort 196 funn av 44 raudlisteartar av planter og sopp. I tillegg er det kjent 10 hekkfuglar og 4 pattedyr som står på raudlista. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Det er laga ei oversikt over viltobservasjonar (m.a. hekkelokalitetar for meir uvanlege/interessante artar) i kommunen (berre database). Stordal sitt sær preg er særleg innanfor naturtypane kulturlandskap med gamle slåtteenger og naturbeitemark, skog med edellauvskogar og litt eldre furuskog, sørvernde berg og rasmarker og kalkrike fjellområde med rik flora. Kommunen har viktige viltområde tilknytt skog, berg/rasmark og fjell. Kommunen har 2 verneområde (Nesplassen, Seljebotsmyrene) som er oppretta i hovudsak for å ta vare på plantelivet.												
<b>Emneord:</b> <table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 50%;">Biologisk mangfald</td> <td style="width: 50%;">Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Pattedyr</td> <td>Skog</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Fjell</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Kulturlandskap	Sopp	Myr	Pattedyr	Skog	Fugl	Fjell
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar											
Planter	Kulturlandskap											
Sopp	Myr											
Pattedyr	Skog											
Fugl	Fjell											
<b>Framsidebilete:</b> <p>Øvst t.v.: Bratte og frodige fjordlier er det mykje av i Storfjorden. Her frå ei skogli med mykje hassel sør for Vidhammer.</p> <p>Øvst t.h.: Utsyn frå Dyrkornfjellet mot Storfjorden og Skotsgardane. I framgrunnen tidlegare beita myrer der det fanst mykje solblomrosettar.</p> <p>Midten t.v.: Kviturle er på landsbasis ein sjeldan orkidé som finst mest i gamle slåtteenger og skogsbeite. Stordal er kanskje den kommunen i landet som har mest av akkurat denne planten.</p> <p>Midten t.h.: Solblom har vakre blomar som og insekta vert tiltrekt av. Denne planten trivst og i gamle slåtteenger og skogsbeite, men er i tilbakegang på grunn av attgroing av kulturlandskapet.</p> <p>Nedst t.v.: Beitelandskap ved Langsetrane.</p> <p>Nedst t.h.: Seljebotsmyrene er eit av dei større myrlandskapa i kommunen, det er elles verna som naturreservat.</p> <p>All foto: John Bjarne Jordal.</p>												

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Stordal kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd eigne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Stordal kommune av biolog John Bjarne Jordal. Stein Erik Busengdal og Dag Holtan har samanstilt eigne data og også utført feltarbeid. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meiningsa at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattarane ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 15.12.2004

John Bjarne Jordal  
prosjektansvarleg

# INNHOLD

SAMANDRAG .....	7
INNLEIING.....	11
BAKGRUNN .....	11
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	11
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	11
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	12
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	13
FORMÅLET MED RAPPORTEN.....	13
NOKRE ORD OG UTTRYKK.....	13
METODAR OG MATERIALE.....	15
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	15
VERDSETTING OG PRIORITERING .....	17
PRESENTASJON .....	18
NATURGRUNNLAG.....	20
LANDSKAP M.M. ....	20
KLIMA.....	20
GEOLOGI .....	20
LAUSMASSAR .....	21
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....	21
HOVEDNATURTYPAR.....	23
HAVSTRAND/KYST .....	23
KULTURLANDSKAP.....	23
FERSKVATN .....	23
MYR .....	23
SKOG.....	23
BERG, RASMARK OG KANTKRATT .....	24
FJELL .....	24
LOKALITETAR.....	25
1 STORFJORDEN: SKOTET: YTSTE-SKOTET .....	25
2 STORFJORDEN: SKOTET: MESKOTET .....	26
3 STORFJORDEN: SKOTET: INSTE-SKOTET (SLÅTTENGER) .....	26
4 STORFJORDEN: SKOTET: SKOTSHALSEN (SLÅTTEENG).....	27
5 STORFJORDEN: LIMURHOLA (EDELLAUVSKOG).....	27
6 STORFJORDEN: OVAFOR VIDHAMMAR .....	28
7 STORFJORDEN: VIDHAMMARSETRA (NATURBEITEMARK) .....	28
8 STORFJORDEN: VIDHAMMER-KORSADALSNESET (EDELLAUVSKOG) .....	29
9 STORFJORDEN: KORSADALSELVA-DJUPEGYLET (EDELLAUVSKOG).....	29
10 STORFJORDEN: NORD FOR SKJORTNESET (EDELLAUVSKOG) .....	30
11 STORFJORDEN: SKJORTNESET (SLÅTTENGER) .....	30
12 STORFJORDEN: HOLMEBYGDA-DJUPDALEN (FURSKOG) .....	31
13 STORFJORDEN: DJUPDALEN (SLÅTTEENG) .....	32
14 STORFJORDEN: HOLMESETRA (NATURBEITEMARK).....	32
15 STORFJORDEN: HOLMENESET (NATURBEITEMARK).....	33
16 STORFJORDEN: JAKOPPLASSEN OG GOSSAPLASSEN (YTSTE OG INSTE ØGGARDSPLASSEN) (KULTURLANDSKAP) .....	33
17 STORFJORDEN: ØVSTHOLMEN (SLÅTTENGER).....	34
18 STORFJORDEN: STORDALSHOLMEN-HOLMENESET (KALKSKOG M.M.).....	35
19 STORFJORDEN: STORDALSHOLMEN (SLÅTTEENG) .....	35
20 STORFJORDEN: HOLMEBUGEN (EDELLAUVSKOG M.M.).....	36
21 STORFJORDEN: NESPLASSEN (SLÅTTEENG).....	36
22 STORFJORDEN: NESPLASSEN (EDELLAUVSKOG).....	37
23 STORFJORDEN: SELJENESET (EDELLAUVSKOG) .....	38

24 STORFJORDEN: STAMNES (EDELLAUVSKOG) .....	39
25 STORFJORDEN: UNDER STAMNESBOTN (EDELLAUVSKOG) .....	39
26 STORFJORDEN: SMINESET (EDELLAUVSKOG).....	40
27 STORFJORDEN: BJØRKENESET (EDELLAUVSKOG) .....	40
28 DYRKORN: LIA (SLÅTTEENG) .....	41
29 DYRKORN: YTSTESÆTER (SKOGSBEITE) .....	41
30 DYRKORN: FREMSTESETRA (SKOGSBEITE)....	42
31 DYRKORN: ØYGARDEN (SKOGSBEITE) .....	43
32 DYRKORN: INDRESETER (SLÅTTENGER).....	43
33 DYRKORNFJELLET: GJERDSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	44
34 DYRKORNFJELLET: TROLLHAUGEN (MYR).....	44
35 DYRKORNFJELLET: VIKASTØLEN (NATURBEITEMARK).....	44
36 DYRKORNFJELLET: MEMORGOSHORNET, VESTSIDA OG TOPP-PLATAÅET (FJELLVEGETASJON) ....	45
37 DYRKORNFJELLET: VARDEN: VED AUSTSIDA AV STAMNESVATNET (OLIVINKNAUS/RIK FJELLVEGETASJON).....	46
38 DYRKORNFJELLET: VARDEN/EGGA (OLIVINFØREKOMSTAR/REINROSEHEI/RIKMYR).....	47
39 DYRKORNFJELLET: VARDEN: AUSTSIDA (RASMARK/FJELLVEGETASJON) .....	48
40 DYRKORNFJELLET: MEMORGOSHORNET SI AUSTSIDE (FJELLVEGETASJON) .....	48
41 DYRKORNFJELLET: HEIMSTE SKORKJA (FJELLVEGETASJON) .....	49
42 DYRKORNFJELLET: HEIMSTE SKORKJA/SANDFJELLET (FJELLVEGETASJON) .....	49
43 DYRKORNFJELLET: SVARTEVASSEGGA/SANDFJELLET SØRVESTSIDA (FJELLVEGETASJON) .....	50
44 STORDALEN: STORELVA: UTLØPET (BRAKKVASSDELTA) .....	51
45 STORDALEN: VED STORHEIM (EDELLAUVSKOG) .....	52
46 STORDALEN: NV FOR MO (NATURBEITEMARK).....	52
47 STORDALEN: MOGJÆRA (NATURBEITEMARK) .....	52
48 STORDALEN: MONAKKEN (EDELLAUVSKOG).....	53
49 STORDALEN: MOSETRA (KULTURLANDSKAP).....	53
50 STORDALEN: VAD, SØR FOR ELVA AUST FOR MO (NATURBEITEMARK) .....	54
51 RØYSETDALEN: LØSETNAKKEN (NATURBEITEMARK) .....	54
52 RØYSETDALEN: RØYSET, NORDRE BRUKET (SLÅTTEENG) .....	55
53 RØYSETDALEN: RØYSETSETRA V. GARDANE (SLÅTTEENG).....	55
54 RØYSETDALEN: RØYSETSETRA V. ELVA (SLÅTTEENG).....	56
55 RØYSETDALEN/LITTLEBOTNEN: AUST FOR RØYSETSÆTRA (SKOG).....	56
56 NØRDREDALEN: STØLEN AUST FOR JASVOLL (NATURBEITEMARK) .....	57
57 NØRDREDALEN: STAVÅNA (BEKKELØFT) .....	57
58 NØRDREDALEN: JASVOLLSETRA (SLÅTTEENG) .....	58
59 NØRDREDALEN: JASVOLLSETRA (SKOGSBEITE) .....	58
60 NØRDREDALEN: BOTNASTØLEN (NATURBEITEMARK).....	59
61 NØRDREDALEN: STAVDALEN (SLÅTTEENG).....	59
62 NØRDREDALEN: AUST FOR STAVDALEN (SLÅTTEENG).....	60
63 NØRDREDALEN: AUST FOR STAVDALEN (RIKMYR).....	60
64 NØRDREDALEN: LIANES (SLÅTTEENG) .....	60
65 NØRDREDALEN: STØLEGJØLET (BEKKELØFT) .....	61
66 NØRDREDALEN: ALMÅS: ROBBÅKEREN (SLÅTTENGER) .....	61
67 NØRDREDALEN: VED ALMÅS (BEKKELØFT) .....	62
68 NØRDREDALEN: ØVSTE LIASLETTET (RIKMYR).....	62
69 NØRDREDALEN: SELJEBOTN, INNMARK NEDIGARD (SLÅTTEENG) .....	63
70 NØRDREDALEN: SELJEBOTN, BEITE OVAFOR OPPIGARD (NATURBEITEMARK) .....	63
71 NØRDREDALEN: SELJEBOTN, LEGENE (HAGEMARK) .....	64
72 NØRDREDALEN: SELJEBOTNDALEN (SKOGSBEITE) .....	64
73 NØRDREDALEN: AUST FOR SELJEBOTN (MYR).....	65
74 NØRDREDALEN: NORD FOR SELJEBOTN (SKOGSBEITE) .....	65
75 NØRDREDALEN: SELJEBOTSMYRANE (MYR) .....	66
76 NØRDREDALEN: NORD FOR STORGROVA (SKOGSBEITE) .....	66
77 NØRDREDALEN: YTSTEHAUGEN (SLÅTTEENG).....	67
78 NØRDREDALEN: OVERØYANE (SLÅTTEENG).....	68
79 NØRDREDALEN: LANGSETRANE: KVITLEN (NATURBEITEMARK).....	68
80 NØRDREDALEN: LANGSETRANE: PJUSKEN (NATURBEITEMARK) .....	69
81 TROLLKYRKJEGARDEN (MEANDRERANDE ELVEPARTI) .....	69
82 BENKJENE OG RIKJENDSKARET (FJELLVEGETASJON) .....	69
83 AUSTSIDA AV STORHEIMSHORNET (OLIVINKNAUS/FJELLVEGETASJON).....	70
84 VESTSIDA AV ROLLSBOTTSKORKJA (FJELLVEGETASJON) .....	71

85 AUSTSIDA AV ROLLSBOTTSKORKJA/KLEIVABOTN VESTOM ELVA(FJELLVEGETASJON) .....	71
86 VESTSIDA AV OVERØYESTOLEN/(FJELLVEGETASJON PÅ OLIVIN-/KALKGRUNN) .....	72
87 NORD- OG AUSTSIDA AV OVERØYESTOLEN (FJELLVEGETASJON).....	73
88 NØRDREDALEN: KLEIVABOTNEN (MYR).....	74
89 STORLIHORNET, S-OG SV-SIDA (GRAØR/HEGGESEN, FJELLVEGETASJON) .....	75
90 NORDVESTSIDA AV STORLIHORNET (FJELLVEGETASJON).....	76
91 NORDAUSTSIDA AV STORLIHORNET (FJELLVEGETASJON) .....	76
92 VESTSIDA AV STOREBUA (FJELLVEGETASJON).....	77
93 NORD FOR JOLBOTN (FJELLVEGETASJON) .....	78
94 ÅDALSTINDMASSIVET (FJELLVEGETASJON).....	78
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS .....	80
VILTREGISTRERINGAR .....	80
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>81</b>
GENERELT.....	81
SOPP .....	91
PLANTER .....	91
FUGL OG PATTEDYR .....	91
<b>KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>92</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET .....	92
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR .....	92
<b>KJELDER.....</b>	<b>93</b>
GENERELL LITTERATUR .....	93
LITTERATUR SOM BERØRER STORDAL.....	94
ANDRE SKRIFTLEGE KJELDER .....	100
MUNNLEGE KJELDER .....	100
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>101</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR .....	101
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR .....	108

# SAMANDRAG

## Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a). For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## Naturgrunnlag

Dei ulike naturtypane i Stordal er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Stordal er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarker), myr og skog (særleg gråor-heggeskog og rik edellauvskog). Stordal har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir basert jordsmonn og innslag av kalkrevande planter m.m.

## Naturtypar i Stordal

Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Stordal fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype.  
A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A Myr (7 lok.)</b>					
A01	Intakt lavlandsmyr		1		<b>1</b>
A02	Intakt høgmyr		1	1	<b>2</b>
A05	Rikmyr	1	5		<b>6</b>
<b>B Rasmark, berg og kantkratt (8 lok.)</b>					
B01	Sørvende berg og rasmarker	5	3		<b>8</b>
<b>C Fjell (20 lok.)</b>					
C01	Kalkrike område i fjellet	11	9		<b>20</b>
<b>D Kulturlandskap (50 lok.)</b>					
D01	Slåtteenger	6	14	1	<b>21</b>
D02	Slåttemyr		4		<b>4</b>
D04	Naturbeitemark	4	10	5	<b>19</b>
D05	Hagemark		2		<b>2</b>
D06	Skogsbeite	3	5		<b>8</b>
<b>E Ferskvatn/våtmark (3 lok.)</b>					

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
E03	Kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti		1		1
E05	Fossesprøytsoner		1	1	2
<b>F</b>	<b>Skog (23 lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog	5	9	2	<b>16</b>
F03	Kalkskog	3	2		<b>5</b>
F04	Bjørkeskog med høgstauder	2	2	1	<b>5</b>
F05	Gråor-heggeskog	2		2	<b>4</b>
F06	Rikare sumpskog		2		<b>2</b>
F07	Gammal lauvskog	2			<b>2</b>
F08	Gammal barskog		1		<b>1</b>
F09	Bekkekløfter		2	1	<b>3</b>
F12	Kystfuruskog		2		<b>2</b>
<b>G</b>	<b>Havstrand/kyst (1 lok.)</b>				
G07	Brakkvassdelta		1		<b>1</b>
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>27</b>	<b>57</b>	<b>10</b>	<b>94</b>

I tabell 1 går det fram at det i Stordal er kjent 21 av dei 56 prioriterte naturtypane i DN-handboka. Dette er som forventa ut frå at Stordal er ein fjord-, skog- og fjellkommune med m.a. ein del kulturlandskap.

## Viktige lokalitetar i Stordal

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 93.

*Tabell 2. Viktige lokalitetar i Stordal. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.*

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Storfjorden: Skotet: Ytste-Skotet	Slåtteeng	A
2	Storfjorden: Skotet: Meskotet	Naturbeitemark	B
3	Storfjorden: Skotet: Inste-Skotet	Slåtteeng	B
4	Storfjorden: Skotet: Skotshalsen	Slåtteenger	C
5	Storfjorden: Limurhola	Rik edellauvskog, kalkskog, rikare sumpskog, sørvendt berg og rasmark	B
6	Storfjorden: ovafor Vidhammar	Kystfuruskog	B
7	Storfjorden: Vidhammarsetra	Naturbeitemark	B
8	Storfjorden: Vidhammer-Korsadalsneset	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	B
9	Storfjorden: Korsadalselva-Djupegylet	Rik edellauvskog	B
10	Storfjorden: nord for Skjortneset	Rik edellauvskog	B
11	Storfjorden: Skjortneset	Slåtteenger	B
12	Storfjorden: Holmebygda-Djupdalen	Kalkskog, kystfuruskog, gammel barskog, edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, sørvendt berg og rasmark	B
13	Storfjorden: Djupdalen	Slåtteenger	A
14	Storfjorden: Holmesetra	Naturbeitemark	C
15	Storfjorden: Holmeneset	Naturbeitemark	B
16	Storfjorden: Jakoplassen og Gossaplassen (Ytste og Inste Øggardspllassen)	Naturbeitemark, hagemark	B
17	Storfjorden: Øvstholumen	Slåtteenger	B
18	Storfjorden: Stordalsholmen-Holmeneset	Edellauvskog, kalkskog, sørvendt berg og rasmark	A
19	Storfjorden: Stordalsholmen	Slåtteenger	B
20	Storfjorden: Holmebugen	Edellauvskog, gråor-heggeskog, bjørkeskog med høgstauder	C
21	Storfjorden: Nesplassen	Slåtteeng	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
22	Storfjorden: Nespllassen	Rik edellauvskog, kalkskog, gammal lauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
23	Storfjorden: Seljeneset	Rik edellauvskog, kalkskog, gammal lauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
24	Storfjorden: Stamnes	Rik edellauvskog	B
25	Storfjorden: under Stamnesbotn	Rik edellauvskog	B
26	Storfjorden: Smineset	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
27	Storfjorden: Bjørkeneset	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
28	Dyrkorn: Lia	Slåtteeng, naturbeitemark	A
29	Dyrkorn: Ytstesæter	Skogsbeite	B
30	Dyrkorn: Fremstesetra	Skogsbeite	B
31	Dyrkorn: Øygarden	Skogsbeite	B
32	Dyrkorn: Indreseter	Slåtteeng	A
33	Dyrkornfjellet: Gjerdstølen	Naturbeitemark	C
34	Dyrkornfjellet: Trollhaugen	Rikmyr	B
35	Dyrkornfjellet: Vikastølen	Naturbeitemark	C
36	Dyrkornfjellet: Memorgoshornet, vestsida og topp-plataet	Kalkrike område i fjellet	B
37	Dyrkornfjellet: Varden: Ved austsida av Stamnesvatnet	Kalkrike område i fjellet	B
38	Dyrkornfjellet: Varden/Egga	Kalkrike område i fjellet	A
39	Dyrkornfjellet: Varden: austsida	Kalkrike område i fjellet, sørvendt berg og rasmark	B
40	Dyrkornfjellet: Memorgoshornet si austside	Kalkrike område i fjellet	B
41	Dyrkornfjellet: heimste Skorkja	Kalkrike område i fjellet	A
42	Dyrkornfjellet: Heimste Skorkja/Sandfjellet	Kalkrike område i fjellet	A
43	Dyrkornfjellet: Svartevassegga/Sandfjellet sørvestsida	Kalkrike område i fjellet	B
44	Stordalen: Storelva: utløpet	Brakkvassdelta	B
45	Stordalen: ved Storheim	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog	C
46	Stordalen: NV for Mo	Naturbeitemark	B
47	Stordalen: Mogjæra	Naturbeitemark	A
48	Stordalen: Monakken	Edellauvskog	B
49	Stordalen: Mosetra	Naturbeitemark	C
50	Stordalen: Vad, sør for elva aust for Mo	Naturbeitemark	B
51	Røysetdalen: Løsetnakken	Naturbeitemark	B
52	Røysetdalen: Røyset, nordre bruket	Slåtteeng	B
53	Røysetdalen: Røysetsetra v. gardane	Slåtteeng	A
54	Røysetdalen: Røysetsetra v. elva	Slåtteeng	B
55	Røysetdalen/Littlebotnen: aust for Røysetsætra	Skogsbeite	B
56	Nørdredalen: Stølen aust for Jasvoll	Naturbeitemark	B
57	Nørdredalen: Stavåna	Bekkeklofter, fossesprøytoner	C
58	Nørdredalen: Jasvollsetra	Slåtteeng	A
59	Nørdredalen: Jasvollsetra	Skogsbeite	A
60	Nørdredalen: Botnastølen	Naturbeitemark	C
61	Nørdredalen: Stavdalen	Slåtteeng	B
62	Nørdredalen: aust for Stavdalen	Slåtteeng	B
63	Nørdredalen: aust for Stavdalen	Slåttemyr	B
64	Nørdredalen: Lianes	Slåtteeng	B
65	Nørdredalen: Stølegjølet	Bekkeklofter, rik edellauvskog	B
66	Nørdredalen: Almås: Robbåkeren	Slåtteenger	B
67	Nørdredalen: ved Almås	Bekkeklofter, fossesprøytonar	B
68	Nørdredalen: Øvste Liaslettet	Slåttemyr, rikmyr	B
69	Nørdredalen: Seljebotn, innmark Nedigard	Slåtteeng	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
70	Nørdredalen: Seljebotn, beite ovafor Oppigard	Naturbeitemark	A
71	Nørdredalen: Seljebotn, Legene	Hagemark	B
72	Nørdredalen: Seljebotndalen	Skogsbeite, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog	A
73	Nørdredalen: aust for Seljebotn	Intakte høgmyrer m.m.	C
74	Nørdredalen: nord for Seljebotn	Skogsbeite, slåttemyr, høgstaudebjørkeskog	B
75	Nørdredalen: Seljebotsmyrane	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr, rikmyr, slåttemyr	B
76	Nørdredalen: nord for Storgrova	Skogsbeite, naturbeitemark, bjørkeskog med høgstauder, rikmyr	A
77	Nørdredalen: Yststehaugen	Slåtteeng	B
78	Nørdredalen: Overøyane	Slåtteeng	B
79	Nørdredalen: Langetrane: Kvitlen	naturbeitemark	B
80	Nørdredalen: Langetrane: Pjusken	naturbeitemark	B
81	Trollkyrkjegarden	Rikmyr, kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti	B
82	Benkjene og Rikjendskaret	Kalkrike område i fjellet	B
83	Austsida av Storheimshornet	Kalkrike område i fjellet	A
84	Vestsida av Rollsbottskorkja	Kalkrike område i fjellet	A
85	Austsida av Rollsbottskorkja/Kleivabotn vestom elva	Kalkrike område i fjellet	A
86	Vestsida av Overøyestolen/	Kalkrike område i fjellet	A
87	Nord- og austsida av Overøyestolen	Kalkrike område i fjellet	A
88	Nørdredalen: Kleivabotnen	Rikmyr	B
89	Storlihornet, S-og SV-sida	Gråor-heggeskog, kalkrike område i fjellet	A
90	Nordvestsida av Storlihornet	Kalkrike område i fjellet	A
91	Nordaustsida av Storlihornet	Kalkrike område i fjellet	A
92	Vestsida av Storebua	Kalkrike område i fjellet	B
93	Nord for Jolbotn	Kalkrike område i fjellet	B
94	Ådalstindmassivet	Kalkrike område i fjellet	B

## Raudlisteartar

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksem. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b). Det er registrert 196 funn av 44 offisielle raudlisteartar av planter og sopp i Stordal, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. 13 raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

## Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står att å undersøkja litt myr, naturbeitemark. Kunnskapen om mange organismegrupper i Stordal er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging.

## Litteratur

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeidning over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Stordal i denne basen ga 259 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

## Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar for planter og sopp.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvalting (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfold jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfatter mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisin, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av utnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi bygger på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleveling som vi har, er identisk med ei bærekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest veklagt i beslutningsprosessane.

## Endra driftsformer i jordbruket

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapte naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekke plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

## Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiing av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosistema, og mange vil døy ut etter kort tid. Men dei som greier å etablera seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollera eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg dei siste 30-50 åra.

**Platanløn** tek no til å spreia seg i lauvskog på eiga hand.

## Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

## Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, sopper og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

# Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

## Verneområde

Stordal kommune har 2 verneområde, eitt i myr og eitt i edellauvskog (Seljebotsmyrene, Nesplassen). I tillegg er Stordalsvassdraget verna mot visse typar inngrep. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## Resterande areal

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropriera, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekke forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdssler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## Passiv sikring

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## Virkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## Formålet med rapporten

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre ord og uttrykk

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordanbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtresлага (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Stordal er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Desse tresлага krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien brukar om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet brukar i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeidning og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallel til beitemarkssoppiane.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemد (DN 1999b).

**Signalart:** vert i denne rapporten brukar omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, kratttrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeidning, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekke utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfold (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Kartlegging av marine område og ferskvassfisk inngår ikkje i metodeopplegget.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Stordal. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit sok på Stordal i databasen er presentert i litteratuoversiktta attast i rapporten.

## Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Stordal, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Bugge (1993)	Foreslår Nespllassen som edellauvskogsreservat og omtalar fleire lokalitetar med varmekjær skog
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetar i Stordal kommune
Folkestad & Bugge (1988)	Skildrar fleire skogområde i kommunen
Fremstad & Elven (1997)	Omtalar platanlønn med utbreiingskart, også Stordal er med
Fylkesmannen i MR (1988)	Verneplanen for myr, omtalar Seljebotsmyrane m.m.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (2000)	Naturbasen, utskrift for Stordal m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Stordal
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Stordal. Seinare er oversikta oppdatert på Internett.
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekke viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Stordal
Holtan (2001)	Omhandlar eit par skoglier i kommunen
Holten m. fl. (1986)	Omtalar eit strandområde
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark

Kjelde	Kommentar
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Stordal
Korsmo (1975)	Undersøkingar av edellauvskog. I Stordal undersøkte han Nesplassen og Bjørkeneset.
Korsmo & Svalastog (1997)	Omtalar vestvendte skoglier mellom Stordalsholmen og Djupdalen
Moen (1984)	Behandlar verdifulle myrområde i fylket, foreslår Seljebotsmyrane som reservat, og dalen aust for Seljebotn
Norderhaug et al. (2004)	Omfattande undersøking av kulturlandskap, der underteikna også var med. Ein del av data for kulturlandskapet i denne rapporten stammar frå "Storfjordprosjektet", og motsett.
Nordhagen (1968, 1976)	Botaniske undersøkingar i Lauparen-området mellom Tresfjorden og Stordal
Skogen & Odland (1989)	Botanisk undersøking av Stordalsvassdraget, mykje plante- og vegetasjonsopplysningar, men ofte dårlig stadfesta.
Vold (1953)	Botaniske undersøkingar 1942-44 i fjellområda frå Haram til Romsdalen, i Stordal var han på Lauparen, Overøystolen, Kvasstinden, Trollvasstinden og Ådalstinden (for det meste i grensestroka til nabokommunane)

## ***Museumssamlingar, databasar, Internett***

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Dei ulike musea sine eigne plantedatabasar har kome til nytte via eit prosjekt om regionalt sjeldne planter (Gaarder & Jordal 2003).

## ***Innsamling frå personar***

Ei rekke einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Stordal. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

## ***Eigne registreringar av biologisk mangfold i kommunen***

I 1996 har den eine av forfattarane (J. B. Jordal) undersøkt fleire kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1997). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Stordal. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert under prosjektet. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

## ***Artsbestemming og dokumentasjon***

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsen (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsen (1986) og Tibell (1999). Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

# Verdsetting og prioritering

## Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller arter høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og arter som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og arter som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile forekomstar eller er i framgang

## Kriteriar og kategoriar

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særlig velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

## Avvik fra DN-handboka i denne rapporten

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærmere skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypane lenger bak.

Rapportforfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>A (svært viktig)</b>  | større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. alm-lindeskog) og/eller raudlisteartar i høgare kategori (E eller V) |
| <b>B (viktig)</b>        | mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar, raudlisteartar i lågare kategori (DC, DM, R)                                |
| <b>C (lokalt viktig)</b> | mindre velutvikla skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)                      |

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- |                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>A (svært viktig)</b>  | velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga    |
| <b>B (viktig)</b>        | lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande |
| <b>C (lokalt viktig)</b> | lokalitetar som er små eller litt attgrødde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.                  |

## Viltlokalitetar

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl og rovfugl er prioriterte i prosjektet. Elles er viktige overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996). Noko nytt viltkart er

ikkje eit siktemål i denne omgang. Ein har derfor ikkje foretatt vekting av viltdata og avgrensing av nye område. Det viktigaste er å ta vare på ny informasjon om vilt ved å oppdatera oversikta over viltobservasjonar (ikkje presentert i rapport) og laga eit skriftleg oversyn over gamle og nye viltområde.

## **Område med därlege data eller usikker status**

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet " Område med därlege data eller usikker status ". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for därlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## **Bruk av truga vegetasjonstypar**

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## **Bruk av raudlisteartar/signalartar**

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsia mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokalitetene. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsia ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand

Rik fjellvegetasjon: raudsildre, gulsildre, fjellsmelle, fjelltistel, rukkevier, reinrose, stivsildre osv.

Rikmyr: breiull, engstorr, loppestorr, jáblom, gulstorr, stortviblad

Naturbeitemark: ei rekke artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

## **Presentasjon**

### **Generelt**

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Stordalnaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Deretter kjem betrakningar omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Stordal og artslistar for planter og sopp frå einskildlokalitetar. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, i første rekke naturbeitemark, og frå skog, særleg edellauvskog.

### **Områdeskildringar**

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgt DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigalar ikkje har planer om noko slikt.

## **Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:10 000 som er overlett til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ved tilgang på digitalt kartgrunnlag ville ein kunne plassera ein del ting meir nøyaktig med utgangspunkt i GPS-målingane som er gjort. Ein må oppfatta avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaring for å få ei meir detaljert avgrensing. Ein må oppfatta avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

# NATURGRUNNLAG

## Landskap m.m.

Stordal er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 249 km<sup>2</sup>. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord (faktisk mest 700 m ved Dyrkorn) via strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg og ei rekke toppar over 1300 meter. I nordvestre deler er landskapet prega av avrunda åsar og mindre fjell, medan indre, austlege deler har mange høge fjell og kvasse tindar. Etter siste istida vart Stordal isfri for rundt 11500 år sidan (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 60-70 meter (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

Tabell 4. Nokre geografiske data for Stordal kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Stordal kommune.

Parameter	Verdi
Areal (eksklusiv sjøareal)	249 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	1,6 %
Skogareal	80 km <sup>2</sup>
Myrareal	3 km <sup>2</sup>
Strandline	27 km
Høgaste punkt	1531 m o. h. (Selgebottinden)
Største havdjup	686 m (ved Dyrkorn)
Talet på ferskvatn (samla areal)	94 (ca. 3 km <sup>2</sup> )
Areal 0-300 m o.h.	26 km <sup>2</sup> (10 %)
Areal 300-600 m o.h.	75 km <sup>2</sup> (30 %)
Areal 600-900 m o.h.	81 km <sup>2</sup> (33 %)
Areal 900-1200 m o.h.	55 km <sup>2</sup> (22 %)
Areal 1200-1500 m o.h.	13 km <sup>2</sup> (5 %)

## Klima

Klimaet i Stordal varierer truleg ein del frå ytre deler ved Storfjorden til indre dalstrok mot fjellet. I det store og heile er klimaet meir kystprega enn ein skulle venta ut frå plasseringa i midtre fjordstrok. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er milde vintrar og relativt liten skilnad på sommar- og vintertemperatur. På verstatjonen i Stordal ligg temperaturen litt under 0°C som gjennomsnitt for januar, og dette er faktisk om lag det same som t.d. Moldstad på Smøla. Gjennomsnittstemperatur for juli-august er rundt 13-14°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør 1400-1900 m.m. er ganske mykje). Berre 2 av månadene har under 100 mm nedbør ved Overøye, 5 i nedre del av Stordal. Det er også relativt hyppig nedbør, 190-200 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjonen og floraen i kommunen viser da også mange oseaniske trekk, ved at ei rekke kystplanter er vanlege langs fjorden, men ikkje i dalane mot fjellet.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Stordal i perioden 1961 – 1990. Kjelde:  
[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60700	Stordal	20	-0,4	-0,1	2,3	4,7	9,5	12,4	13,6	13,5	10,3	7,2	2,4	0,5	6,3

Tabell 6. Nedbørnormalar for Stordal i perioden 1961 – 1990. Kjelde:  
[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
60700	Stordal	20	139	112	119	84	56	65	84	94	166	169	165	187	1440
60710	Stordal - Overøye	398	180	144	162	109	77	78	115	120	216	213	205	241	1860

## Geologi

Berggrunnkart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg for området (Tveten m. fl. 1998). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er

nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer), amfibolitt m.m. som er ein utløpar frå Surnadekket. Slike bergartar finst i eit større område på nordsida av hovuddalføret i Stordal. Mesteparten av området ligg i fjellet, men det strekkjer seg ned i dalen ved Storheim. Ei anna grein nær Storfjorden ved Stamnes, og finst att på vestsida av fjorden nord for Vidhammar. Her finst og den kjende Limurhola (marmor). Kalkrevande planter er vanlege i kambrosilurområda av kommunen, men sjeldne elles.

## Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida, og desse finst over mesteparten av kommunen. Lausmasse avsett av elvar finst langs heile vassdraget til Stordalselva. Marine strandavsetningar finst så vidt i nedre deler av Stordalen. I myrområda har det etter istida danna seg lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike finst m.a. på Dyrkornfjellet og øvst i Nördredalen m.a. ved Pjusken og Kviten.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Stordal høyrer her til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Stordal tilhøyrer i denne samanheng dels region 22 (Vestlandets midtre fjordbygder, sørvestlege/lågareliggjande deler av kommunen), dels region 15 (Sør-Norges lågfjellsregion, nordaustlege/högareliggjande deler av kommunen).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssoner** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssoner er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssoner finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

*Vegetasjonen i Stordal fordeler seg på alle sonene. Dyrkorn og nedre deler av Stordalsbygda tilhøyrer den mest varmekjære sonen, boreonemoral sone, saman med alle sørvestvendte lier langs Storfjorden. Resten av jordbruksområda tilhøyrer stort sett den sørboreale sonen. Høgareliggjande skogområda tilhøyrer mellom- og nordboreal sone. Fjellområda tilhøyrer den alpine sonen (Moen 1998 s.94).*

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

- O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei

stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen vert delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk sekjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekker eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Stordal og Rauma.

*Vegetasjonen i Stordal tilhører klart oseanisk seksjon (O2) (Moen 1998, s. 126).*

# **HOVEDNATURTYPAR**

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmask, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Stordal, vert omtala nedanfor.

## **Havstrand/kyst**

Stordal ligg i Storfjorden og er ein fjord- og fjellkommune. Heile kommunen består av fastland med ei strandline på 27 km. Langs mesteparten av denne strandlinia er terrenget nokså bratt, og lausmassar er vaska vekk, slik at ein får strandberg og grovstein. Strandberg skal berre registrerast som prioritert naturtype dersom dei er kalkrike, og det har vi ikkje funne til no. Der Stordalselva renn ut er hellingsvinkelen der hav og land møtest låg, og her er det meir strandflater med litt finkorna masse, og litt strandenger sjølv om det meste er nedbygd.

## **Kulturlandskap**

Jordbrukskulturen i kyst- og fjordstroka har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbrukskulturen i Stordal er sikkert truleg også svært gammalt (Sande 1989).

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbrukskulturen, som oppdyrkning, pløyning, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker som ikkje har vore oppdyrkta, og i tillegg skogsbeite. Desse finst no nokså spreidd rundt i kommunen. Dessverre går husdyrhaldet attende, og mange av dei attverande lokalitetane gror no att. Stordal har svært mykje av den sjeldne orkidéen kvitkurle, som også står på raudlista (framsidefoto), og i tillegg også ein del solblom. Desse finst både i gamle slåtteenger, naturbeitemarker, skogsbeite, myrkantar og rasmarker i fjeller som nok og har vore mykje beita tidlegare.

Mange av gardane hadde setrar. Desse er i dag nedlagt og mange av dei er i attgroing. Stordal sogelag (2002) fortel om setrane under kvar gard (med mange foto), og har omtale av 34 setrar.

## **Ferskvatn**

Dei fleste ferskvatna i Stordal ligg i fjellet, og er næringsfattige. Einaste typen som kan vera aktuell her, er naturleg fisketomme vatn, men denne typen er det ikkje lagt vekt på å undersøkja. I låglandet er det mest berre lokalitetar i tilknytnad til Stordalselva som er aktuelle. Vegetasjonen langs elva er undersøkt og skildra av Skogen & Odland (1989). Sidan mykje av nedre løpet er kanalisert og forbygd, er det lite att av den naturlege dynamikken i elva. Nokre avsnørte elveløp finst att i dei nedste par kilometra med litt gråor-heggeskog, men desse er ikke rekna som intakt/velutvikla flommark, og derfor ikkje registrerte. Ved Trollkyrkjegarden øvst i vassdraget, aust for Fokhaugstova, er det avgrensna eit område med meandrerande elveparti, det einaste i kommunen.

## **Myr**

Det er oppgjeve at Stordal skal ha 3 km<sup>2</sup> myr. Desse førekjem særleg i indre dalstrok, dels som småflekker på fjellet. Det aller meste er nedbørsmyr/fukthei og fattigmyr. Dei største områda ligg i Seljebotndalen og Nørdredalen mellom Seljebotn og Langsetrane, vidare nordover til Kleivabotnen og austover til Storvatnet og Littlevatnet på kommunegrensa mot Rauma og Norddal. I Littlebotnen er det og noko. Innanfor kambrosilurområda førekjem rikmyrer, dels som småflekker heilt nede i Nørdredalen, men og på snaufjellet der dei for det meste vert slått saman med rik fjellvegetasjon.

## **Skog**

Det er i dag ikkje så lite skog i kommunen, oppgjeve til 80 km<sup>2</sup> av Statistisk sentralbyrå (2001). Dette er dels lauvskog. Elles førekjem ein del furuskog langs Storfjorden. T.d. i Djupdalen har det stadvis vore drive tømmerhogst og sagbruk i periodar. Noko av denne skogen verkar i dag ganske gammal med innslag av gadd og einskilde læger. Tidlegare har nok skogen stadvis vore utnytta hardare enn i dag. Det er eit betydeleg innslag av edellauvskog, særleg med mykje hassel, men og med innslag av alm, særleg langs Storfjorden, faktisk på begge sider, og dessutan litt oppover i Stordalen. Særleg strekninga frå kommunegrensa mot Ørskog (Viset) til Nespllassen ved Stordal har nokså samanhengande, store og viktige edellauvskogar med mange sjeldne og dels raudlista planter og soppstar. Ved Nespllassen ligg det einaste skogreservatet i kommunen (edellauvskog).

Svartor er det og noko av på Vidhammersida. Barlind er kjent frå Seljeneset-Nesplassen (1-2 tre) og nokre mellom Vidhammer og Vidhammersetra. Goksøyrs (1939) fortel og om barlind ved Limurhola. Desse er ikkje sjekka opp i moderne tid, men det er muleg han omtalar same førekommst som mellom Vidhammarsetra og VIDHAMMAR. Dette er absolutt innergrense for barlinda, som er ei kystplante med krav til bortimot frostfrie vintrar.

## Berg, rasmark og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Stordal kommune har mykje fjell, og dermed også mykje berg og rasmark. Dei prioriterte naturtypane sørvendt berg og rasmark, og kantkratt, finst i mosaikk med hasselskog i lågareliggende, sør- til vestvendte fjellsider, og som større rasenger, berg og steinur i og opp mot fjellet. Ein spesiell tredje type er olivinknausar. Desse skal kartleggast for seg under skoggrensa, men slåast saman med kalkrike område i fjellet. Ved Varden mellom Stordal og Dyrkorn har Stein Erik Busengdal funne den sjeldne og raudlista brunburkna, truleg høgderekord i Noreg. Denne arten står også på den globale raudlista. Ovafor skoggrensa vert rike rasmarker m.m. slått saman med kalkrike område i fjellet.

## Fjell

Stordal har mykje fjell. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet, og det er det ein del av i kambrosilurområda i kommunen. Det er ikkje prioritert å leita etter denne typen innanfor prosjektet, sidan han er lite truga. Nordhagen (1968. 1976) og Skogen & Odland (1989) nemner ein del om dei rike område i fjellet. Dette er delvis dårleg stadfesta informasjon. Men Stein Erik Busengdal har på eige initiativ undersøkt ei rekke fjellområde botanisk og skildra dei utførleg til rapporten, kombinert med god stadfesting. Dette har resultert i mykje ny kunnskap både om artsutval, utbreiing og sjeldne artar som t.d. stivsildre. Stordal ligg langt vest, og mange fjellplanter får problem i det milde kystklimaet fordi dei ikkje vert beskytta av eit stabilt snødekkje gjennom heile vinteren. Mange fjellplanter gjev derfor opp mot vest ein eller annan stad i Stordalsfjella. Stordal har etter Busengdal sine undersøkingar stadfesta seg som ein av dei meir interessante fjellplantekommunane i fylket på grunn av den gode berggrunnen i kambrosilurbeltet som kryssar kommunen nord for Stordalen og Nørdredalen.

# LOKALITETAR

Databasen over verdifulle naturområde i Stordal kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 93 lokalitetar. Rundt 16 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram dels gjennom Storfjordprosjektet (Norderhaug m.fl. 2004) og dels gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjente fram til no.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi. Følgjande forkortinger er nyttig: AM=Asbjørn Moen, AOF=Alv Ottar Folkestad, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, LS=Liv Sterten, SEB=Stein Erik Busengdal, SH=Silke Hansen.

## 1 Storfjorden: Skotet: Ytste-Skotet

Lokalisatonsnummer:	1526-1
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 913 222
Høgd over havet:	180-240 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteeng
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	Bruaas & Hatløy (1991), Idar Skotte pers. medd. 19.11.02, Jordal & Gaarder (1997, 1998c)

### Områdeskildring

**Generelt:** Ytste Skotet er ein av dei ytste hyllegardane i Storfjorden. Skotsgardane ligg høgt og fritt på ei nordvendt hylle eit par hundre meter over Storfjorden.

**Vegetasjon:** Vi vil her visa til ei fyldig kandidatoppgåve (Bruaas & Hatløy 1991) frå distrikthøgskulen i Sogndal (no Høgskulen i Sogn og Fjordane). Vegetasjonen på innmarka er for det meste frisk fattigeng.

Området har mest gneisbergartar, men det er kjent ei kalksteinsåre i området som truleg kan gjera seg gjeldande somme stader på Ytste-Skotet.

**Kulturpåverkanad:** Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende (Sande 1989). Etter Svartedauen er garden første gong nemnt i 1606. I 1863 var buskapen 9 storfe, 40 småfe og ein hest. I første halvdel av 1900-talet var vanleg fønad 4-5 kyr, 20 geiter og 8 sau. Innmarka er ca. 45 dekar, av dette vel 30 dekar dyrka. Det har vore brukt 500-600 kg kunstgjødsel årleg frå mellomkrigstida til fråflyttinga, transportert opp med taubane (anlagt 1943). Bruket vart fråflytta i 1954. Deretter har garden vore slått fram til 1980 (1955-65 av Vidhammar, deretter av Meskotet), og kyr og sau har også beita på innmarka i denne perioden. Etter 1980 har det berre vore streifbeiting av sau og hjort, og betydeleg attgroing. Storfjordens Venner overtok i 1989, stiftinga Ytste-Skotet som syter for drifta vart skipa i 1990, og dette året tok dei til å slå innmarka på nytt (utført av Idar Skotte). Dei siste åra har dei også hatt beitedyr på garden. Nesa var kornåker til 1942. All eng fekk sauetalle annakvart år og kugjødsel annakvart år, gjeve om hausten. Frukthagen vart gjødsla med hestegjødsel og berre slått, ikkje beita. Åker vart gjødsla om våren med kugjødsel. All slått etter fråflyttinga i 1954 har vore sein slått, etter 1. august (kjelde: Idar Skotte).

**Artsfunn:** Det er funne 102 planteartar på open kulturmark, tidlege attgroingsstadium og tidlegare slåttemyr (Gjerå), av desse 23 naturengplanter. Seine attgroingsstadium med skogpreg er utelatne. Dette er høge tal. Det er stadvis uvanleg mykje orkidéar, m.a. grov nattfiol, brudespore og stortviblad. Det vart funne 22 artar av beitemarkssopp. Dette er også ganske høgt, særleg når ein tek i betraktning den därlege soppesongen elles i distriktet. Av dei artane som vart funne i 1996 er det særleg grunn til å nemna halmgul köllesopp *Clavaria flavipes=straminea* som internasjonalt sett er ein svært sjeldan, beite- eller slåttavhengig art (V=sårbar på raudlista). Denne vart funne i Hagen, som no vert slått. I same frukthage vart det vidare funne fiolett greinköllesopp *Clavaria zollingeri* som også står som sårbar på raudlista, fleire mindre vanlege raudskivesoppar, og 8 vokssopp-artar. I nokre magre parti på innmarka ved frukthagen (Nesa), og på Haugane ovafor husa er det truleg også gode tilhøve for beitemarkssopp. Når det vart funne lite på Nesa, kan det ha å gjera med at dette har vore kornåker, og dermed ikkje har så lang kontinuitet som grasmark.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er intakte slåtteenger med lite gjødsla parti og stor artsrikdom, m.a. uvanlege orkidéar, fleire raudlista beitemarkssopp (dels i kategori V - sårbar) og generelt stor artsrikdom.

### **Skjøtsel og omsyn**

Frå ein biologisk synsstad er slåtten og beitinga som no vert organisert på denne tungt tilgjengelege hyllegarden særleg verdifull for å ta vare på det biologiske mangfaldet som er knytt til kulturpåverknad i mange hundre år. Dette gjeld særleg nokre mindre vanlege naturengplanter, orkidéar og sjeldne beitemarkssopp. Vi vil likevel understreka at Hagen og Haugane ikkje bør gjødslast, ettersom desse stadene er dei mest artsrike når det gjeld soppar som er knytt til lite gjødsla grasmark. Det er viktig at slåtten held fram. Graset må ikkje ligga att på bøen.

## **2 Storfjorden: Skotet: Meskotet**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-2
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 915 219
<b>Høgd over havet:</b>	220-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Slåtteng
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Ansok (1973), Sande (1989), Jordal & Gaarder (1997), Idar Skotte (pers. medd.), 07.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Meskotet er den midtre av Skotsgardane. Sjøvegen er opp frå Naustvika forbi Skotshalsen, men det er også muleg å gå opp frå Vollvika til Ytste Skotet, og grendevegen derifrå.

*Vegetasjon:* Den fulldyrka marka har vore slått kontinuerleg av Idar Skotte også etter fråflyttinga i 1981. Sidan 1998 har Stiftinga Ytste Skotet sørga for slått på alle tre Skotsgardane (framleis utført av Idar Skotte). Mest fulldyrka mark, små areal med ugjødsla natureng. Fleire styvingstre, mest bjørk, men og selje og rogn. Ei styva selje er bortimot ein meter i stammediameter.

*Kulturpåverknad:* Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende. Etter Svartedauden er Skotet første gong nemnt 1606 (Sande 1989). Meskotet var den siste strandsitjargarden som vart fråflytta i Storfjorden, det skjedde i 1981. Meskotet har vore kontinuerleg slått også etter at drifta vart nedlagt. Ein fekk motorslåmaskin i 1971. Kunstgjødsel kom i mellomkrigstida. Meskotet har vore kontinuerleg slått også etter at drifta vart nedlagt i 1981. Litt streifbeiting av sau. Idar Skotte brukte ca. 2 tonn kunstgjødsel den tida han dreiv alle Skotsgardane (1965-81), truleg fullgjødsel A.

*Artsfunn:* Det vart funne 56 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp, men tilhøva kan vera gode for desse artane somme stader.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at dei artsrike, ugjødsla engene utgjer små kantareal med avgrensa mangfald.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er svært positivt om slåtten og ryddinga som er utført til no held fram også i framtida. Vi vil sjølv sjå det som interessant å leita etter beitemarkssopp på Meskotet eit anna år.

## **3 Storfjorden: Skotet: Inste-Skotet (slåtteenger)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-3
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 918 218
<b>Høgd over havet:</b>	240-260 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Ansok (1973), Jordal & Gaarder (1997), Sande (1989), Idar Skotte (pers. medd.), 07.08.2001, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Inste-Skotet er den austlegaste av Skotsgardane. Sjøvegen er opp frå Naustvika forbi Skotshalsen, men det er også muleg å gå opp frå Vollvika til Ytste Skotet, og grendevegen derifrå.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var i 1996 dominert av høgvaksne gras og urter, med eit tjukt strølag i botnen (ikkje slått). Naturengplanter har overlevd på magre stader med meir kortvaksen vegetasjon. Sidan 1998 har Stiftinga Ytste Skotet sørga for slått på Inste-Skotet. Det er likevel ein tendens til at einskilde mindre naturenger (frisk

fattigeng, G4) ikkje vert slått. Det er gjerne desse som er mest artsrike og verdifulle frå ein forvaltningsmessig sysnsstad. Desse gror no til med stadig meir firkantperikum og småbusker. Fleire styvingstre, mest bjørk.

**Kulturpåverknad:** Skotsgardane har truleg vore bebudd i vikingetida (Sande 1989). På Inste Skotet er det ein stad som heiter Veten, som var ein del av varslingsystemet som vart oppretta frå midten av 900-talet. Etter Svartedauden er Skotet første gong nemnt 1606. Frå 1926 slo dei også Skotshansen saman med to andre bruk, og delte på høyet. Inste-Skotet vart fråflytt i 1954. Deretter vart det slått av Meskotet til 1980. På Inste-Skotet har det ikkje vore slått gras ein periode frå 1980 fram til 1998, da litt vart slått. Frå 1999 har graset vore slått av stiftinga Ytste Skotet (Idar Skotte og Ottar Overå) og raka bort. I nerkant av vollen finst slåtteterrassar som ikkje er slegne.

**Artsfunn:** Det vart funne 54 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mellom desse var kvitmaure, småengkall og storblåfjør. Noterte artar 2001: prestekrage, nattfiol, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, brudespore, harerug og blåklokke. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteenger med eit dels intakt artsutval, og somme stader ei driftshistorie med sparsam gjødsling.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Oppatt-taking av skjøtselen frå 1999 i regi av stiftinga Ytste-Skotet er svært positiv for dei gamle slåtteengene, som i 1996 var i tiltakande attgroing. Ein bør særleg sørja for å slå dei magraste (og mest artsrike) partia, som gjerne er dei tyngste og minst planerte. Slåtten bør fortsetta. Om dette vert vanskeleg, bør ein sleppa beitedyr her.

## **4 Storfjorden: Skotet: Skotshansen (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-4
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 922 217
<b>Høgd over havet:</b>	70-80 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ophøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Ansok (1973), Sande (1989), 07.08.2001, JBJ & LS

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Skotshansen ligg på en relativt flat avsats i den bratte, austvendte fjellryggen som går fra sjøen opp til Inste Skotet. Ein kjem dit ved å gå stien som går frå Naustvika til Inste Skotet, og så ta av når ein kjem opp på den ryggen der Skotshansen ligg, rundt 80 m over fjorden. Det er framleis noko open kulturmark på staden, men ein del er attgrodd med skog. Det synest ikkje å ha vore beitedyr innom dei siste åra.

**Vegetasjon:** Mykje av innmarka var attgroingsenger med nitrofile innslag (G14), dels meir utmagra frisk fattigeng (G4) i kantane. Innslag av tørrberg (F3). Ovafor bruket finst berg, rasmark og skog med varmekjær flora (ikkje avgrensa)

**Kulturpåverknad:** Busetnaden på Skotsgardane strekkjer seg truleg rundt 1000 år attende. Skotshansen var i bruk som husmannsplass på slutten av 1800-talet (Sande 1989: 222). På Skotshansen var det busetnad til rundt 1926. Mannen døydde og enkja tok med seg ungane til Amerika. Det vart deretter tre bruk som kjøpte og slo ilag her frå 1926 (Inste-Skotet, Vidhammar og "Hotell-Johan" Vinje i Stordal). Skotshansen vart slått til ut på 1950-talet. Det er framleis noko open kulturmark på staden, men ein del er attgrodd med skog. Det synest ikkje å ha vore beitedyr her dei siste åra.

**Artsfunn:** Relativt triviell flora, her kan nemnast gjeldkarve, olavsskjegg, smalkjempe, raudknapp, småsmelle og blåklokke.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er gamle slåtteenger i attgroing, og der det opprinnelege artsutvalet truleg er noko utvatna.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Kulturmarka har ein del av arts mangfaldet intakt, og det er muleg å bevara dette gjennom rydding og slått. Området kan med fordel beitast i framtida.

## **5 Storfjorden: Limurhola (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-5
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 912-915, 202-206
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 200 m

<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmek, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog, rikare sumpskog, sørvendt berg og rasmek
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.08.2004, SEB & JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein sør og søraustvendt skog i bratt og raspåverka lende nord for Vidhammar på vestsida av Storfjorden. Limurhola er namnet på ei hole skapt av ein marmorgang ved LQ 9130 2033, ca. 80 m o.h. Lokaliteten består stort sett av uret edellauvskog, og det er varmt og relativt tørt.

*Vegetasjon:* Rike hasselkratt, gråor-heggeskog langs bekken, litt lågurtfuruskog m.a. ved Limurhola, litt svartorstrandskog ved sjøen, og dessutan stadvis høgstaudebjørkeskog i høgare område. Oppunder hamrane er det nokre almetre.

*Kulturpåverkanad:* Tidlegare beiting, lauving og vedhogst, no lite påverka.

*Artsfunn:* Av plantefunn i 2004 kan nemnast: bergmynte, breiflangre, brunrot, dvergjamne, fingerstorr, furuvintergrøn, gulsildre, hengjeaks, hundekveke, kransmynte, kratthumleblom, krattlodnegras, krossved, lundgrønaks, myske, sanikel, skogfiol, skogmarihand, skogsål, smalkjempe, sumphaukeskjegg, svartburkne og taggbregne. Goksøy (1939) skriv m.a. (s. 39) "I nærliken av Limurhola veks m.a. ei ti-tolv noko strantne Taxus baccata (barlind), som har nordgrensa si på Vestnes. Denne veksestaden har ikkje vore omskriven før, so vidt eg veit." Det er usikkert om dette verkeleg var nær Limurhola, eller om han meinte den lokaliteten som ligg ovanfor Vidhammer (lokalitet 6).

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt velutvikla og artsrik edellauvskog med nokre varmekjære planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får vera mest muleg i fred.

## 6 Storfjorden: ovafor Vidhammar

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-6
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 911 202
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Kystfuruskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Per Vidhammer medd. SEB

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mellom Vidhammer og Vidhammersetra er eit område med furublandskog og barlind. Området er grovt avgrensa etter andrehands opplysningar.

*Vegetasjon:* Den aktuelle lokaliteten er ikkje undersøkt. JBJ har gått den nærliggjande strekninga Vidhammarsætra-Vidhammar (07.08.2001) og her var det stadvis storvaksen furuskog i blanding med bjørk og stadvis litt hassel. Den kystbundne barlinden, og den stadvis litt rikare skogtypen med hassel som er observert i nærliken, er bakgrunn for å klassifisera lokaliteten for kystfuruskog.

*Kulturpåverkanad:* Ikkje undersøkt. Generelt har skogliene i Storfjorden tidlegare vore ganske sterkt utnytta til beiting, vedhogst, lauving og anna hausting.

*Artsfunn:* Mest interessant er førekost av barlind, som her er nær nordgrensa si i Noreg (Fræna). Langs stigen nedanfor Vidhammarsætra (nær inntil det avgrensa området) er det funne marsipankremle *Russula grata* (R-sjeldan) i nærliken av hassel.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med barlind, som er eit sjeldan treslag som her er nær nordgrensa si.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at barlindane og området får vera mest muleg i fred.

## 7 Storfjorden: Vidhammarsætra (naturbeitemark)

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-7
--------------------------	--------

<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 907 199
<b>Høgd over havet:</b>	330 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.08.2001, JBJ & LS

#### Områdeskildring

*Generelt:* Setra ligg på vestsida av Storfjorden rett overfor Stordal sentrum i et hallande landskap. Det går ein sti fra Vidhammar opp til Vidhammarsetra og vidare til Inste Skotssætra. Stien vart merka for nokre år attende, men er vanskelig å finna flere stader.

*Vegetasjon:* Grasdominert vegetasjon som delvis er i attgroing med or og einer. For det meste frisk fattigeng (G4), men overgangar til nitrofile attgroingsenger og fattigmyr. Mykje einstape. Fleire styva bjørker langs stien ned til Vidhammer.

*Kulturpåverknad:* Setra er ikkje lenger i bruk, og området såg ikkje ut til å ha vore beita sommaren 2001.

*Artsfunn:* Det vart funne mange naturengplanter. Mest interessant var ein hittil ubestemt art av hårvævegruppa.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit intakt artmangfald og nokre interessante arter.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

## 8 Storfjorden: Vidhammer-Korsadalsneset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-8
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 907-910, 192-195
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.08.2004, SEB & JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein aust- og søraustvendt skog i bratt og raspåverka lende sør for Vidhammar på vestsida av Storfjorden. Lokaliteten består stort sett av uret hasselskog med noko hengjebjørk og litt furu i øvre og tørre parti. Langs stranda nærmest Vidhammar er det svartorstrandskog i om lag 50 lengde av stranda.

*Vegetasjon:* Rike hasselkratt, svartorstrandskog.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare beita av m.a. geit, truleg har det og vore samla neter, lauva og hogge ved.

*Artsfunn:* Det er ikkje teke planteliste. Det er observert m.a. kvitbergknapp, sølvmore og småsmelle på strandberga.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt velutvikla og truleg artsrik edellauvskog med innslag av varmekjære planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får vera mest muleg i fred.

## 9 Storfjorden: Korsadalselva-Djupegylet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-9
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 903-907, 182-189
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.08.2004, SEB & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein aust- og søraustvendt skog i bratt og raspåverka lende under bratte hamrar sør for Korsadalselva på vestsida av Storfjorden. Lokaliteten består stort sett av uret hasselskog med innslag av alm, selje, bjørk, rogn, og noko hengjebjørk og furu i tørre parti.

*Vegetasjon:* Rike hasselkratt.

*Kulturmåverknad:* Tidlegare har det truleg vore beita, samla neter, lauva og hogge ved. Det går ei kraftline gjennom området.

*Artsfunn:* Det er ikkje teke planteliste. Det er observert m.a. hagtorn og bergmynte, og ser rikt ut frå båt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt velutvikla og truleg artsrik edellauvskog med innslag av varmekjære planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får vera mest muleg i fred.

## 10 Storfjorden: nord for Skjortneset (edellauvskog)

Lokalitetsnummer:	1526-10
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 906-908, 174-179
Høgd over havet:	0-ca. 150 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	15.08.2004, SEB & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein aust- og nordaustvendt skog i bratt og raspåverka lende under bratte hamrar nord for Skjortneset på vestsida av Storfjorden. Lokaliteten består stort sett av uret skog med innslag av alm, hassel, selje, bjørk, rogn, og noko hengjebjørk og furu.

*Vegetasjon:* Rike hasselkratt, svartorstrandskog.

*Kulturmåverknad:* Tidlegare har det truleg vore beita, samla neter, lauva og hogge ved.

*Artsfunn:* Det er ikkje teke planteliste. Det er observert m.a. bergosal og filtkongslys, og ser rikt ut frå båt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt velutvikla og truleg artsrik edellauvskog med innslag av varmekjære planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at området får vera mest muleg i fred.

## 11 Storfjorden: Skjortneset (slåtteenger)

Lokalitetsnummer:	1526-11
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 909 173
Høgd over havet:	0-60 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteenger
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	07.08.2001, JBJ & LS

### Områdeskildring

*Generelt:* Skjortneset ligg på vestsida av Storfjorden omlag rett overfor Stordal sentrum i ei nokså bratt austvendt li med bratte berghamrer nedanfor på nordsida. Det er god sjøveg opp frå naustet.

*Vegetasjon:* Det er omlag samanhengande slåttemark frå nausta og heilt opp til forbi garden. Engene vert stort sett slått og graset raka bort. Ved nausta er det relativt magre, lite gjødselpåverka enger, frisk fattigeng (G4), deler av dette vert skjøtta som plen (av faste campinggjester). Halvveges opp til garden ligg ein frukthage med ei løe (Hylla), med frisk fattigeng (G4) med ein del følblom. Rundt garden er det tidlegare fulldyrka eng som no magrast sakte ut. Nedanfor garden står eit par gamle styvingsalmer på opp til 1 m stammediameter.

**Kulturpåverknad:** Det vart drive med geit til 1947. Bruket vart fråflytta i 1970, men dei 7 søskena som no eig bruket i lag, har tilhald i heile sommarhalvåret og held både husa og mykje av kulturlandskapet ved like gjennom slått og bortraking av graset. Det har ikkje vore nytta kunstgjødsel etter fråflytinga. Garden vert svakt beita av sauер som streifar over frå Sykkylven. Løypestrengen er intakt og i bruk til fritidsformål. Det vart tidlegare hogge lauv til nokre hundre kjerv, mest av bjørk.

**Artsfunn:** Det vart notert ein del naturengplanter, m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, gjeldkarve, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, prestekrage, smalkjempe og småengkall, mest i engene nede ved nausta. Elles vart det funne 4 artar vokssopp, mellom desse den raudlista arten limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*, kategori V=sårbar).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at her finst intakte slåtteenger med lang driftshistorie og dels sparsam gjødsling, og med eit intakt artsutval av naturengplanter og nokre beitemarkssopp. Lokaliteten har heilt klart eit større potensiale for beitemarkssopp.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er å håpa at ein kan halda fram med slåtten, noko som vil halda ved like slåtteengene.

## 12 Storfjorden: Holmebygda-Djupdalen (furuskog)

Lokalisetsnummer:	1526-12 (naturbasen 1526-39-3)
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 93-94, 14-16
Høgd over havet:	0-ca. 400 m
Hovudnaturtype:	Skog, rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	Kalkskog, kystfuruskog, gammel barskog, edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, sørvestnært berg og rasmark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte, spreiing av innførte treslag
Undersøkt/kjelder:	Folkestad (1976), Folkestad & Bugge (1988), 30.-31.08.1990 (Korsmo & Svalastog 1997), naturbasen, 10.08.2001 JBJ, del av større lok. hos Holtan (2001), 14.07.2004, SEB & JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Ulendte, bratte, vestvende skoglier sørover frå Stordalsholmen til Djupdalen, kanskje vidare til kommunegrensa mot Stranda. Sjølve Djupdalen har ein rolegare topografi. Gneis i berggrunnen. Fleire bekkekløfter og fossar, rasmark og berg. Verdiane er truleg mest knytt til det varme og dels fuktige klimaet, og i mindre grad til alderen på skogen. Likevel er det litt gadd av særleg furu å sjå i liene. Ein har redusert avgrensinga noko i forhold til Korsmo & Svalastog (1997).

**Vegetasjon:** Stadvis furudominerte lier med hengjebjørk og ulike utformingar av blåbær- og røsslyng-vegetasjon, men også innslag av lågurtvegetasjon og varmekrevande artar. Hassel og alm inngår ein del stader. Elles finst det osp, rogn og dunbjørk. Ved Latøyna (ikkje særskilt avgrensing som kulturlandskap) finst frodig gråor-heggeskog med høgstauder, og lågurtfuruskog med myske og sanikel. Lågurtfuruskog er ein viktig type i store deler av skoglia frå Holmeneset og Latøyna opp forbi Gossaplassen til Øvsthølmen. Det same gjeld deler av lia der stien går frå Djupdalsnausta til Djupdalen. Varmekjær berg- og rasmarksvegetasjon er stadvis viktig. Litt fosseenger finst ved elva nedunder Djupdalen (der stien kryssar), og dessutan truleg i bekkekløfta ved kommunegrensa til Stranda. I høgareliggjande deler, t.d. ved Øvsthølmen og oppover langs seterstien mot Holmesetra er det mykje høgstaudebjørkeskog.

**Kulturpåverknad:** Ein del hogst og beiting i tidlegare tider, no mykje hogstklass 5. Det er mange stader styva hengjebjørk til minne om lauvinga i tidlegare tider.

**Artsfunn:** Fleire funn av raudflangre 10.08.2001 på veg opp til Djupdalen, elles bergasal, breiflangre, krattslirekne, skogskolm (LQ 941 142). Ved Latøyna vart det notert m.a.: borre-art, breiflangre, grov nattfiol, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, krossved, kvitbladtistel, lundgrønaks, lundrapp, myske, olavsskjegg, ramslauk, raudknapp, sanikel, skogsvinerot, stankstorkenebb, storblåfjør, stortviblad, sumphaukeskjegg, svartburkne, svartertekapp, vill-lauk. I skogen ved Holmeneset vart det notert: lundgrønaks, lundrapp, morell, ramslauk, sanikel, svartor, trollurt. Det vart funne maurløver (rovinskett) ved Latøyna (LQ 9371 1610), og desse er truleg utbreidde i heile lia. Svartspett, tårfalk og vendehals er observert i området.

**Verdsetting:** Korsmo & Svalastog (1997) konkluderte med at lokaliteten er eit "lokalt verneverdig supplementsområde" i samband med verneplan for barskog. Folkestad & Bugge (1988) meinte verdien var regional. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større og variert område med dels interessant flora. I tillegg synest det pga. klimaet å ha potensiale for interessante sopp- og insektartar. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at ein høgg minst muleg i denne bratte skoglia.

## 13 Storfjorden: Djupdalen (slåtteeng)

Lokalitetsnummer:	1526-13
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 942 155
Høgd over havet:	350 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteenger
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	08.08.2001, JBJ & SH

### Områdeskildring

**Generelt:** Garda Djupdal ligg i ein hengedal på austsida av Storfjorden sør for Stordal. Sjøvegen opp frå naustet går langs berghamrane, over Djupdalselva, og vidare oppover berge der dei siste partia er såpass bratte og nifse at mange kvier seg for å gå der. Ein ser 200 meter lukt ned i fjorden. Dette er ein av dei nifaste naustvegane i heile Storfjorden, og det var umuleg å føra dyr opp denne vegen. Dyr måtte førast opp frå Holmeneset over Holmesetra og ned til garden eller over fjellet frå Liabygda. I etterkrigstida har ein dels køyrt opp sau med løypestreng til beite i Djupdalen.

**Vegetasjon:** Når ein følger stien opp frå elva inne i Djupdalen, kjem ein først til tuftene etter Gamlegarden. Her er framleis opne, attgroande enger med ein mosaikk mellom frisk fattigeng (G4) og meir nitrofil attgroingseng (G14) med stornesle, hundegras, bringebær og kveke. Rundt dagens bustadhús er det ei open eng (G4) som framleis vert slått, og som truleg ikkje har vore nemnande gjødsla i løpet av dei siste 100 åra. Dette er ei av dei mest artsrike og interessante slåtteengene i heile Storfjorden. Vegetasjonstypen kan klassifiserast som velutvikla frisk fattigeng av engkvein-gulakstype med mange naturengplanter, særleg var det uvanleg mykje kjertelaugnetrøst og knegras. Nedanfor fjøset var det sølvbunkeeng (G3). I området rundt vart det observert styva selje og bjørk. Omgjevnadene har elles dels lågurtskog med tresjikt av lauvtre og furu (B1).

**Kulturpåverknad:** Trass i vanskeleg sjøveg er dette en gammal gard som har vore busett og liggje aide i fleire periodar. Olderfar til Petter Djupedal (f. 1889) heitte Peder og budde på Gamlegarden. Sonen Halkjell bygde hus eit par hundre meter lenger opp, der huset framleis står (GPS-posisjon LQ 9415 1549), og dyrka opp rundt dei nye husa. Det vart dreve utslått i liene, og om vinteren vart det hogd mykje ved. Djupdalen vart fråflytta etter 1910, etter at brukaren hadde kjøpt Øvstholumen og flytta dit. I etterkrigstida har nærmeste innmarka rundt husa vore slått, i alle fall til 2001. Samstundes vart det og sett saueskit etter streifande sau.

**Artsfunn:** Slåtteenga rundt bustadhuset inneholdt ei rekke naturengplanter, m. a. blåklokke, blåkoll, bråtestorr, engfiol, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst (mengder), kvitmaure, raudknapp, småengkall og storblåfjør. Det vart vidare funne 7 vokssoppartar trass i det tidlege tidspunktet, av desse er det særleg grunn til å nemna den raudlista raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*, V=sårbar). Vidare vart det funne tre raudskivesoppar, m. a. den omsynskrevande (DC) arten *Entoloma exile*. Lokaliteten har heilt klart eit stort potensiale for mange fleira artar av beitemarkssopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei intakt slåtteeng med lang kontinuitet og truleg svært sparsam gjødsling, mange naturengplanter og vidare førekommst av fleire raudlisteartar av beitemarkssopp, dels i høgare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## 14 Storfjorden: Holmesetra (naturbeitemark)

Lokalitetsnummer:	1526-14
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 947 161
Høgd over havet:	620 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Naturbeitemark
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	08.08.2001, JBJ & SH

### Områdeskildring

**Generelt:** Holmesetra ligg høgt og fritt, 620 m over Storfjorden ovafor Djupdalen. Terrenget vender mot sør. Det går sti opp frå Holmeneset eller Stordalsholmen via Øvsthomen, og frå Djupdalen.

**Vegetasjon:** Setervollane er no i stor grad sølvbunkeeng (G3) med innslag av stornesle. Elles er det frisk fattigeng (G4) med engkvein og gulaks i kantane. Vidare skjer attgroing med blåbærlyng og oppslag av einer, bjørkebusker m.m. Det er også innslag av meir fuktig eng og overgangar til fattig myr (G12, K3). Omgjevande skog består av bjørk. Vollen er noko steinet.

**Kulturpåverknad:** Heile "Holmebygda" setra her, sju bruk hadde seter på det meste (Gosseplassen eller Ødegardsplassen, Jakobplassen, Nedstepplassen eller Martaplassen, Stordalsholmen eller Nedsteholmen, Latøyna, Djupdalen og Øvsthomen). Det kunne vera opp mot 140 geiter og nokre kyr. I dag er det noko fritidsbruk av husa i samband med jakt og fjellturar, elles er det streifbeiting med sau på markene. Tidlegare har her vore nytta litt naturgjødsel på vollen.

**Artsfunn:** Floristisk sett mindre interessant med unntak av heistorr, som er ei kystplante med innergrense i fjordstroka her. Av naturengplanter vart det funne m. a. blåklokke, bråtestorr og heiblåfjør.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit nokså ordinært artsutval.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også i framtida.

### **15 Storfjorden: Holmeneset (naturbeitemark)**

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-15
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 934 163-164
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.08.2001, SH & JBJ, 14.07.2004, SEB & JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Det avgrensa området er i hovudsak dei opne engene ved stranda og på strandberga.

**Vegetasjon:** Mest interessant er frisk fattigeng (G4) og tørre, grunnlendte berg med rik flora. Den tidlegare kulturmarka på Holmeneset er nokså attgrodd med nitrofile artar (G14). Førekomsten av desse har truleg sin bakgrunn i den mørkka som vart produsert rundt sommarfjøsa her. Elles har ein overgangar til høgstaudeskog, lågurtfuruskog og berg/rasmark. Nær stranda står det litt svartor.

**Kulturpåverknad:** Holmeneset ved Storfjorden er ein stad der det tidlegare var fleire husmannsplassar, seinare sommerfjøs, og er dermed ein del av "Holmebygda". Her var det tidvis to plassar som var busett på 1800-talet (kanskje også siste halvdel av 1700-talet, Sande 1989: 205, 222), og truleg fråflytt før 1900. Holmeneset var ein sentral plass i kommunikasjonane i Holmebygda. Her gjekk sti opp til fleire av plassane, til Øvsthomen og til Holmesetra, som var seter for heile bygda. Vidare måtte dyr som skulle til og frå Djupdalen ofte transporterast via Holmeneset og Holmesetra. Stordalsholmen hadde på 1900-talet sommarfjøs på Holmeneset, og når dei skulle sleppa ut kyrne om våren (til vanleg 4 kyr), vart dei rodd hit. Sauene vart også rodd hit (kjelder: Ansok 1973, Sande 1989, Ivar Holmen).

**Artsfunn:** Av planter vart det notert mange interessante artar i engene nær stranda: bakkeveronika, bitterbergknapp, eittårsknavel, gjeldkarve, grov nattfiol, hårvæve, knegras, kvitmaure, marinøkkel, raudknapp, smalkjempe, småsmelle, småstorkenebb, storblåfjør, sòlvture og vårskrinneblom.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det har vore eit artsrikt og verdifullt kulturlandskap som framleis har ein del uvanlege og kravfulle artar i dei opne partia langs stranda der det gror sakte att.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også framtida. Ein bør vurdera å opna opp litt av buskaset i nærområda til stranda, som og vert bruka ein del av båtfolk.

### **16 Storfjorden: Jakoplassen og Gossaplassen (Ytste og Inste Øggardsplassen) (kulturlandskap)**

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-16
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda

<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 935-936 165-167
<b>Høgd over havet:</b>	150-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, hagemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.08.2001, JBJ & SH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Gossaplassen (Inste Øggardsplassen) ligg omlag 200 m over fjorden i lia mellom Holmeneset og Øvstholmen. Gossaplassen var ein del av "Holmebygda", ei grend som var der turisten no kanskje berre ser aude fjordlier. "Holmebygda" ligg på austsida av Storfjorden sør for Stordalsvika, og omfatta busetnaden frå Stordalsholmen til Djupdalen. Jakobplassen ligg nedanfor Gossaplassen omlag 170 m over fjorden i lia mellom Holmeneset og Øvstholmen. Lettaste tilgjengen til desse plassane er sti opp frå Holmeneset.

*Vegetasjon:* Nedafor huset på Gossaplassen er det ei lita sølvbunkeeng (G3). Heile lia mellom Holmeneset og Øvstholmen synest å ha vore ei samanhengande slåtteli. Dei tidlegare slåttemarkene er no mest blandingsskog furu/lauv med ein undervegetasjon som ber bod om tidlegare kulturpåverknad, m. a. med ein del sølvbunke og andre gras inne i skogen. Ved husa er det framleis ein del rips- og solbærbusker, forutan nitrofile attgroingsenger (G14) med m.a. stornesle. Slåttemarkene på Jakopplassen er no kledde med relativt lysopen furuskog, undervegetasjonen var dominert av engkvein, gulaks, firkantperikum, kvitmaure og hundegras. Vegetasjonen kan betraktast som eit suksesjonsstadium på vegen frå opne engsamfunn (m.a. frisk fattigeng, G4) til lågurtfuruskog (B1).

*Kulturpåverknad:* Mellom 1910 og 1920 sette Petter Djupdal opp hus på Gossaplassen, som han hadde kjøpt i Latøyna og bore opp, for at foreldra hans som budde i Djupdalen kunne flytta dit. Gossaplassen er idag mest berre eit hus inne i skogen. Slåttemarkene er skogkledd. Jakobplassen er idag berre murar inne i skogen, GPS-posisjon LQ 9360 1659. Slåttemarkene er skogkledd med lågurtfuruskog.

*Artsfunn:* Av naturengplanter ved Gossaplassen kan nemnast blåklokke og raudknapp. I halvopne gamle slåtteenger langs stien ned mot Jakobsplassen fanst ein del grov nattfiol, brudespore og gjeldkarve. Det mest interessante ved Jakopplassen var eit par blomstrande individ og nokre rosettar av solblom ved ei rydningsrøys i ein lysopen plass i skogen i nærleiken, GPS-posisjon LQ 93627, 16633. Elles vart det notert raudflangre og furuvintergrøn, altså planter knytt til rike furuskogar. I halvopne gamle slåtteenger langs stien ned mot Jakobsplassen fanst ein del grov nattfiol, brudespore og gjeldkarve.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit kulturlandskap med hagemark og artsrike naturenger i kantane, som framleis synest å ha eit intakt artsutval trass i attgroinga, og førekost av regionalt uvanlege kulturmarksplanter, og m.a. ein liten (utdøyande) bestand av raudlistearten solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Området skulle ha vore beita.

## 17 Storfjorden: Øvstholmen (slåtteenger)

<b>Lokalisetsnummer:</b>	1526-17
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 938 169
<b>Høgd over havet:</b>	300-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Ansok (1973), 08.08.2001, JBJ & SH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Øvstholmen ligg omlag 280-320 m over fjorden i sørvestvendt li ovanfor Holmeneset. Øvstholmen var ein del av "Holmebygda", ei grend som reisande på fjorden kanskje kanskje ikkje får auge på fordi ein berre ser aude fjordlier. "Holmebygda" ligg på austsida av Storfjorden sør for Stordalsvika, og omfatta busetnaden frå Stordalsholmen til Djupdalen. Lettaste tilgjengen til Øvstholmen er sti opp frå Holmeneset, men det er også muleg å gå opp frå Stordalsholmen.

*Vegetasjon:* Innmarka er i dag i attgroing. Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng (G3), dels strandrøyrdominert attgroingseng (G14) nedanfor husa. Ute mot kantane finst innslag av meir artsrik frisk fattigeng av gulaks-engkvein-type (G4). I tørrare parti i nordkanten er det innslag av einerbakkar med relativt artsrike enger.

**Kulturpåverknad:** Øvsteholmen er truleg rydda før Svartedauden. Etter Svartedauden er garden nemnt første gong i 1606 (Sande 1989). Garden låg øyde rundt 1760 (Strøm 1766: 221). I 1864 var det 3,5 mål åker, 4 mål god eng og kring 60 mål "ringare eng". Husdyrhaldet kunne vera 7 storfe og 35 småfe. Bruket vart fråflytta rundt 1947. Kjelder: Strøm (1766), Ansok (1973), Sande (1989).

**Artsfunn:** Av naturengplanter kan nemnast blåklokke, blåkoll, brudespore, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe og storblåfjør.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng med fleire interessante planteartar, men som no er i ferd med å gro att.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør ideelt sett slåast eller beitast, elles vil dei fleste interessante artane i løpet av nokre år truleg forsvinna og verdien verta lågare.

## **18 Storfjorden: Stordalsholmen-Holmeneset (kalkskog m.m.)**

<b>Lokalisetsnummer:</b>	1526-18
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 935 170
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Edellauvskog, kalkskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.2004, SEB & JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Bratt, vestvend lauvskogli mellom Stordalsholmen og Holmeneset i Storfjorden. Det er både lågurtfuruskog, edellauvskog med hassel og berg og rasmark, og mange varmekrevande artar.

**Vegetasjon:** Hovudsakeleg furuskog med hengjebjørk og urterik undervegetasjon. Dels også edellauvskog med litt alm.

**Kulturpåverknad:** Truleg hogst og beiting i tidlegare tider. Det står framleis styva hengjebjørk til minne om tidlegare tiders strev med hausting av for til dyra.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast: bergasal, bergfrue, bergmynte, bergrøyrkvein, breiflangre, fingerstorr, hengjeaks, hårvæve, jonsokkoll, kransmynte, kratthumleblom, kvitbergknapp, kvitmaure, lintorskemunn, lundrapp, markjordbær, mjølbær, myske, prikkperikum, raudkjeks, revebjelle, sanikel, skogsalat, skogskolm, skogsvinerot, skogvikke, småsmelle, svarteknapp. Ein reknar med at området har potensiale for sjeldne og kravfulle soppartar og truleg og insektartar. Av insekt var det særleg interessant med funn av maurløve, som har ein god, men isolert bestand i Storfjorden og nordgrense i Sunndalsfjorden.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla og artsrik lokalitet med både lågurtfuruskog, edellauvskog og sørvendt berg og rasmark, og truleg potensiale for kravfulle raudlisteartar (ikkje undersøkt).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte og spreieing av innførte treslag. Det beste for naturverdiane er å unngå hogst.

## **19 Storfjorden: Stordalsholmen (slåtteeng)**

<b>Lokalisetsnummer:</b>	1526-19
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 933 176
<b>Høgd over havet:</b>	0-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.1962 (B. I. Grønningsæter), 07.08.2001, JBJ & LS

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Stordalsholmen ligg vakkert til ned mot sjøen på eit nes ved Stordalsvika i Storfjorden. Tilgjenge er med båt. Tidlegare, da fjorden var den viktigaste ferdselsåra, var dette ein sentral stad.

**Vegetasjon:** Fulldyrka eng vert slått og har eit vanleg artsinventar, noko nitrofil vegetasjon. Mest interessant var dei tørre engene og berga med artsrik vegetasjon (G7, F3), elles finst litt frisk fattigeng med mykje smalkjempe. Ivar Holmen meinat at attgroinga starta rundt 1970. Oppo ved sommarfjøset er det nitrofile attgroingsenger (G14) med m.a. hundegras og firkantperikum og oppslag av osp. Nedanfor sommarfjøset er det styva bjørk. Tuntreet er ei stor ask med fleire lavartar på stammen.

**Kulturpåverknad:** Stordalsholmen har vore gammal skyss-stasjon og mottakssted for laks og andre varer. Som gard kan han ha vorte rydda på 1600-talet, garden er første gong nemnt i 1666, da med berre 2 naut (Sande 1989). I 1873 vart holmen nedlagt som offentleg skyss-stasjon. I 1904 utgjorde jordbruk og fiske på nytt hovudnæringa. Buskapen var i 1835 4 kyr, 6 sau og 6 geit. I 1875 var det 5 kyr og 23 småfe (smale). I 1864 var det vidare 3 mål åker, 2 mål eng og 10 mål "ringare eng". Buskapen på 1900-talet besto gjerne av 3-4 kyr, okse, 30-40 geit og 5-6 sau. Kyrne og sauene vart om våren rodd i trerøring til Holmeneset der dei hadde sommarfjøs, medan geitene for opp Stigen. Stordalsholmen vart fråflytta i 1970. Staden er i dag sommabustad. Husa er verneverdige og restaurerte. Små potetåkrar finst framleis fleire stader ovafor garden. Rundt husa og på engane oppover neset var det i 2001 slått, dels med ljå. Det var ikkje spor av beiting. Kjelder: Ansok (1973), Sande (1989), Strøm (1766:222), Ivar Holmen pers. medd.

**Artsfunn:** I 1962 vart det notert mykje bakkesøte "på sudvendt turt bakkehell", denne vart ikkje attfunnen i 2001. På dei tørre engane og berga fanst i 2001 m. a. bitterbergnapp, bustnype, engtjæreblom, gjeldkarve, hårvæve, jonsokkoll, kattefot, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, olavsskjegg, småbergknapp, småengkall, småsmelle, småsyre, stemorsblom, storblåfjør og åkerminneblom. Det vart også funne brudespore. Tørrengene og berga er det floristisk mest interessante i kulturmarka.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det finst tørre enger og berg med eit interessant artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## 20 Storfjorden: Holmebugen (edellauvskog m.m.)

<b>Lokalisatsjonsnummer:</b>	1526-20 (naturbasen 1526-39-4)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 94 17
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Edellauvskog, gråor-heggeskog, bjørkeskog med høgstauder
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av innførte treslag
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fylkesmannen (1988), 14.07.2004, JBJ (kikkert)

#### Områdeskildring

**Generelt:** Bratt, nordvend lauvskogli vest for Stordal sentrum. Lauvskogdominert, med litt mosegrødd steinur og nakne berg ovanfor. Frodig lauvskog med dominans av bjørk, rogn, osp, selje, gråor og hegg. Spreidde førekommstar av alm og hengjebjørk, alm særleg oppunder hamrane.

**Vegetasjon:** Ein mosaikk av høgstaudebjørkeskog, storbregnebjørkeskog, gråor-heggeskog og litt gråor-almeskog.

**Kulturpåverknad:** Ein del hogst og beiting i tidlegare tider, platanlønn og ask er på innvandring. Noko planta gran i austenden.

**Artsfunn:** Ikkje undersøkt, men sett høgstaudesamfunn med teleskop.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein lokalitet som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og spreiing av innførte treslag som gran og platanløn.

## 21 Storfjorden: Nespllassen (slåtteeng)

<b>Lokalisatsjonsnummer:</b>	1526-21
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 9488-9503, 1858-1864
<b>Høgd over havet:</b>	5-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng

**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 26.06.2002, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Gammel eng på småbruket Nesplassen ovafor riksvegen vest for Stordal mot Dyrkorn. Lokaliteten ligg i ei sørvendt li og er omkransa av lauvskog. Gneis i berggrunnen.

**Vegetasjon:** Stort sett utformingar av frisk fattigeng (G4) i kantane, mest G14 (frisk, næringsrik gammeleng) i den meir intensivt drivne marka, innslag av G10 (hestehavreeng).

**Kulturpåverkanad:** Lokaliteten grensar til riksveg og busetnad. Fråflytta, husa er til forfalls, frukthage.

**Artsfunn:** Det kan nemnast funn av vårmarihand, grov nattfiol, blåklokke, prestekrage, blåkoll, nyresoleie, vårpungeurt og hårvæve.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er slåtteeng med fleire interessante planteartar, men som no er i ferd med å gro att.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør ideelt sett slåast eller beitast, elles vil dei fleste interessante artane i løpet av få år truleg forsvinna og verdien verta lågare.

## 22 Storfjorden: Nesplassen naturreservat (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-22 (naturbasen 1526-30-2)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 950 189 (midtpunkt)
<b>Høgd over havet:</b>	5-595 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog, gammal lauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av innførte treslag, hjortebeiting på ask (reservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.1967, R. Nordhagen, 21.08.1974 Korsmo (1975), A. Skogen krysslister 1966, 1972, 1981, Bugge (1993), 27.09.1998, DH, 24.04.1999, GGa, DH & KJG, 19.07.2002 og 27.09.2003, DH, div. besøk SEB, Fjeldstad (2004)

#### Områdeskildring

**Generelt:** Verna som naturreservat 27.06.2003. Lokaliteten er ei edellauvskogsli ovafor riksvegen vest for Stordal mot Dyrkorn. Lokaliteten ligg i ei sørvendt li på rasmark og er omkransa av storsteina ur og granplantefelt. Gneis i berggrunnen.

**Vegetasjon:** Ein del ask av mindre dimensjonar, som truleg har spreidd seg frå planta tre i Stordal sentrum. Innslag av osp, hassel, gråor, alm, hegg, søtkirsebær, spissløn, platanløn og dunbjørk. Både platanløn og spissløn er naturalisert frå planta tre i nærlieken (Korsmo 1975).

**Kulturpåverkanad:** Lokaliteten grensar til veg og busetnad i nedre delen og eit masseuttak i nord. Det er planta gran fleire stader i reservatet, og denne spreier seg no (sekundærspreiing). Fjeldstad (2004) skriv vidare: "Når det gjelder brukshistorie, så opplyste grunneier Jacob Sigurd Øie (pers. medd. 23.08.2004) at det tidligere var beite for geit, kalver og sau i området. Tre av bruka hadde geit, men dette opphørte for 50-60 år siden. Senere har det vært beite for sau inntil for 10-15 år siden. I dag er det ikke fast med beitedyr i området. Fra gammelt av har det og vært lauving av bjørk samt uttak av ved, bl.a. med løypestreng. Uttak av ved har de siste årene begrenset seg til de veggjære områdene i nedkant."

**Artsfunn:** Raudlistearten bergfaks (DC) er registrert av både Nordhagen og Korsmo, og vart attfunne eit par stader i 2002. Raudlista soppartar: *Ceriporiopsis aneirina* ospekjuke (DC), *Corticarius cinnabarinus* sinoberslørsopp (V), *Hydnellum concrescens* beltebrunpigg (DC), *Hygrocybe mucronella* bitter vokssopp (DC), *Hygrocybe persistens* spiss vokssopp (DC), *Lactarius citriolens* duftsvovelriske (R), *Porphyrellus porphyrosporus* falsk brunskrubb (DC). Elles er det funne 9 andre artar av fagervokssopp (*Hygrocybe*), mellom desse skarlagenvokssopp, og kystrustkjukje *Phellinus ferreus*. Interessante planteartar: fuglereir, lakrismjelt, stortviblad og vaniljerot. Planteartar elles: firblad, kjempesvingel, skogfaks, lundgrønaks, trollbær, vårkål, kratthumleblom, svarteknapp, sanikel, myske, storklokke, geittelg, fingerstorr, vårmarihand, jordnøtt, skogkarse, vivendel, lundrapp, skogvikke, villrips, nyresoleie, hundekveke, sumphaukeskjegg. S.E. Busengdal har tillegg funne: berberiss (i askeskog like utom/oppom innmarka), fagerklokke (tilfeldig i 2003, antropokor, i 20 m o.h. 150 m vest om innmarka), gullstjerne (i hasselkratt litt lengre vest), kantkonvall (ørliten lok. i 70-80 m o.h. oppom urda), kusymre (i glenne 20 m o.h. rett vestom fagerklokka), mellomtrollurt (i svartorskog 20 m aust om fagerklokka), skuggeborre (i vegkanten vest i lok. samt nær mellomtrollurta), taggbregne (i 20 m o.h. i hasselkratt litt vestom mellomtrollurta), vårteknapp (spreidd i same område som kantkonvall). Fjeldstad

(2004) nemner vidare breiflangre, nattfiol, kransmynte og bergmynte. S.E. Busengdal har funne fleire kravfulle moseartar. Ein del hakkemerker etter den raudlista kvitryggspetten (V) nord i lokaliteten, kor det m.a. er mykje osp. Han hekka i 2002 nokså nær reservatet i nabolokaliteten Seljeneset. Elles er det observert dvergspett (SEB). *Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av godt lokalklima med artsrike skogsamfunn og førekomst av raudlistearten bergfaks og ei rekke raudlista soppartar (dels i kategori V – sårbar). I tillegg kjem verdi som viltområde for raudlista fugleartar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Lokaliteten er verna som reservat, og er regulert av verneforskriftene. I tillegg vert det no laga ein skjøtselsplan (Fjeldstad 2004) som inneholder ulike forslag til tiltak, m.a. fjerning av gran og platanløn.

## **23 Storfjorden: Seljeneset (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-23 (naturbasen 1526-30-3)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS84):</b>	LQ 945 195
<b>Høgd over havet:</b>	10- ca 300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, kalkskog, gammal lauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Bugge & Folkestad (1988), 05.05, 20.05 og 14.07.2002, DH, 16.07.2002, DH & PL, 31.07.2003 (NBF-ekskursjon, G. Moen, K. Homble m.fl.), 18.09.2003 PL, Wenche Johansen, JBJ (ein del soppartar kontrollert/bestemt av Tor Erik Brandrud), 22.09.2003, PL & JBJ, div. besøk SEB

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sørvestekspontert lauv- og furuskogsli mellom naturreservatet Nesplassen og den nedlagde plassen Stammes. Gneis i berggrunnen.

*Vegetasjon:* Almeskog med innslag av gråor-heggeskog og ospeskog. Innslag av ask og hassel i tresjiktet. Stadvis kalkfuruskog. Interessant er ein del overrisla mark i samband med bekken som kjem ned noko nord for "Kjerringa" med mykje stortviblad.

*Kulturpåverkanad:* Riksveg i nedre delar. Stor spreying av platanløn.

*Artsfunn:* Raudlistearten bergfaks (DC) vart funne nokså rikeleg i 2002 (LQ 94536, 19335). Treslaget fagerroggn har her si nordgrense i Noreg, og er eit av dei sjeldnaste viltveksande treslagene i fylket. Tidlegare er fagerrogna i vårt fylke berre funnen i Norddal, medan den omsynskrevjande bergfaksen og er funnen i Aukra og Stranda. Det skal også finnast eit eksemplar av barlind i lokaliteten (kjelde: S.E. Busengdal). Elles bergmynte, breiflangre, fingerstorr, fuglereir, furuvintergrøn, kjempesvingel, kransmynte, kusymre (utpostlokalitet), lundgrønaks, myske, raudsildre, rognasal, sanikel, skogfaks, skogskolm, skogsvingel, stikkelsbær, stortviblad, svarteknapp, vaniljerot, villapal, vårttekapp og vårmarihand m.fl. S.E. Busengdal har i tillegg funne: dvergmispel (like utom Stordalstunnelen), kantkonvall (i knaus nær kusymreløkken), skuggeborre (i hasselskog fleire rosettar med typisk stilke/behåring), raudflangre (nokre eks. i 135 m o.h. i blanda furu-/ospeskog, eitt vart pressa), brudespore (i vegkanten like innom kusymreløkken), engtjøreblom (på berg ytst i området, spesielt nær gamletunnelen). Den raudlista kvitryggspetten (sårbar, V) vart funnen hekkande her i 2002 (DH), elles er det observert dvergspett (SEB). Raudlista soppar: *Clavicorona pyxidata* begeringersopp (DC), *Mycena renati* prydhette (R), *Amanita friabilis* orefluesopp (V), *Cantharellus melanoxeros* svartnande kantarell (V), *Corticarius mussivus* slank bananslørsopp (DC), *Corticarius praestans* kjempeslørsopp (E), *Entoloma euchroum* indigoraudskivesopp (R), *Entoloma exile* (DC), *Entoloma mougeotii* fiolett raudskivesopp (R), *Hydnellum concrescens* beltebrunpigg (DC), *Lactarius violascens* fiolettriske (R), *Lepiota fulvella* rustbrun parasollsopp (R), *Marasmius wynnei* gråande seigsopp (V), *Porphyrellus porphyrosporus* falsk brunskrubb (DC), *Pseudocraterellus undulatus* grå trompetsopp (DC), *Russula aurea* gullkremle (DC), *Russula coerulea* pukkelkremle (R). Andre interessante soppartar: *Entoloma incarnatofuscescens*, *Amanita umbrinolutea*, ruterørsopp *Boletus pascuus*, gul trompetkantarell *Cantharellus aurora*, eikeslørsopp *Corticarius balteatocumatilis*, raudskjelsslørsopp *Corticarius bolaris*, praktsslørsopp *Corticarius cumatilis*, raudnande slørsopp *Corticarius cyanites*, gul slørsopp *Corticarius delibutus*, galleslørsopp *Corticarius infractus*, lundslørsopp *Corticarius largus*, maisslørsopp *Corticarius olidus*, lillaflekka slørsopp *Corticarius porphyropus*, glansslørsopp *Corticarius renidens*, rustskjela slørsopp *Corticarius spilomeus*, blåkantslørsopp *Corticarius variecolor*, mørkfiolett slørsopp *Corticarius violaceus*, rosa sleipsopp *Gomphidius roseus*, lys haustmørkel *Helvella crispa*, loden begermørkel *Helvella macropus*, bjørkevokssopp *Hygrophorus melizeus*, *Lactarius flavidus* (ss. Korhonen), hasselriske *Lactarius pyrogalus*, kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa*,

mjølsneglehatt *Limacella glioderma*, sølvhette *Mycena polygramma*, beisk lærhatt *Panellus stypticus*, raudtuppsopp *Ramaria botrytis*, skarp røykkremle *Russula acrifolia*, furukremle *Russula cessans*, *Russula chloroides* var. *trachyspora*, broket kremle *Russula cyanoxantha*, smørkremle *Russula lutea*, kameleonkremle *Russula risigallina*, blodkremle *Russula sanguinea*, gulnende stankkremle *Russula subfoetens*, *Russula violacea*, dvergpiggsopp *Sistotrema confluens*, *Skeletocutis lenis*, kastanjemusserong *Tricholoma albobrunneum*, riddermusserong *Tricholoma auratum*, gulnande jordmusserong *Tricholoma sculpturatum*, svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*, grå jordmusserong *Tricholoma terreum*. Gudmund Moen & Kåre Homble og seinare S.E. Busengdal har funne fleire kravfulle moseartar.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av førekost av velutvikla hasselkratt og kalkfuruskog, i tillegg med mykje daud ved i ulike nedbrytingsfasar, moment som er svært viktige for det biologiske mangfaldet. I tillegg kjem verdi som viltområde for raudlista fuglearter. Med raudlisteartar innan fleire artsgrupper framstår området som ein "hot spot" i Stordal.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at denne skoglia ikkje vert hoggen eller tilplanta med gran.

### 24 Storfjorden: Stamnes (edellauvskog)

Lokalisetsnummer:	1526-24 (naturbasen 1526-30-4)
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 938-942, 197-206
Høgd over havet:	0-ca.300 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen (1988), naturbasen, 22.06.1988, JBJ & OAB, Bugge (1993), 23.09.2000, DH, 05.05 og 20.05.2002, DH

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lauvskogsli ovafor gamleriksvegen vest for Stordal mot Dyrkorn. Lokaliteten ligg nord for Seljeneset som han grensar til, i ei bratt vest-sørvestvendt li. I høve til Naturbasen vert grensa flytta til Stamnesodden. Gneis i berggrunnen.

**Vegetasjon:** Gråor dominerer i nedre deler og hengjebjørk høgare opp. Førekoststar av ask, osp og hassel, innslag av alm.

**Kulturpåverknad:** Ein gammal nedlagt plass som er i sterkt attgroatning. Nedlagt riksvegstrekning.

**Artsfunn:** Raudlistearten rustkjuke (*Phellinus ferruginosus*) (DC) er funnen her. Planter: lundgrønaks, kjempesvingel, myske, sanikel, vårmarihand, lundrapp, krattmjølke, breiflangre, vill-lauk, krossved.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla edellauvskog med fleire varmekrevande og interessante artar. Lokaliteten er likevel fattigare enn t.d. Seljeneset og Nespllassen.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at denne skoglia ikkje vert hoggen.

### 25 Storfjorden: under Stamnesbotn (edellauvskog)

Lokalisetsnummer:	1526-25 (naturbasen 1526-30-5)
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 939-942 210-213
Høgd over havet:	50-200 m
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	Rik edellauvskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Fylkesmannen (1988), naturbasen, 19.05.2003, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg nord for Stamneset, i ei bratt vestvendt li ovafor gamleriksvegen vest for Stordal mot Dyrkorn. Gneis i berggrunnen. Det er noko varmekjær vegetasjon, deriblant fleire edellauvskogstilknytta artar.

**Vegetasjon:** Liknar Stamneset, men med større innslag av alm. Relativt dårlig utvikla gråor-almeskog med noko hassel og spreidde almer oppunder berget, gråor-heggeskog, og overgangar mot kalkfattige bergflater og steinur. Platanlønn spreier seg.

**Kulturpåverknad:** Liten, nedlagt riksveg med rasoverbygg i nedkant.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast ask, bergfrue, breiflangre, brudespore, grov nattfiol, gulsildre, hengjeaks, kransmynte, kratthumleblom, krattmjølke, lundgrønak, myske, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, svartburkne, trollbær, trollurt,. Av fugl kan nemnast spettmeis og svartkvit flugesnappar.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med nokre varmekjære planter.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ingen spesielle ut over å unngå treslagskifte. Det beste for naturverdiane er at treslag som ask, alm og hassel ikkje vert utsett for hogst, eller at ein ikkje høgg i det heile.

## **26 Storfjorden: Smeneset (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-26 (naturbasen 1526-33-3)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 936 239
<b>Høgd over havet:</b>	20-ca.200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fylkesmannen (1988), naturbasen, 24.04.1999, DH, GGa, KJG, 28.07.2001, DH, Lars Inge Nakken, 08.09.2001, DH, (del av større lok. hos Holtan 2001), 19.05.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lauvkogsli ovafor og nedanfor gamleriksvegen vest for Dyrkorn, ligg sørøst for Bjørkeneset mot Dyrkorn, i ei bratt sørvestvendt li. Grensa for lokaliteten Bjørkeneset er flytta sørover i høve til Naturbasen, slik at han grensar til Smeneset. Gneis i berggrunnen.

**Vegetasjon:** Fleire mindre, men godt utvikla edellauvskogsbestand med alm og hassel. Den best utvikla einskildbestanden står i nordre del av lokaliteten. Innslag av osp, ask og hengjebjørk. Gråor i stranda.

**Kulturpåverknad:** Vegbygging i nedre deler. Noko oppdelt av granplantefelt.

**Artsfunn:** Raudlistearten kvit skogfrue (R – sjeldan) vart funne i nord i lokaliteten med 5 individ i 1998. Andre raudlisteartar: svartnande kantarell (*Cantharellus melanocephalus*) (V), hasselskrubb (*Leccinum pseudoscabrum*) (R), rustkjuke (*Phellinus ferruginosus*) (DC), grå trompetsopp (*Pseudocraterellus undulatus*) (DC) og rank korallsopp (*Ramaria stricta*) (R). Elles har raudlistearten orerørsopp (*Gyrodon lividus*) (R) eit dårlig stadfesta funn frå Dyrkorn. Det vart i 1999-2003 funne skogfaks, begerhagtorn, bergasal, bergmynte, dvergmispel, junkerbregne, kantkonvall, rognosal og lodden vaniljerot. Planter elles: svartereknapp, myske, lundgrønak, kratthumleblom, sanikel, lundrapp, gulskolm, grov nattfiol, ubestemt borre, stortviblad, krossved, brunrot, vill-lauk, fingerstorr, svartburkne, vårvirkinneblom, vårmarihand, skogvikke.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla rik edellauvskog med mange funn av raudlisteartar, m.a. mange soppar og kvit skogfrue. Dette er ein sjeldan og krevande orkidé med omlag 20 lokalitatar i fylket.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det beste for naturverdiane er at denne skoglia får vera mest muleg i fred.

## **27 Storfjorden: Bjørkeneset (edellauvskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-27 (naturbasen 1526-33-2)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 927 247 (midtpunkt)
<b>Høgd over havet:</b>	0-ca. 350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** Korsmo (1975), Bugge & Folkestad (1988), naturbasen, 22.06.1988, JBJ & OAB, 05.05.2002, DH, del av større lok. hos Holtan (2001), 22.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lauvskogsli ovafor og nedanfor gamleriksvegen vest for Dyrkorn, ligg inntil kommunegrensa mot Ørskog. Lokaliteten ligg nordvest for Smeneset, i ei bratt sørvestvendt li. Grensa for lokaliteten Bjørkeneset er flytta søraustover i høve til Naturbasen, slik at han grensar til Smeneset omlag ved aust-vest-koordinat 930. Gneis i berggrunnen. Korsmo sin lokalitet utgjer nordlege del av lokaliteten og er noko redusert av vegbygging. **Vegetasjon:** Almeskog med innslag av gråor-heggeskog. Innslag av osp og platanløn i tresiktet. Svartor i stranda

**Kulturpåverknad:** Vegbygging i nedre deler. Noko oppdelt av granplantefelt.

**Artsfunn:** Svartor i stranda. Elles bergmynte, blårapp, borre-art, breiflangre, brunrot, fagerperikum, filtkongsllys, fingerstorr, gjeldkarve, hengjeaks, jordnøtt, kjempesvingel, klengjemaure, kransmynte, kratthumleblom, krossved, kusymre, kvitbergknapp, kvitmaure, kystgrisøyre, liljekonvall, lintorskemunn, lundgrønaks, lundrapp, myske, mørkkongslys, olavsskjegg, ramslauk, rognasal, rosenrot, sanikel, skogfaks, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småbergknapp, småsmelle, storblåfjør, storfrytle, svartburkne, svartertekapp, taggbregne, trollbær, vill-lauk, vivendel, vårmarihand. Raudlista soppartar: *Pseudocraterellus undulatus* grå trompetsopp (DC), *Russula anthracina* kokskremle (R), *Russula grata* marsipankremle (R). Andre interessante soppartar: raudnande slørsopp *Cortinarius cyanites*, gul slørsopp *Cortinarius delibutus*, silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum*, loden begermorkel *Helvella macropus*, bjørkevokssopp *Hygrophorus melizeus*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, slimmorkel *Leotia lubrica*, rotgråhatt *Lyophyllum rancidum*, hol trådklubbessopp *Macrotyphula juncea*, *Oxyporus populinus*, besk lærhatt *Panellus stypticus*, vifterynkesopp *Plicaturopsis crista*, brokut kremle *Russula cyanoxantha*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*, + 5 Hygrocybe-arter.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla rik edellauvskog med rike kysthasselkratt, mange varmekjære planter og fleire funn av raudlista soppartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at denne skoglia ikkje vert hoggen.

## 28 Dyrkorn: Lia (slåtteeng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-28
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 939 236
<b>Høgd over havet:</b>	280-380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng, naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, JBJ & SH

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på nordsida av dalen vest for Ytstesætra. Det går grusveg heilt fram til garden, som er den vestlegaste på nordsida, med storslagen utsikt over Storfjorden.

**Vegetasjon:** Frisk fattigeng med einskilde basekrevande planter.

**Kulturpåverknad:** Dei avgrensa engene er slått med ljå til kanskje 1980, deretter beita av sau, dels som bekrebeite om sommaren.

**Artsfunn:** Mest interessant var førekomensten av ein god solblombestand med ca. 115 blomsterstenglar. Elles vart det funne grov nattfiol, brudespore, tусенfryd, aurikkelsvæve, hårvæve, harerug, smalkjempe, blåknapp, blåklokke, jonsokkoll, kvitbladtistel, tiriltunge, kystgrisøyre, kvitmaure, kjertelaugnetrøst, klokkevintergrøn, småengkall, heistorr, heiblåfjør, småbergknapp og engfiol.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er slåtteenger (no naturbeitemark med slåtteengpreg) med ein god solblombestand, og elles eit artsrikt og veriert kulturlandskap.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør slåast eller beitast også i framtida.

## 29 Dyrkorn: Ytstesæter (skogsbeite)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-29
--------------------------	---------

<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9415-9442, 2351-2381
<b>Høgd over havet:</b>	300-460 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, JBJ & SH

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på nordsida av dalen mellom Lia og Fremstesætra. Det går grusveg heilt fram til garden Ytstesæter. Lokaliteten er tidlegare slått og beita skog som ligg ovanfor dyrkamarka og langt oppover fjellsida. Vi undersøkte opp til ca. 460 m o.h., og området er særleg interessant pga. betydelege førekommstar av solblom, i høgda mest rosettars i ope lende.

*Vegetasjon:* Attgroande frisk fattigeng, med overgangar til bjørkeskog og gråorskog, litt intermediær til middelrik fastmattemyr i mosaikk med bjørkeskog i dei høgastliggjande delene av lokaliteten. Oseanisk preg med m.a. heistorr og heisiv.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått og beiting, no lågt beitetrykk, men intakte gjerde. Ifølgje John Indresæter hadde lokaliteten kyr til 1999, no sau. Lokaliteten har noko planta gran i nedre deler. Det står att solblom også inne i plantefeltet.

*Artsfunn:* Det vart funne få blomstrande solblom, men fleire hundre rosettars spreidd i heile det avgrensa området. Elles vart det notert kystgrisøyre, heiblåfjør, blåknapp, hårvæve, aurikkelsvæve, kystmyrklegg, kattefot, bekkestjerneblom, blåkoll, svarttopp, kvitmaure, bjønnbrodd, heistorr, loppestorr, breiull, heisiv, gulstorr, gulsvide, fjellstistel, storblåfjør.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er skogsbeite med bestandar av solblom og andre interessante planteartar. Ved god hevd kunne verdien vore sett høgare.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også i framtida.

## **30 Dyrkorn: Fremstesetra (skogsbeite)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-30
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 946-948, 233-234
<b>Høgd over havet:</b>	280-350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, JBJ & SH

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på nordsida av dalen mellom Øygarden og Ytstesætra. Det går grusveg heilt fram til garden. Lokaliteten er tidlegare slått og beita skog som ligg ovanfor dyrkamarka og eit stykke oppover fjellsida. Vi undersøkte opp til ca. 380 m o.h., og området er særleg interessant pga. betydelege førekommstar av solblom, mest rosettars.

*Vegetasjon:* Attgroande frisk fattigeng, med overgangar til bjørkeskog, litt intermediær til middelrik fastmattemyr i mosaikk med bjørkeskog i dei høgastliggjande delene av lokaliteten.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått og beiting. På innmarka har det ikkje vore slått på 2 år. Fleire granplantefelt, dels med restar av solblom.

*Artsfunn:* Det vart funne få blomstrande solblom, men fleire hundre rosettars spreidd i det avgrensa området. Detaljar: 10 blomsterstenglar MQ 9481 2338, hundrevis av rosettars MQ 9483-85 2335-38, over 100 rosettars MQ 9477-78, 2341-43, masse rosettars ved MQ 9473 2339, 1 blomsterstengel MQ 9473 2339, fleire stenglar i granfelt ved MQ 9468 2339, 1 blomstrande + rosettars ved MQ 9465 2337, 1 blomstrande ved MQ 9462 2335, 3 blomstrande ved MQ 9460 2335, og 2 blomstrande ved MQ 9460 2337. Elles vart det notert stortviblad, brudespore, bjønnbrodd, loppestorr, breiull, heiblåfjør.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er skogsbeite med bestandar av solblom og andre interessante planteartar. Ved god hevd kunne verdien vore sett høgare.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også i framtida.

## 31 Dyrkorn: Øygarden (skogsbeite)

Lokalitetsnummer:	1526-31
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 950-951, 234-237
Høgd over havet:	340-420 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Skogsbeite
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphør av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	27.06.2002, JBJ & SH

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på nordsida av dalen og er den austlegaste av alle brukna. Det går grusveg heilt fram til garden. Det avgrensa området ligg ovanfor dyrkamarka og langt oppover fjellsida. Vi undersøkte opp til ca. 420 m o.h., og området er særleg interessant pga. betydelege førekomstar av solblom, i høgda mest rosettar i ope lende.

*Vegetasjon:* Beita, lysopen, gras/urterik bjørkeskog, og intermediær, hellande fastmattemyr.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsveg går gjennom området. Myrene og skogen er truleg slått for lang tid sidan, og beita fram til vår tid.

*Artsfunn:* Det vart funne få blomstrande solblom, men fleire hundre rosettar spreidd i heile det avgrensa området. Detaljar: 1 blomsterstengel + mange rosettar MQ 9500 2341, fleire rosettar MQ 9503 2363, 1 blomstrande MQ 9503 2365, 2 blomstrande MQ 9505 2369, nokre rosettar MQ 9509 2367, 1 blomstrande MQ 9513 2346. Elles vart det notert bjønnbrodd, heisiv, fagerperikum, blåknapp, heiblåfjør, myraugnetrøst og kattefot.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er skogsbeite med bestandar av solblom. Ved god hevd kunne verdien vore sett høgare.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

## 32 Dyrkorn: Indreseter (slåtteenger)

Lokalitetsnummer:	1526-32
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 943 223
Høgd over havet:	200-300 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteeng
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Opphør av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	27.06.2002, JBJ & SH, 10.09.2002, 06.09.2004, JBJ, 14.09.2004, M.E.Noordeloos, Gro Gulden & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i øvre del av Dyrkornbygda, på sørsida av dalen. Det går grusveg heilt fram til garden. Det er no to bruk på Indresetra, men berre br. nr. 1 Josetra har busettnad. Br. nr. 3 Midtgard er fråflytt (1976), men jorda vert slått av br. nr. 1.

*Vegetasjon:* I slåtteengene ovafor husa mest frisk fattigeng (G4) og mindre parti med finnskjeggeng (G5). Desse har tidlegare vore litt gjødsla med kunstgjødsel for hand, men ikkje etter 1996. Midtgard har ikkje vore gjødsla etter 1976. Elles fulldyrka mark som framleis vert noko gjødsla.

*Kulturpåverknad:* Slåtteengene har vår- og haustbeite med sau, og slått ein gong utpå sommaren.

*Artsfunn:* Artsrike og interessante slåtteenger, med m. a. raudlistearane solblom (få planter ved LQ 94355 22335) og kvitkurle (få planter same stad). Om hausten vart det funn tinnvokssopp *Hygrocybe canescens* i ljåslåttemarka ovafor gardsvegen ca. 50 m nord for husa. Dette er ein raudlisteart i kategori E-direkte truga, og det er 3. funn i Noreg. Elles vart det funne brudespole, nattfiol, grov nattfiol, skogmarihand, prestekrage, småengkall, harerug, blåklokke, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, hårsvæve, kvitbladtistel, bråtestorr, kystgrisøyre, sumpmaure, kattefot. Det er elles funne 7-8 andre beitemarkssopp, m.a. *Entoloma fuscotomentosum*.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er slåtteenger med fleire raudlisteartar, dels i høg kategori. Dette er blant dei biologisk sett mest interessante slåtteengene i fjorden. Det er truleg eit stort potensiale for beitemarkssopp, men det hadde vore for tørt.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør slåast også i framtida.

### **33 Dyrkornfjellet: Gjerdstølen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-33
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 966 232
<b>Høgd over havet:</b>	280 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997)

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er ein setervoll 280 meter over havet om lag 3 kilometer aust for Dyrkorn. Her har setra Gjerde, Dyrkorn Nedre, Fremstesetra og Ødegård til ut på 1950-talet.

**Vegetasjon:** Vollen består for det meste av artsattig sølvbunkeeng, men i austlege delen er det utmagrande parti med finnskjegg. Eit mindre område er inngjerda og veks att. Området rundt har bjørkeskog og myrer.

#### **Kulturpåverknad:**

**Artsfunn:** Det vart funne 54 stort sett vanlege planteartar, av desse 12 naturengplanter og 2 seterplanter. Mellom desse var aurikkelsvæve, gulsildre og trefingerurt. Det vart funne 3 artar av beitemarkssopp og 9 andre soppartar. På grunn av frost i tida før besøket var det heller ikkje venta å finna meir sopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit trivielt artsutval som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at vollen vert beita også i framtida.

### **34 Dyrkornfjellet: Trollhaugen (myr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-34
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 963 235
<b>Høgd over havet:</b>	320-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Drenering o.a. fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.06.2002, DH

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er ein myr om lag 500 m nordvest for Gjerdsstølen på Dyrkornfjellet.

**Vegetasjon:** Myra har i hovudsak bjørnskjegg- og blåtoppenger med innslag av rikare vegetasjon i hellingane.

**Kulturpåverknad:** Ingen synleg, men her gjekk nokre sauere på beite.

**Artsfunn:** Det vart funne 40 planteartar, dei fleste vanlege og vidt utbreidde. Artar knytte til intermediær til rik myr er slike som bjørnnbrodd, breiull, dvergjamne, gulsildre, nykkesiv, småsivaks, svettull og svarttopp. Det vart også funne sivblom i blaut myr.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre rikmyrområde med somme interessante planter. Nykkesiv har ei viss plantogeografisk interesse.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ingen spesielle, men myra bør ikkje utsettast for tekniske inngrep.

### **35 Dyrkornfjellet: Vikastølen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-35
--------------------------	---------

<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 957 220
<b>Høgd over havet:</b>	390 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.2001, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Vikastølen ligg 390 m over havet ved Dyrkornvatnet, like vest for utløpsosen, og det går bilveg heilt fram, opp fra Dyrkorn. Her setra Indresæter og Flåna til ut på 1950-talet.

**Vegetasjon:** Dei udyrka eller overflededyrka partia utanom den fulldyrka slåtteenga besto av finnskjeggeng (G5), frisk fattigeng (G4) og litt sølvbunkeeng (G3). I tillegg fanst blåbærvegetasjon dels med einer og dels med oppslag av bjørk.

**Kulturpåverknad:** Vikastølen har framleis inngjerda enger som vert slått og tørka (flathøy, hesjer). Desse engene er fulldyrka, og truleg gjødsla. I landskapet rundt finst udyrka mark som vert beita av streifande sau.

**Artsfunn:** Stølen var artsfattig. Det vart notert aurikkelsvæve, blåklokke, blåkoll, bråtestorr, dvergjamne, harerug, heiblåfjør, kattefot, kjertelaugnestrøst, kystmaure og trefingerurt.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit trivielt artsutval som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

## 36 Dyrkornfjellet: Memorgoshornet, vestsida og topp-platået (fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-36
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	LQ 973-978 208-225
<b>Høgd over havet:</b>	400-880 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08. og 03.12.2003, 12.06, 19.06, 06.07 og 21.08.2004 SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Vestvend fjellsida som ned mot Dyrkornvatnet er prega av myr, høgare oppe fjellbjørkeskog og tre aust/vestgående dalsøkk med rikare grunn. Over skoggrensa nord om toppen av Memorgoshornet flatt platå med smale glimmerskifersoner men mest hard, kalkfattig gneis. Ingen blokkmarker av betydning. I Ørnedalen sør om hovudtoppen kalkrike skrentar på glimmerskifergrunn både under og over skoggrensa.

**Vegetasjon:** Lågast nede hovudsakleg fattigmyr og artsfattig fjellbjørkeskog av blåbærtypen, men nær Egga rikt område med m.a. vårmarihand. Fleire bekkegjøl i bjørkebeltet har kravfull, dels kystprega moseflora. Fleire rikkjelder og rikmyrfragment nær skoggrensa, dei beste nord om hovudtoppen. Oppe på platået hovudsakleg rabbar med artsfattige grepelyngsamfunn, ofte med krypande røsslyng, og i lesider blåbær/blålyngsamfunn. I søkk fattige snøleier av smyle/finnskjegg og dels stivstorrtypen. I tillegg fleire rikflekkar med m.a. gullmyrklegg og dels med kvitkurle.

**Kulturpåverknad:** Sauar beitar i heile vestsida

**Artsfunn:** Av nøyssame kystplanter veks kystmaure og lyssiv berre nær Dyrkornvatnet, medan storfrytle, heisiv og storbjørnskjegg når opp til 600 m, og klokkeling og rome til 770 m. Den kravfulle kystplanta vårmarihand vart funnen i 620 m høgde, saman med m.a. fjellfrøstjerne, taggbregne, flekkmure og hengeaks. Dette funnet er 20 m høgare enn norsk høgderekord i følgje "Lid og Lid 1994". Det er funne fleire kystmosar og basekrevande moseartar. Av karplanter finn ein på desse stadene m.a. bjønnbrodd, blåknapp, brudespore, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, harerug, jonsokkoll, kåblom, kastanjesiv, klubbestorr, lauvtistel, raudsildre, slirestorr, småengkall, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne og trillingsiv. Medan gullmyrklegg veks heilt ned til 400 m i vestsida av Storlihornet, må ein godt over 600 m i denne kytnære vestsida for å finne planta. Og medan andre høgstauder finst rikeleg i rasmarker, vant ar tyrihjelmen heilt. Oppe på platået og i nordsida av fjellet finn ein ei rekke førekommstar av gullmyrklegg som her verkar mindre kravfull til næringa i grunnen. Det verkar som om planta gjennom mange tusen års tilpassing her

nær kysten kan nyttiggjere seg langt mindre mengder kalk i grunnen enn t.d. på Hardangervidda og andre sentrale fjellstrok i Sør-Noreg. Langs skiferlaget oppe på platået veks raudlistearten kvitkurle fleire stader, dels saman med grønkurle. To nøyssame fjellplanter har si vestgrense i Stordalsfjella oppe på dette platået, nemleg bleikmyrklegg, som veks all stad, samt rabbeplanta fjellpryd, som veks fåtalig på ei nordvend hylle nær nordkanten av platået. Fjellpryd er ikkje funnen andre stader på Memorgoshornet. Detaljkartlegging av førekommstane av fjellpryd i dei vestlegaste toppane i Stordalsfjella syner at denne hardføre rabbeplanta så langt vest berre veks nordvendt, gjerne i bratte berg eller på stupkantar nesten hengande etter røtene. Fjellpryd vert sagt å ha si vestgrense i Skandinavia i Stordal og denne vesle flekken nördst på Memorgoshornet er pr. dato vestgrense for arten. Oppe på platået hekkar m.a. snøspory, heilo og steinskvett og nede i hamrane ringtrast og bergirisk.

**Verdsetting:** Vestsida av Memorgoshornet har ein interessant kombinasjon av kyst- og fjellplanter og vert verdsett til B (viktig) som kalkrike område i fjellet.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 37 Dyrkornfjellet: Varden: Ved austsida av Stamnesvatnet (olivinknaus/rik fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1526-37
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM:	LQ 956 208
Høgd over havet:	660-720 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Ingen
Undersøkt/kjelder:	03.08.2003, 17.06.2004 og 28.09.2004, SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Øvst/lengst nord i området fjellbjørkekratt samt ein liten olivinknaus. Lengre sør i dalsøkket ned mot austsida av vatnet forholdsvis flat fjelleng på 4-5 mål på kalkrik grunn. Denne vert i sør avgrensa av ei oppkome og ein bekk.

**Vegetasjon:** Skoggrensa ligg i området oppe på 760 m og nesten hit opp når også kystplantene storfrytle, rome og revebjelle. Kring olivinførekosten finn ein typisk serpentinflora men også einskilde kalkrevande artar på grunn av innverknad av sigevatn frå ei oppomliggjande kalkførande glimmerskiferåre, som også er det geologiske grunnlaget for den rike fjellfloraen nede i sokket. I dalsøkket finn ein nærmest vatnet rishei av dvergbjørktype med kravfulle arter i botn og høgare oppe ei rik fjellblomeeng. Oppkoma har karbonatrikt vatn og dannar ei rik kjeldeeng langs bekken nedover. Lengst mot sørvest finn ein også ei artsfattig blankstorrmyr i eit nordvendt noko snøleieprega område.

**Kulturpåverkanad:** Lett beita av sau.

**Artsfunn:** Mest interessant er ein rik førekost av fjellfiol, som verkar langt meir kravfull her vest enn lengre aust i den norske fjellheimen. Planta er sjeldan i Stordalsfjella og er elles knapt funne så langt vest i Sunnmørsalpane. Mot aust dukkar ho opp att på Øverøystolen (Vold 1953) og i sørstida av Ådalstind. På området veks også fjellfiolen på oliven og det er rimeleg å anta at fjellplanta kan ha overlevt på oliven her på Varden i varmetida etter siste istid då skoggrensa gjekk 300 m høgare enn no og mange fjellplanter vart heilt utkonkurrert såpass nær kysten. Like interessant er eit funn av den varmekjære, kravfulle orkidéen breiflange i 700 m høgde, ny norsk høgderekord for planta, jf. "Lid og Lid 1994". Saman med den høgtliggjande førekosten av kystplanter og av varmekjære planter i kalkfuruskog opp til 400 m i sørvestsida fortel dette om eit mildt, utprega kystklima sjølv her nær toppen av Varden si vestside. Til og med den kravfulle fjellplanta gullmyrklegg vant, vanleg som ho er heilt vest til nordaustsida av Varden ein halv km unna. Ein førekost i dalsøkket av m.a. blankstorr, fjellstorr og sotstorr gir mistanke om at desse godt kan trivast også vest i Sunnmørsalpane. Elles er m.a. funne blåkoll, blåknapp, bjønnbrodd, dvergjamne, fjellarve, fjellfrøstjerne, fjellmelle, grønbukne, grønkurle, gulsildre, harerug, jåblom, kattefot, kvitmaure, rukkevier, småengkall, snøbakkestjerne, taggbregne, gulstorr, hårstorr, klubbestorr, slirestorr, slåttestorr og trillingsiv. Av mosar m.a. kammose *Ctenidium molluscum*, myrstjernemose *Campylium stellatum*, rødmesigmose *Blindia acuta* og putevrimose *Tortella tortuosa*. Av fuglar er i skog og på hei på Varden m.a. observert bergirisk, orrfugl, havørn, heipiplerke, kongeørn, lirype, ringdue, ringtrast og steinskvett. Dessutan hare på ein rabb og spor/ekskrement av hjort lågare nede i vestsida.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) sidan det er ein utpostlokalitet mot vest for fleire kravfulle fjellplanter, og med ein interessant kombinasjon av olivinflora og kalkflora.

**Skjøtsel og omsyn**  
Ingen spesielle.

## 38 Dyrkornfjellet: Varden/Egga (olivinførekomstar/reinrosehei/rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-38
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	LQ 955 207
<b>Høgd over havet:</b>	480-735 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.05, 09.06 og 12.12.2003 samt 06.06, 08.06, 12.08, 16.09 og 28.09.2004 SEB

### Områdeskildring

**Generelt:** Nordaustvendt fjellsida innanfor Stordalsfjella sitt Surnadekkfelt med fleire olivinlinser og like oppom/sørom olivinstrøket eit belte med kalkførande glimmerskifer. På grunn av tilsig av karbonatrikt vatn frå det kalkførande feltet har to av olivinknausane ein sjeldan kombinasjon av kravfulle fjellplanter.

**Vegetasjon:** Ein olivinknaus i 480 m h avgrensar feltet mot nordaust og vidare oppover/vestetter finst ein mosaikk av fattige og mellomrike fastmattemyrar i fjellbjørkesona. I sida vest/oppom to olivinknausar på Egga finn ein eit par små ekstremrike fastmattemyrar, nokre rikkjelder av gulsildretypen og to større felt med kystprega reinrosehei oppover til 735 m h, små flekkar reinrose- moserabb og større areal med nokså fuktig skrentpreg som sterkt nærmar seg rikmyr. Dessutan har nordsida av olivinknausane ein uvanleg rik kravfull fjellflora. På myrar i fjellbjørkesona dominerer bjønnbrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne og gullmyrklegg, gulsildre samt middels kravfulle mosar.

**Kulturpåverkanad:** Området er prega av lett beiting av sau, men med den obligate større slitasjen på vegetasjonen kring olivinførekomstane. Enkelte smågraner i lia synest sjølvplanta.

**Artsfunn:** Mest interessant er eit funn av den raudlista brunburkna, som veks fåtalig i 640 m o.h. og berre i den strikt sørsvende, solvermde delen av den første olivinknausen ein møter på Egga. Tidlegare er brunburkne på olivinstein på Sunnmøre funnen til 500 m o.h. i sørssider (jfr Bjørlykke 1938), og funnet frå Varden kan vere det høgaste til no i Noreg. I den nedste olivinknausen veks ein hybrid mellom grønbukne og olavsskjegg *Asplenium viride x septentrionale*. Denne vert ikkje nemnt i "Lid og Lid 1994" og framstår som sær sjeldan. Elles veks på denne knausen m.a. vanlege serpentin-/olivinplanter som fjellsmelle, grønbukne, serpentinsyre og ullanurve, samt på nordvende hyller kalkrevjande fjellplanter som dvergjamne, fjellfrøstjerne gulsildre, gulstorr, harerug, jáblom, lauvstiel, raudsildre, slirestorr og svartstorr. Nabo-olivinknausen mot vest er nordvend, og vantar difor brunburkne men har i staden (i tillegg til dei før nemnde serpentinplantene og kravfulle plantene) også kalkrevjande arter som fjellfiol, flekkmure, fjellstorr, gullmyrklegg, hårstorr, reinrose, rukkevier, snøbakkestjerne og sotstorr. I reinroseheia her er det få kravfulle mosar, hovudsakleg putevrimose og rødmesigmose. Det særprega og uvante er å finne ein så rik kravfull fjellflora på hyller og i grus av olivin, som er kjend for å vere sær giftig for denne gruppa fjellplanter. Årsaka synest utvilsamt å vere at karbonatrikt sigevatn vert tilført olivingrusen gjennom djupe sprekker i olivenin frå eit kalkførande skiferlag bakom og oppom olivinførekomsten, med det resultat at kalken kan nøytralisere noko av giftverknaden frå tungmetalla. For fleire av artene, m.a. fjellfiol, reinrose, fjellstorr, sotstorr og gullmyrklegg kan ein anta at denne særprega olivinknausen har verka som eit siste refugium for utsydningstruga fjellplanter så langt vest mot kysten gjennom den postglaciale varmetida 8000-9500 år før notid, då skogen nådde 300 m høgare enn no og difor kledde heilt opp låge, kystnære toppar som Varden og på skifergrunnen må ha utkonkurrert den lyselskande fjellfloraen heilt og fullt. I glimmerskifersona sør/oppom olivinknausane finn ein ei forholdsvis rik reinrosehei med innslag av alle dei førnemnde kalkplantene fordelt på tuer og i sokk i terrenget avhengig av den einskilde planta sin økologi. Også på denne sida av Varden veks fjellfiolen i betydelege mengder, men berre på den beste grunnen. Ein finn i tillegg bergstorr, brudespore, grønkurle, kystplanta loppestorr og marinøkkel i reinroseheia. Av desse veks bergstorr berre på ei lita tørrare hylle, ein typisk vestleg utpostlokalitet. Det er funne fleire basekrevande moseartar. I rikmyr og rike sig veks gullmyrklegg nokså rikeleg heilt opp mot kanten av austsida, gjerne saman med gulstorr, hårstorr, kastanjesiv, klubbestorr, trillingsiv, småsivaks og sotstorr. Der er eit kjent hjortetrekk over Egga noko lengre aust.

**Verdsetting:** Utan tvil A (svært viktig) sidan det er veksestad for den raudlista brunburkna og i tillegg har ein sjeldan kombinasjon av serpentin-/olivinplanter og kravfulle fjellplanter, som fleire har ein vestleg utpost her i nordaustsida av Varden.

### **Skjøtsel og omsyn**

Truleg burde området kring olivinknausane ha fått vernestatus. Moderat sauebeiting tolest, men på oliven-serpentin kan likevel for høgt beitepress gi langvarige slitasjeskadar på sårbar vegetasjon.

## **39 Dyrkornfjellet: Varden: austsida (rasmark/fjellvegetasjon)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-39
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	LQ 954 217
<b>Høgd over havet:</b>	500-570 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen openberre
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2004, SEB

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ei bratt rasmark som øvst møter bergfoten, der nokre hyller og sig i bratte ufser lett let seg undersøke. Bjørkeskoggrensa går anslagsvis 100 m høgare enn lokaliteten. Geologisk er denne karakterisert av skifrig glimmergneis mellom dei to amfibolittstrøka i Surnadekket gjennom Varden.

*Vegetasjon:* Lengst nede artsrik høgstaudeeng, under bergfoten fragment av rikmyr, på hyller og sva rikare fjellflora.

*Kulturpåverkanad:* Området er beitt av sau og dette er gunstig for å hindre attgroing. Stadige snøras hindrar i tillegg attgroing med skog.

*Artsfunn:* Høgstaudeenga verkar alt på avstand dominert av mjødurt, som er meir kravfull enn mange andre høgstauder. Også kvann veks rikeleg av same grunn. Elles finn ein turt, firkantperikum, kvitbladtistel, kvitsoleie, ormetelg og fjellburkne. Ein merkjer seg at tyrihjelm heilt vantar i heilefeltet, og sjølv om planta er funnen på lågare nivå i sørssida av Varden (jfr Skogen 1989) kan ein få mistanke om at tyrihjelm som subalpin fjellplante har nådd si vestgrense på denne sida av Storfjorden lengre aust i Stordalsfjella. Nærare bergfoten veks også enghumleblom, kvitmaure, myrsnelle og småengkall. På rikare hyller og sva finn ein rikeleg med gullmyrklegg på fleire stader, og det er utifrå utbreiinga m.a. på Varden heilt tydeleg at planta her ved si vestgrense i Stordalsfjella/Skandinavia føretrekkjer kaldare nord-/austsider der snøen ligg lengre og varmesummen gjennom vekstsesongen er lågare enn i sør-/vestsider, eit mønster ein finn att for ei rekke fjellplanter med heilt ulik økologi lengre aust i fjellheimen vår. Saman med denne veks kravfulle arter som bjønnbrodd, blåknapp, fjellfrøstjerne, jåblom, grønkurle, gulsildre, gulstorr, harerug, hestehov, hårstorr, kastanjesiv, lauvtistel, raudsildre, småsivaks, slirestorr, sotstorr, svarttopp, tranestorr og trillingsiv. Særskilt kastanjesiv er overraskande talrik på lokalitetten (og elles på Varden) og verkar ikkje så kravfull så langt vest som m.a. i Kleivabotn. Den raudlista solblomen veks på ei tørr hylle nær nokre brudesporer.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av arts mangfaldet og funksjonen som utpostlokalitet mot vest for fleire plantogeografisk interessante kravfulle fjellplanter.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør avgjort framleis beitast av sau.

## **40 Dyrkornfjellet: Memorgoshornet si austside (fjellvegetasjon)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-40
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	LQ 981 219
<b>Høgd over havet:</b>	725 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.07.2003, 12.06 og 14.09.2004, SEB

### **Områdeskildring**

*Generelt:* To kalkrike glimmerskiferknausar i rasmark i bratt austvend li under ei stupbratt fjellsida. Litt fjellbjørk her og der. Den ruvande Svartevassegga i sør skuggar noko for middagssola i delar av vekstsesongen.

**Vegetasjon:** Lite rikområde med reinrosehei og eit fuktig rikare sig. Elles i lia dels rikare høgstaudeenger, eit par rike sva oppunder bergfoten med m.a grønkurle og gullmyrklegg, ein olivinknart med grønbukne, og elles ein artsfattig vegetasjon, der fleirtalet av kystplanter og alle kystmosane frå vestsida av Memorgoshornet vantar.

**Kulturpåverknad:** Området vert beitt av sau.

**Artsfunn:** Mest interessant er labbmose *Rhytidium rugosum*, som her saman med reinrose veks uvant fuktig fleire stader. Labbmosen synest å ha ein utpostlokalitet mot vest i Stordalsfjella i denne austvende, litt avsolte sida og er lengre aust i landet kjend for å vekse nokså tørt på rike rabbar saman med m.a. reinrose. Andre kravfulle planter på lokaliteten er bergstorr, bjønnbrodd, blåknapp, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hårstorr, jáblom, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, slirestorr, småengkall, snøbakkestjerne, svartstorr, svarttopp og tågebær. Og av vanlege arter i fjelleng m.a. engsoleie, firkantperikum, kattefot og skogstorknebb. Det er funne mange kravfulle moseartar.

**Verdsetting:** Lokaliteten har betydning som eit fragment i ein aust-vestgradient av reinrosehei/kravfull fjellflora i Stordalsfjella sitt kambrosilurområde, og vert difor verdsett til B (viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 41 Dyrkornfjellet: heimste Skorkja (fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1526-41
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	LQ 994 220
Høgd over havet:	700-1323 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	25.07, 27.07, 01.08 og 04.08.2002, DH

#### Områdeskildring

**Generelt:** Vestvendt rasmark og berg under fjellet heimste Skorkja (Sandfjellet) aust for Dyrkorn. Med ei høgd på 1323 m o.h. er dette det vestlegaste fjellet i Stordal som har utprega alpin vegetasjon. Floraen står ikkje tilbake for det som er funne lenger aust i Stordal og i Ørskog.

**Vegetasjon:** Vekslande vegetasjon, frå ganske fattige blokkmarker med hestespreng og rabbesiv til rike berg, overheng og fuktig med til dels interessant og kalkrevande fjellflora. Dei rike førekostane har samanheng med næringsrik berggrunn (m.a. glimmerskifer).

**Kulturpåverknad:** Ein gammal steingard sør i lokaliteten. Ein del sauer vart observert beitande i 2002.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av raudlistearten solblom (DC-omsynskrevande), som her veks i rasmark i om lag 970 m høgd (ny norsk høgderekord, jfr. Lid & Lid 1994), og den raudlista kvitkurla (DC-omsynskrevande). Elles ein del kalkrevande fjellplanter: bjønnbrodd, bleikvier, brudespore, dvergjamne, gulsildre, gulstorr, hårstorr, fjellfrøstjerne, fjellstorr, fjelltistel, flekkmure, gullmyrklegg (ny vestgrense), jáblom, kastanjesiv, raudsildre, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tranestorr og trillingsiv. Særleg talrike er fjellfrøstjerne og gullmyrklegg, som veks over det meste av lia ned til om lag 650 m o.h. og sør til bekken som kjem ned frå nokre snøbrear.

**Verdsetting:** Ein så rik fjellflora er sjeldan så langt vest, og området inneholder samstundes somme regionalt sjeldne artar. Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er veksestad for raudlisteartane kvitkurle og solblom og ein del kalkrevande fjellplanter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle. Det er likevel ein føremon for ein del naturengplanter om beitinga kan oppretthaldast.

## 42 Dyrkornfjellet: Heimste Skorkja/Sandfjellet (fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1526-42
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM:	LQ 988-994, 222-232
Høgd over havet:	600-1100 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Ingen openberre

**Undersøkt/kjelder:** 24.09.2001, 22.05.02002, 18.05, 22.06. 29.06, 04.07, 08.08 og 19.08.2004, SEB

### Områdeskildring

**Generelt:** Frå austbreidda av Svartevatnet vel midtvegs inne ved vatnet vert det aktuelle området avgrensa av ei nordaustgåande tenkt line som kryssar fjellplataet 2-300 m sør om den varda 1100 m-toppen og omfattar vessida av fjellet nord om denne lina. Området fortsett inn i Ørskog kommune på nordaustsida av fjellet (sjå eigen lokalitet i Ørskog-rapporten). Lokaliteten vert verdsett som ein heilskap, sjølv om dei mest verdfulle delene ligg i Ørskog.

**Vegetasjon:** På nokså fattige myrar nær Svartevatnet er det fleire bestandar av gullmyrklegg saman med nøy same kystarter som rome, klokkeling og heisiv og ved osen ein større bestand av skavgras. Opp i berga i 750-900 m o.h. på skifergrunn er det litt rikare fjellflora både sør og nord om 1100-m toppen, dels i form av rikare bergskrentvegetasjon med noko rikmyrpreg, dels som rikkjelder. Elles høgstaudeenger i rasmarkene, men hovudsakleg fattig lynghei og med nokre bestandar av fjellpryd i nordvende berg. På nordaustsida (Ørskogsida) er det rik reinrosehei på ei rekje hyller i den stupbratte fjellsida, der fleire parallele kalkrike glimmergneisstrøk over ei strekkje på godt 500 m i dette brattlendet er utsett for stadig frostsprengejing, sterkt rasaktivitet både vinter/vår og haust og mange stader med rikeleg sigevatn i sprekker og smågjøl og all denne geologiske aktiviteten frigjer stadig ny kalk til mineraljorda på hyller og sva og gir næring til ein langt rikare fjellflora enn på same grunn i vestsida, for ikkje å snakke om sørvestsida. På mange rabbar/hyller fattigare grep lungheier med eit rikt innslag av fjellpryd. Bratte engsnøleier på bratte sva på kalkrik grunn, der sauver kan nå til å beite. I fleire gjøl rike høgstaudeenger. Nedom urda, ved fjellfoten m.a. blankstorrmyr.

**Kulturmåverknad:** Både i vestsida og særskilt i dei rike skrea i nordaustsida beiter det alltid sau i beitesesongen.

**Artsfunn:** I vestsida synest tvillingsiv å ha si vestgrense i denne delen av Stordalsfjella. Og elles veks her m.a. bjønnbrodd, bleikmyrklegg, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellpryd, fjellsmelle, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hårstorr, kastanjesiv, lauvtistel, raudsildre, skavgras, slirestorr, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne, trillingsiv og ullvier. Det er funne fleire basekrevande moseartar. I nordaustsida (Ørskog) finn ein i reinrosehei m.a. fjellkvitkurle, ein kravfull fjellorkide, som berre finst i Skandinavia og på Island. Og i denne reinroseheia har planta si vestgrense i Stordalsfjella/på Sunnmøre. Vel så interessant er eit funn av 11 planter av stivsildre i sprekker og på smale hyller i ein dels vertikal, fuktig bergvegg med stort overheng i 750 m o.h. Her veks plantene dels åleine i bergsprekker, slik dei også plar gjere m.a. i Kleivabotn, og dels saman med grannsildre, gulsildre, fjellkvann, fjellsyre, raudsildre, tettegras og skortejuvmose, likeeins ein typisk plante-/mosekombinasjon lengre aust. Stivsildra har i det fyrre hundreåret vore sterkt framme i diskusjonen om fjellplantene si forhistorie på m.a. Mørekysten i siste istid, og professor Rolf Nordhagen var difor på førti og sekstitallet fleire gongar til Stordalsfjella på leiting etter nye førekomstar av stivsildra, som sidan 1941 har hatt ein nokså isolert kjend vestleg skandinavisk utpost i Fremste Skorkja. Men med denne nye lokaliteten i Heimste Skorkja/Sandfjellet kan ein flytte vestgrensa 2, 5 km nærmare Storfjorden. I same berget veks også grannsildre og bekkesildre, som begge synest ha sin vestlegaste veksestad i Stordalsfjella i denne hammaren, men begge er kjend også fra vestsida av Storfjorden. Elles veks i nordsida m.a. bergstorr, bjønnbrodd, blankstorr, brudespor, dvergjamne, engsoleie, fjellarve, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjellkvern, fjell-løvetann, fjellpryd, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjelltimotei, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hårstorr, jáblom, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, skjørlok, skogstorknebb, snøbakkestjerne, svartstorr, taggbregne og tiriltunge. Av fugl er på myrar nær Svartevatnet samt kring Sandfjellet er observert hekkande enkeltbekkasin, heilo og raudstilk, og oppi fjellet ringtrasthann i song, snøsporv med ungar, jaktfalk med rype i klørne, tårfalk, kongeørnfamilie med to ungfuglar, lirype, fjellrype med ungekull, bergirisk, steinskrettungar og varslande heipipelerke. Jerv er sett på snøbre høgt i nordaustsida. Også raudrev.

**Verdsetting:** Lokaliteten vert verdsett til A (svært viktig) fordi det er eit større kalkrikt område med reinrosehei, førekomst av stivsildre på ein utpostlokalitet mot vest og dessutan m.a. fjellkvitkurle, grannsildre og tvillingsiv. Lokaliteten vert verdsett som ein heilskap, sjølv om dei mest verdfulle delene ligg i Ørskog.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å la sjeldne fjellplanter vera i fred.

## 43 Dyrkornfjellet: Svartevassegg/Sandfjellet sørvestsida (fjellvegetasjon)

**Lokalitetsnummer:** 1526-43

**Kartblad:** 1219 I Stranda

**UTM:** LQ 983-999, 214-220

**Høgd over havet:** 790-1323 m

**Hovudnaturtype:** Fjell

**Naturtype:** Kalkrike område i fjellet

**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen  
**Undersøkt/kjelder:** 18.10.2001, 22.05.2002, 01.07. og 24.10.2004, SEB

#### Områdeskildring

*Generelt:* I 870 m høgde på Svartevassegga ligg ein 50 meter lang olivinførekomst, dels på eit flatt platå og dels nordvendt skrånande ned mot Svartevatnet. I bakkant skifrig glimmergneis, som her har lite kalkverknad, men nokre hundre meter lengre aust i sørvestsida av Sandfjellet/Heimste Skorkja vert det geologiske grunnlaget for ein litt rikare bergskrentvegetasjon særskilt nær stupkanten i nord. Frå 1100 m høgde i Sandfjellet kalkfattig blokkmark og til slutt toppsand på platået nord mot toppen på 1323 m.

*Vegetasjon:* I olivinområdet dannar eit grunt søkk i terrenget eit olivinsnøleie, ein uvant type vegetasjon i Stordalsfjella. Elles har området ein typisk serpentinfloera med få arter og lite slutta vegetasjonsdekke. I bergskrentane i sørvestsida av Sandfjellet finn ein ei rekke litt rikare sig og fjellenger, men med langt færre kravfulle arter enn i vest-/nordsida av Sandfjellet. Elles er fjellsida prega av fattigare bakkemyrar forholdsvis høgt opp, i lesider røsslyng/blåbærlyngsamfunn og på tørre rabbar artsfattig grepelynghei heilt blotta for fjellpryd, men med rikeleg bleikmyrklegg. I søkk på hard gneis finn ein fattige snøleier med finnskjegg, hestespreng og smyle og mot toppen ein artsfattig vegetasjon prega av issoleie, mjukrapp, rabbesiv, høgfjellskarse og bogefrytle.

*Kulturpåverkanad:* Sauer beitte høgt i fjellsida 01.07.2004.

*Artsfunn:* Mest interessant frå olivinførekomsten er ein rik førekomenst av tuvearve, særskilt i snøleiet, men også i nordvende brattare parti. Planta har her si vestgrense i Stordalsfjella og er så langt vest med eitt unntak ei obligat serpentin-/olivinplante. Elles veks på oliven brearve, dvergjamne, fjellrapp, fjellsmelle, grønburkne, hestesprieg, rabbesiv, seterarve, stjernesildre, tunrapp og nøy same lyngartar. I bergskrentar i Sandfjellet si sørvestside finn ein av kravfulle fjellplanter gullmyrklegg på ei rekke stader, og elles opp til 1100 m m.a. bjørnbodd, bleikvier, dvergjamne, flekkmure, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, grønkurle, gulsildre, harerug, kattefot, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, slirestorr, taggbregne og ullvær.

*Verdsetting:* Området kan setjast til B (viktig), både pga tuvearveførekomsten på oliven, serpentinfloeraen elles og den noko artsfattigare kravfulle floraen i ei sørvestside, der sterkt solvarme/lang vekstssesong med auka myrdanning og frodig kysttheivevegetasjon gjer at fleire vanlege, litt konkurransesvake fjellarter så langt vest vantar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 44 Stordalen: Storelva: utløpet (brakkvassdelta)

**Lokalisetsnummer:** 1526-44 (naturbasen 133-0)  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (EUREF 89):** LQ 95 18  
**Høgd over havet:** 0-1 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Brakkvassdelta  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** Holten m. fl. (1986), 15.07.2004, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ein nokså artsfattig elveos der nordsida stort sett er utbygd og øydelagt, medan det framleis finst att eit par dekar strandenger mellom elva og småbåthamna som framleis er intakt.

*Vegetasjon:* Saltsiveng, raudsvingeleng, fjøresivaks-panne, rustsivaks-panne, hestehavre-voll.

*Kulturpåverkanad:* Lokaliteten grensar til veg, elvaforbygging og småbåthamn, og er noko påverka av køyrespor og bålbrannen.

*Artsfunn:* Artsfattig, 23 registrerte planteartar, mellom desse fjøresaulauk, fjøresivaks, myrsaulauk, rustsivaks, saltsiv, skjørbuksurt, strandkjeks, strandkjempe og strandkryp.

*Verdsetting:* Området er rekna som regionalt verneverdig av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga (1997), medan det er gjeve lokal eller utan verneverdi av Holten m.fl. (1986), og lokal verdi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga (1995). Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, typisk strandeng som er ein rest av eit tidlegare deltaområde.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er sårbart for fleire fysiske inngrep.

## 45 Stordalen: ved Storheim (edellauvskog)

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-45
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 998 184
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 150-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, gråor-heggeskog
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.04.2003 og 04.10.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei sør-sørvestvendt skogkledd liside på rasmark, og består av gråor-heggeskog med flere almetre.

*Vegetasjon:* Gråor-heggeskog i mosaikk med rike hasselkratt og gråor-almeskog med eit nokså svakt innslag av alm.

*Kulturmåverknad:* Tidlegare vedhogst og beiting. Innslag av det innførte treslaget platanløn som spreier seg i lauvskogane her.

*Artsfunn:* Det er m.a. notert skogbjørnebær, broddtelg, enghumleblom, firblad, gulsildre, klengjemaure, krattmjølke, markjordbær, myske, nyperose (ubestemt), ormetelg, revebjelle, sanikel, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot og stankstorknebb.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein relativt dårleg utvikla gråor-almeskog med eit relativt trivielt artsutval.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst.

## 46 Stordalen: NV for Mo (naturbeitemark)

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-46
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 007 175
<b>Høgd over havet:</b>	90 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder i 2001) 02.07.2002, SH

### Områdeskildring

*Generelt:* Restar av artsrik beitemark opp mot skogen. Ein del tidlegare oppdyrka, nokre fine bakkar i dels tidleg attgroingsfase, dels storfebeite med ungdyr på gjødsela beite. Rester av artsrike beitemarker, bl.a. med sparsom forekomst av rødlistearten solblom, samt noe grov nattfiol.

*Vegetasjon:* G4, frisk fattigeng.

*Kulturmåverknad:* Deler gror att og deler vert beita av ungdyr.

*Artsfunn:* Liten lokalitet med raudlistearten solblom, 1-2 kvadratmeter. Harerug, tepperot, gulaks, finnskjegg, småengkall, nattfiol, tiriltunge, smallkjemp, kjertelaugnetrøst, blåklokke, engfrytle, lækjeveronika, hårvæve, geitsvingel, grov nattfiol, aurikkelsvæve, jonsokkoll, kornstorr.

*Verdsetting:* Solblom er ein nasjonalt sjeldan art som går attende. Urterike beitemarker er ikkje vanlege.

Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at her finst ein mindre bestand av raudlistearten solblom.

### Skjøtsel og omsyn

Naturtypen er sårbar for gjødsling og attgroing som følgje av opphørt beite.

## 47 Stordalen: Mogjæra (naturbeitemark)

<b>Lokalisatsnummer:</b>	1526-47
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 013 167
<b>Høgd over havet:</b>	110 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2000, G. Gaarder Melby & Gaarder (2001)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Attgroande beitemark på øversida av vegen. Parti langs vegen med mykje småsommarfuglar. Mest frisk mark, nokre fuktige sig. Generelt rikt. Av spesiell interesse er førekommst av ein del av raudlistearten solblom.

*Vegetasjon:* Dels G4 frisk fattigeng, dels intermediær myr.

*Kulturpåverknad:* Beitemark, beita av storfe.

*Artsfunn:* Heile 32 naturengplanter (mellan dei beste i fylket). Fleire hundre solblom. Sparsamt med rødlistearten kvitkurle. Elles aurikkelsvæve, beitesvæver, bjønnbrodd, blåklokke, blåknapp, brudespore, bråtestorr, dvergjamne, engfiol, engfrytle, finnskjegg, fjellmarikåpe, fjelltistel, geitsvingel, gjeldkarve, gulaks, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, kystmyrklegg, lækjeveronika, loppestorr, prestekrage, smalkjempe, småengkall, storblåfjør, sumpmaure, tepperot, tiriltunge, særbusstor, nattfiol, kjertelaugnetrøst.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av viktige bestandar av raudlistearten solblom, og stor artsrikdom knytt til naturbeitemark.

#### Skjøtsel og omsyn

Miljøet er sårbart for ytterligere attgroing og beitet bør tas opp igjen snarest. Samtidig vil også gjødsling og for intensivt beite skade verdiene. Det bør ryddes vekk en del lauvkratt.

## 48 Stordalen: Monakken (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-48
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 009-011 170-173
<b>Høgd over havet:</b>	120-220 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Skogen & Odland 1989, 19.05.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Bratt, vestvendt skogli og ur med noko varmekjær vegetasjon, deriblant fleire edellauvskogstilknytta artar. Varmekjær vegetasjon er sjeldan i sjølvle Stordalen, og dette er ein av dei best utvikla førekommstane i dalen.

*Vegetasjon:* Relativt därleg utvikla gråor-almeskog med hassel og spreidde almer oppunder berget, litt gråor-heggeskog, og overgangar mot blåbærbjørkeskog, kalkfattige bergflater og grov steinur. Platanlønn spreier seg sterkt i lia, og er dels dominerande i buskskillet. Almen er relativt lite beita av hjort (0-30% ringbarking), medan rogn stadvis er heilt ringbarka.

*Kulturpåverknad:* Liten, beita av storfe i nedre del, i alle høve tidlegare.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bergmjølke, bergskrinneblom, fingerstorr, hengjeaks, kransmynte, liljekonvall, lodnebregne, lundrapp, myske, rosenrot, skogsvinerot, svartburkne, taggbregne. Av fugl kan nemnast spettmeis og svartkvit flugesnappar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein relativt därleg utvikla edellauvskog, men med nokre varmekjære planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å unngå treslagskifte.

## 49 Stordalen: Mosetra (kulturlandskap)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-49
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 014 178
<b>Høgd over havet:</b>	450 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark

<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Litt attgroande setervoll.

*Vegetasjon:* Ein god del frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:*

*Artsfunn:* Notert aurikkelsvæve, bråtestorr, engfiol, engfrytle, finnskjegg, gulaks, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, kornstorr, lækjeveronika, smalkjempe, tepperot, tiriltunge.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

## 50 Stordalen: Vad, sør for elva aust for Mo (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-50
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 013 166
<b>Høgd over havet:</b>	100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001), 10.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Beitemark på søraustsida av elva rett ovanfor riksvegbrua. Det går ei driftsbru over til lokaliteten.

*Vegetasjon:* Dels G4 frisk fattigeng, dels G3 sølvbunkeeng.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var beita av ungdyr i 2000.

*Artsfunn:* Sparsamt med solblom elles m. a. harerug, tepperot, kornstorr, finnskjegg, hårvæve, lækjeveronika, blåkoll, blåklokke, bråtestorr, småengkall. Av beitemarkssopp vart det funne m. a. *Entoloma atrocoeruleum* (raudlisteart).

*Verdsetting:* Beitemarker med artsrike naturengparti er ikkje vanlege, og solblom er nasjonalt sjeldent og truga. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av mindre førekommstar av raudlistearten solblom, og ein raudlista beitemarkssopp i lågare kategori.

#### Skjøtsel og omsyn

De artsrike partia vil vera sårbare for gjødsling og jordarbeiding/pløying. Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er viktig med beiting.

## 51 Røysetdalen: Løsetnakken (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-51
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 015 157
<b>Høgd over havet:</b>	420 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.07.2002, Silke Hansen

#### Områdeskildring

*Generelt:* Løsetnakken ligg oppe i lia på austsida av Røysetdalen. Stølen er tilgjengeleg etter ein privat (låst bom) traktor-/bilveg frå RV 58.

*Vegetasjon:* Stølsvollen er stor og open. Spesielt den nedre delen av setervollen er artsrik (med m. a. mykje augnegrøst og grov nattfiol) og verkar mindre påverka av gjødsel. Høgareliggende deler av setervollen tek til å gro att med bregnar, sølvbunke og einer. Myrtistel har spreidd seg over stølsvollen. Nokre planta graner. Mest interessant er frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type.

**Kulturpåverknad:** Løsetnakken er seter for 3 bruk på Løset og 2 på Vad. Høyet vart tidlegare frakta ned i meisar. Det var slutt på setring i 1950-åra. Setervollen vert beita og seterbuen er restaurerte.

**Artsfunn:** M. a. følgjande planter vart noterte: heiblåfør, harerug, augnentrøst ubestemt), gulaks, blåkoll, grov nattfiol (eit større tal), smalkjempe, blåklokke, kvitmaure, småengkall, kornstorr, tettegras, jonsokkoll, fjellmarikåpe, skogmarihand, hårvæve, karve.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante artar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Fjerning av myrtistel, einer og gran, slått (eller sterkare beiting), restaurering av steingjerdet (m.a. fjerning av tre og busker). Det er i det minste ønskjeleg med fortsatt beiting.

## **52 Røysetdal: Røyset, nordre bruket (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-52
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 013 143
<b>Høgd over havet:</b>	220 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.06.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Røyset består av to bruk som ligg vel 200 m over havet like ovanfor riksvegen i indre del av Røysetdalen i Stordal. Bruka er ute av drift men har busetnad. Markene vert for det meste slått, men graset vert oftest liggjande. Kvart av bruken hadde tidlegare hest og 5-6 kyr, seinare gjekk dei over til sau. Sørlegaste bruket hadde sau til 1996, medan det nordlegaste bruket slutta på 1980-talet. Det vart avgrensa slåtteenger som ligg aust for og ovanfor husa på det nordlegaste bruket.

**Vegetasjon:** Gammel fulldyrka til overflatedyrka eng, no med frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type.

**Kulturpåverknad:** Engene er tidlegare dels fulldyrka, dels overflatedyrka i kantane, men har vore lite gjødsla i nyare tid, og dei siste åra berre slått utan at graset har vore raka bort.

**Artsfunn:** M. a. følgjande naturengplanter vart noterte: prestekrage, kvitmaure, hårvæve, jonsokkoll, lækjeveronika, engfiol, blåklokke, nattfiol, grov nattfiol, harerug. Dessutan vart det funne nyresoleie og vårpengeurt.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med nokre interessante artar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Slåtteenga har framleis eit artsinventar som er muleg å ta vare på ved å halda fram slåtten. Det er best om graset vert raka vekk.

## **53 Røysetdal: Røysetsetra v. gardane (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-53
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 021 134
<b>Høgd over havet:</b>	350-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06.2002, DH & JBJ, 12.09.2002, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Røysetsetra består av to (tidlegare 3) fråflytta bruk som ligg 350-400 m over havet inst i Røysetdalen i Stordal. Bruka er dels brukt som fritidsbustader. Markene vert for det meste slått, men graset ikkje alltid raka bort. Det vart avgrensa slåtteenger som ligg aust for og ovanfor husa på det austlegaste bruket.

**Vegetasjon:** Fulldyrka mark har engvegetasjon typisk for gammel eng, med ulike utformingar av sølvbunkeeng (G3) og frisk, næringsrik gammeleng (G14). I kantane og ovanfor husa vesentlege innslag av artsrik frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type.

**Kulturpåverknad:** Enga er truleg tidlegare overflatedyrka, men har vore lite gjødsla i nyare tid, og dei siste åra berre slått, men ikkje alltid raka bort.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av 32 kvitkurler (raudlisteart) ved 40216, 691349. M. a. følgjande naturengplanter vart noterte: grov nattfiol, hårsvæve, prestekrage, blåklokke, jonsokkoll, lækjeveronika, heiblåfjør, blåknapp, blåkoll, harerug, aurikkelsvæve og *Hieracium auriculinum*. Elles vart korallrot funnen i fuktig sig øvst mot skogen. Av beitemarkssopp vart det funne semska raudskivesopp (*Entoloma jubatum*).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåtteeng med ein betydeleg bestand av raudlistearten kvitkurle.

#### Skjøtsel og omsyn

Slåtteengene har eit interessant artsinventar som er muleg å ta vare på ved å halda fram slåtten.

### 54 Røysetdalen: Røysetsetra v. elva (slåtteeng)

Lokalitetsnummer:	1526-54
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 022 133
Høgd over havet:	350-400 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Slåtteeng
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	10.08.2001, JBJ, 20.06.2002 og 12.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Røysetsetra består av to fråflytta bruk som ligg 350-400 m over havet inst i Røysetdalen i Stordal. Lokaliteten som vert skildra her, er ei slåtteeng som ligg eit par hundre meter sørøst for bruken, ned mot elva.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen på den registrerte slåtteenga er i hovudsak frisk fattigeng (G4) av engkvein-gulaks-type. Det er oppslag av småosp i kantane. Sidan enga ikkje har vore slått dei siste åra, er det ein god del strø (daudgras) i botnen.

**Kulturpåverknad:** Enga er tidlegare fulldyrka, men har vore lite gjødsla i seinare tid, og fleire av dei siste åra heller ikkje slått. Enga vart slått i 2002.

**Artsfunn:** I 2002 vart raudlistearten kvitkurle funnen med 4 eksemplalar. Elles vart *Hieracium auriculinum* samla. M. a. følgjande naturengplanter vart noterte i tillegg: blåklokke, harerug, heiblåfjør, jonsokkoll, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe og småengkall. Truleg har lokaliteten potensiale for beitemarkssopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei nokså intakt slåtteeng i sakte attgroing, med eit relativt ordinært artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Slåtteenga har framleis eit artsinventar som er muleg å ta vare på ved å ta opp att slåtten.

### 55 Røysetdalen/Littlebotnen: aust for Røysetsætra (skog)

Lokalitetsnummer:	1526-55
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 024-027 133-036
Høgd over havet:	440-540 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Skogsbeite
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.06.2001, DH

#### Områdeskildring

**Generelt:** Området ligg litt aust for Røysetsætra, og er prega av fjellbjørkeskog og intermediær myr.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen i dag er suboseansk fjellbjørkeskog med mykje bjønnkam og smørtelg i marksjiktet. Undervegetasjonen er dels blåbærdominert, dels med meir gras- og urterike parti med ein vegetasjon som liknar

på G4 - frisk fattigeng. På myra er det store område med bjønnskjegg og blåtopp, dels fattig, dels intermediær fastmattemyr, med små middelsrike sig.

*Kulturmåverknad:* Området er noko beita av sau. Beitestrykket var truleg større tidlegare.

*Artsfunn:* Størst interesse knyter det seg til funn av raudlistearten kvitkurle (ca. 15-20 individ) (MQ 02551 13629, MQ 02458 13528, MQ 02735 13582), som står spreidd i myrsøkk eller fuktige kantsoner i lokaliteten. Ein stad vart det også funne nokre få individ av solblom (MQ 024 133). Elles vart det funne nattfiol og klokkevintergrøn. Mellom myrartar i intermediær myr kan nemnast bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, kornstorr og svarttopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (lokalt viktig) på grunn av førekomstane av raudlisteartane kvitkurle og solblom (lågare kategori, små bestandar).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også i framtida.

### **56 Nørdredalen: Stølen aust for Jasvoll (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-56
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 025 172 sjekk! omvendt?
<b>Høgd over havet:</b>	130 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Attgroande slåtteeng eit stykke ovafor elva aust for Jasvoll.

*Vegetasjon:* Dels G4 frisk fattigeng.

*Kulturmåverknad:* Slåtteeng som var i attgroing i år 2000.

*Artsfunn:* Solblom truleg nokre titals (10-100). Elles finn skjegg, harerug, tepperot, tiriltunge, ubest. nattfiol, knegras, kvitmaure, hårvæve, blåklokke, smalkjempe, aurikkelsvæve, gulaks, bråtestorr, engfiol, jonsokkoll, engfrytle, sumpmaure, lækjeveronika, kattefot.

*Verdsetting:* Enger med artsrike naturengparti er ikkje vanleg, og solblom er nasjonalt sjeldan og truga. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med den raudlista og sjeldne engplanten solblom.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Verdiene går gradvis tapt etter hvert som enga gror igjen. Skal verdiene bevares må slåtten tas opp igjen, evt. området beites (helst av storfe).

### **57 Nørdredalen: Stavåna (bekkekløft)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-57
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 026 175-177
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 200-280 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Bekkekløfter, fossesprøytsonger
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Melby & Gaarder (2001)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Trong, sørvestnord elvekløft der elva går i stryk og dannar fleire fossefall med tilhøyrande mindre parti med fosserøyksonger.

*Vegetasjon:* Dårlege data

*Kulturmåverknad:* Dårlege data.

*Artsfunn:* Lokaliteten har potensiale for fuktrevande artar.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at lokaliteten kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

### **Skjøtsel og omsyn**

Miljøet er sårbart for fysiske inngrep, flatehogst og treslagskifte.

## **58 Nørdredalen: Jasvollsetra (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-58
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 026 181
<b>Høgd over havet:</b>	380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Skogen & Odland (1989), 24.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Inngjerda setervoll omgjeve av engprega, fuktig og open bjørkeskog med ein del myrsig. Avgrensa etter Melby & Gaarder (2001) og G. Gaarder (pers. medd.).

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med noko rikare preg.

*Kulturpåverknad:* Dette var tidleg ein gard med fast busetnad, truleg rydda på 1600-talet, og først nemnt i 1656 og 1666. Det er likevel ikkje utenkeleg at Jasvollsetra har vore seter i førhistorisk tid (Sande 1989, s. 81-82, jfr. s. 91). Seinare seter, seterdrifta er no slutt. Øvste bruket vert slått, det nedste er i noko attgroing.

*Artsfunn:* Mest interessant var at 17 individ av kvitkurle vart funne på den inngjerda vollen, desse plantene er raudlisteartar. Notert i tillegg for det meste på inngjerda parti: aurikkelsvæve, bjønnbrodd, blåklokke, blåknapp, breiull, 30-50 brudespore, engfrytle, finnskjegg, fjellmarikåpe, gulaks, harerug, heiblåfjør, hårvæve, jonsokkoll, kattefot, kornstorr, kystmyrklegg, lækjeveronika, 20-30 nattfiol, prestekrage, ryllik, smalkjempe, svarttopp.

Potensiale for beitemarkssopp.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er ei velutvikla og artsrik slåtteeng som har levedyktige bestandar av raudlistearten kvitkurle.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er sterkt ønskjeleg med slått (eller beiting) også i framtida. Dette vil vera naudsint for å bevare bestandane av dei sjeldne artane som finst her.

## **59 Nørdredalen: Jasvollsetra (skogsbeite)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-59
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 025-027, 180-186
<b>Høgd over havet:</b>	380-450 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Skogsbeite
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Skogen & Odland (1989), 24.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001), 24.07.2002, SH

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setervoll (nedre bruket, delvis tilplanta med gran) omgjeve av engprega, fuktig og open bjørkeskog med ein del myrsig, karakterisert som skogsbeite. Avgrensa etter Melby & Gaarder (2001) og G. Gaarder (pers. medd.).

*Vegetasjon:* Fattig til intermediært preg. Beita (truleg tidligere slåttemark), fuktige bjørkeskogar og bakkemyrer rundt Jasvollsætra med gode bestandar av fleire kravfulle, kulturbetinga planter.

*Kulturpåverknad:* Det er planta litt gran ovanfor setra, også eit plantefelt nedanfor. Beita av sau, truleg også storfe seinare på året.

*Artsfunn:* Mest interessant var over 1000 blomstrande solblom, som er ein raudlisteart. Solblom er det spesielt mykje av på nedste bruket kor det er attgroing med røsslyng, sølvbunke og gulaks. Det er også mange rosettatar av solblom i granskogen vest for nedste bruket og i myrområdet mellom Jasvollsætra og Botnstølen. Det finst også noko brudespore og nattfiol.

**Verdsetting:** Beita, fuktige bjørkeskogar med innslag av bl.a. fleire truga planter, representerer ei naturutforming som verkar særeigen for ein skilde dalføre på Sunnmøre. Velutvika førekommstar av denne bør ha betydeleg forskningsverdi, og også opplevingsmessig er lokaliteten svært verdifull. Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten har ein av dei 5-6 største bestandane av raudlistearten solblom i fylket.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Miljøet er sårbart for attgroat, men også flatehogst er truleg uheldig. Det er sterkt ønskjeleg med beiting eller slått også i framtida. Dette vil vera naudsyn for å bevara bestandane av dei sjeldne artane som finst her.

## **60 Nørdredalen: Botnastølen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-60
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 029 198
<b>Høgd over havet:</b>	480 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.07.2002, Silke Hansen

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Botnastølen ligg i Jasvollbotnen, ein sidedal av Nørdredalen. Området er ope og utsikta vid. Det går ein sti frå Jasvollsætra, og på andre sida av elva frå Stavdalen til Botnastølen.

**Vegetasjon:** Beita stølsvoll, delvis fuktig, mykje sølvbunkeeng (G3) og fuktenger/fattig fastmattemyr.

**Kulturpåverknad:** Setringa slutta på 1950-talet. Det var vanleg å frakte ned mjølka kvar dag. I ein periode var det eit meieri på setra. Stølsvollen vert beita av eit større tal sau og storfe (2002).

**Artsfunn:** Setervollen (fuktige og tørrare område): sølvbunke (mykje), myrtistel, tepperot, finnskjegg (mykje), gulaks, engfrytle, slåttestorr (mykje), stjernestorr, røsslyng, blåbær, tytebær, blokkebær, fjellmarikåpe, jonsokkoll, tiriltunge, setergråurt, einer, vanleg arve, ryllik, myrfiol, småengkall, augnetrøst, blåknapp, lækjeveronika, kvitkløver, svæve, harerug, engkvein, marikåpe, blåkoll, myrtistel, følblom, kvitkløver, tunrapp.

**Verdsetting:** Lokaliteten vert verdsett til C (lokalt viktig), fordi det er ein typisk setervoll for regionen utan særleg interessante biologiske innslag.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

## **61 Nørdredalen: Stavdalen (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-61
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 033 175
<b>Høgd over havet:</b>	120 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2000, G. Gaarder (Melby & Gaarder 2001)

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Ein relativt artsrik slåtteengrest, m. a. med sparsam førekommst av raudlistearten kvitkurle. Lokaliteten er grovt (og unøyaktig) avgrensa som i Melby & Gaarder (2001), har og mottatt tilleggsinformasjon om avgrensing frå Geir Gaarder.

**Vegetasjon:** Frisk fattigeng (G4).

**Kulturpåverknad:** Slåtteeng som er i byrjande attgroat.

**Artsfunn:** Attgroande eng med prestekrage, 3 eks. av kvitkurle, nattfiol, harerug, kornstorr, smalljempe, tiriltunge, tepperot, småengkall, engfrytle, gulaks og bråtestorr.

**Verdsetting:** Enger med artsrike naturengparti er ikkje vanleg, og kvitkurle (låglandsrasen) er nasjonalt sjeldan og truga. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at lokaliteten har ein liten bestand av raudlistearten kvitkurle.

### **Skjøtsel og omsyn**

Verdiane går gradvis tapt etter kvart som enga gror att. Skal ein ta vare på verdiane må slåtten takast opp att, eller området må beitast (helst av storfe).

## **62 Nørdredalen: aust for Stavdalen (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-62
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 037 175
<b>Høgd over havet:</b>	190 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøy av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.06.2002, JBJ, 21.06.2002, DH & JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Eit mindre slåtteengområde i tidleg attgroing ved vegen aust for Stavdalen i Nørdredalen. I nedkant rikmyrflekker som også truleg har vore slått tidlegare.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) med innslag av sølvbunkeeng (G3).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing.

*Artsfunn:* Det vart funne nyresoleie, grov nattfiol (rundt 50), prestekrage, smalkjempe, blåklokke, vårpengeurt, kvitbladtistel, blåkoll, tiriltunge, surikkelsvæve, finnskjegg, markjordbær, harerug, hårsvæve og engfiol.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng i byrjande attgroing.

Slåtteenger av denne typen er nasjonalt og regionalt sjeldne, og viktige å ta vare på.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør anten slåast eller beitast av storfe. Sau er meir uheldig på grunn av orkidéane.

## **63 Nørdredalen: aust for Stavdalen (rikmyr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-63
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 0365-0367, 1751-1752
<b>Høgd over havet:</b>	210 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåttemyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.06.2002, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Eit mindre område med rikmyr på øversida av vegen nordaust for Stavdalen i Nørdredalen.

*Vegetasjon:* Middelsrik fastmattemyr (M2).

*Kulturpåverknad:* Tidlegare slått og beita. Høyløemurar inntil lokaliteten. Veg i nedkant. Truleg i attgroing på grunn av opphørt bruk.

*Artsfunn:* Det vart funne gode bestandar av stortviblad, kvitmaure, trollhegg, sumphaukeskjegg, kornstorr og storblåfjør.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre rikmyr som huser ein god bestand av stortviblad og fleire andre krevande planteartar. Slåttemyrer er ikkje lenger i bruk i distriktet, og lokaliteten kunne og vore klassifisert som rikmyr.

### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep. Utan kulturpåverknad vil dei gamle slåttemyrene gradvis gro att.

## **64 Nørdredalen: Lianes (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-64
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 047 180
<b>Høgd over havet:</b>	260-270 m

<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06.2002, DH & JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ei lita, relativt bratt slåtteeng i attgroing ned mot vegen vest for husa på den fråflytta garden Lianes i Nørdredalen. Enga er berre rundt 1 dekar.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverkanad:* Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 12 planter av raudlistearten kvitkurle. Elles vart det funne eit 50-tal grov nattfiol, smalkjempe, og ein del gulaks.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein mindre bestand av kvitkurle, men som er i attgroing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## **65 Nørdredalen: Stølegjølet (bekkekløft)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-65
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 042-044 178-183
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 185-540 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Bekkekløfter, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Hogst, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.10, 14.10 og 26.10. 2004, SEB

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området strekkjer seg frå Storelva og langs ” Gjølet” nesten opp til Stølesetra. Ein finn kalkrik glimmerskifer og dels marmor på fleire stader oppover i gjølet.

*Vegetasjon:* Nær Storelva rikare hegg-gråorskog med nokre edellauvtreslag. Høgare oppe nokre kravfulle låglandsplanter og einskilde fjellplanter.

*Kulturpåverkanad:* Ei gammal høyløe ligg nær gjølet nede ved Storelva. Der er planta gran langs store delar av gjølet oppover. Både fylkesvegen og ei kraftgate kryssar gjølet.

*Artsfunn:* Området vart undersøkt for seint på året, men nedom fylkesvegen veks både ask, alm og hassel i ein rikare hegg- gråorskog, og for ask synest lokaliteten å vere ein austleg utpost i Stordalen. Skogbjørnebær har ein austleg utpost like vest om ”Gjølet” medan krossved går få hundre meter lengre aust. Den kravfulle varmekjære junkerbregna har også ein utpostlokalitet i Gjølet. Elles fann ein m.a. bringebær, enghumleblom, fjellmarikåpe, gulsildre, hengeaks, hestehov, krattmjølke, kvitbladtistel, nyperose, markjordbær, mjødurt, ormetelg, rosenrot, selje, sisselrot, skogstorknebb, skogsvinerot, taggbregne, tyrihjelm og åkerstorknebb. Og av mosar m.a. skortejuvmoser *Anoectangium aestivum*, myrstjernemoser *Campylium stellatum*, kammoser *Ctenidium molluscum*, saglommemoser *Fissidens adianthoides*, stivlommemoser *F. osmundoides*, bergrotmose *Gymnostomum aeruginosum*, dronningmose *Hookeria lucens*, krusfagermose *Plagiomnium undulatum* (samanhengande opp til 425 m h), kystjamnemose *Plagiothecium undulatum* (til 440 m h), stortujamose *Thuidium tamariscinum* (til 540 m h). Særlig dronningmose er sjeldan så langt frå kysten, og illustrerer det fuktige lokalklimaet i kløfta.

*Verdsetting:* Sjølv om området vart undersøkt for seint på året, var det tydeleg at ” Gjølet ” hadde fleire gode kvalitetar og med sin mindre utvikla edellauvskog vert det verdsett til B (viktig).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå inngrep som hogst og treslagskifte inntil bekkekløfta fordi dette vil endra fukttilhøva.

## **66 Nørdredalen: Almås: Robbåkeren (slåtteenger)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-66
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 063 187
<b>Høgd over havet:</b>	360 m

<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteenger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.2004, SEB & JBJ, 16.09.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten består av kantområde og slåtteenger opp mot skogen på Almås.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med flere kravfulle artar, og overgang til kalkrike enger.

*Kultorpåverkanad:* Enga har vore slått kontinuerleg, også i 2004, og lite gjødsla (kjelde Kristian og Kirsti Almås). Elles oppover kulturmarka er det fine terrassar med slåtteenger som er noko utmagra (lite gjødselpåverka) i øvre deler.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. brudespore, grov nattfiol, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrost, knegras, kvitkurle, kvitmaure, prestekrage, smalkjempe. Særleg interessant var funn av 10-12 eksemplar av raudlistearten kvitkurle.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita intakt slåtteeng med førekost av kvitkurle og andre kravfulle artar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør slåast eller beitast også framtida.

## **67 Nördredalen: ved Almås (bekkekløft)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-67
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 061-066, 183-185
<b>Høgd over havet:</b>	260-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Bekkekløfter, fossesprøytnar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av innførte treslag
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.07.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Trong, dels skogkledd elvekløft der Storelva går i stryk med tilhøyrande mindre parti med fosserøyksoner og frodig, urterik vegetasjon. Lokaliteten har potensiale for fuktrevande artar.

*Vegetasjon:* Høgstaodeskog (dels gråor-heggeskog) med artar som turt, geitrams, skogstorkenebb, sløkje, bringebær, vendelrot, storbregneskog, fosserøykbetinga enger, bergvegg-vegetasjon.

*Kultorpåverkanad:* Litt planta gran (dels sekundærspreiing).

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast: fjellarve, fjelllistel, kattefot, kvitmaure, liljekonvall, lodnebregne og turt.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei mindre elvekløft med eit relativt dårleg kjent artsmangfald, men potensiale for fuktrevande artar av m.a. mose.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå vidare spreieing av gran.

## **68 Nördredalen: Øvste Liaslettet (rikmyr)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-68
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 070-071, 194-196
<b>Høgd over havet:</b>	380-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, myr
<b>Naturtype:</b>	Slåttemyr, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06.2002, DH & JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Eit mindre område med rikmyr på øversida av vegen nordaust for Almås i Nördredalen. Området er truleg tidlegare slåttemyr.

**Vegetasjon:** Middelsrik fastmattemyr (M2).

**Kulturmåverknad:** Tidlegare truleg slått eller beita. Veg i nedkant. Kanskje i attgroing på grunn av opphørt bruk.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av til saman 11 planter av raudlistearten kvitkurle på 3 ulike stader i lokaliteten. Elles vart det funne breiull, svarttopp, gulstorr, tranestorr, fjellistel, bjønnbrodd, kystmyrklegg, dvergjamne, kornstorr, stortviblad, myrsauløk, myrkråkefot og sumphaukeskjegg.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei rikmyr som huser ein mindre bestand av kvitkurle og fleire andre kravfulle planteartar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med ein viss kulturmåverknad, t.d. beiting og buskrydding, som liknar på den tradisjonelle bruken.

## **69 Nørdredalen: Seljebotn, innmark Nedigard (slåtteeng)**

**Lokalitetsnummer:** 1526-69

**Kartblad:** 1319 IV Valldal

**UTM (EUREF 89):** MQ 0871 1783

**Høgd over havet:** 400-420 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåtteeng

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Opphøyr av bruken, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 21.06.2002, DH & JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Slåtteengområde som framleis vert slått ovafor br. nr. 3 Nedigard.

**Vegetasjon:** Frisk fattigeng (G4) i kantane. Ute i gammal eng er det også stadvis frisk fattigeng med gulaks og engvein og elles nokså mykje engsyre.

**Kulturmåverknad:** Truleg relativt lite gjødsla i kantane. No delvis slått i kantane, og noko beita av storfe.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av 5 planter av raudlistearten kvitkurle i kantområde mot skog. Elles fanst prestekrage, jonsokkoll, blåklokke, lækjeveronika og jonsokkoll.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein liten bestand av kvitkurle.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## **70 Nørdredalen: Seljebotn, beite ovafor Oppigard (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1526-70

**Kartblad:** 1319 IV Valldal

**UTM (EUREF 89):** MQ 087 180

**Høgd over havet:** 440 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Opphøyr av bruken, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 21.06.2002, JBJ, 31.07.2003 (NBF-ekskursjon, Steinar Stueflotten, Kåre Homble, Gudmund Moen, JBJ m.fl.)

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Beitemark som ligg som eit smalt band ovafor fulldyrka mark på br. nr. 1 Oppigard, også kalla Rusketeigen (kjelde: Karl Langhaug).

**Vegetasjon:** Mest finnskjeggeng (G5) med overgangar mot frisk fattigeng (G4).

**Kulturmåverknad:** Truleg relativt lite gjødsla. Beita av storfe. Granplantefelt ovanfor.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av heile 210 planter av raudlistearten kvitkurle spreidd over eit større område (21.06.2002). Dette er den største einskildbestanden som er kjend i fylket, og truleg ein av dei største i landet. I tillegg vart det funne få planter av solblom (MQ 0868 1803, 31.07.2003). Elles vart det funne heiblåfjør, hårsvæve, kattefot, brudespore, musøyre, smalkjempe, blåknapp, og kystmyrklegg.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei beitemark som huser ein stor bestand av kvitkurle, truleg den største i Møre og Romsdal og kanskje ein av dei største i landet. Stordal kommune er eit av dei viktigaste områda i fylket (og landet?) når det gjeld kvitkurle og dels solblom, og dette er ein av dei viktigaste einskildlokalitetane.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast av storfe også i framtida.

## 71 Nørdredalen: Seljebotn, Legene (hagemark)

Lokalisetsnummer:	1526-71
Kartblad:	1319 IV Valldal
UTM (EUREF 89):	MQ 088-089, 177-178
Høgd over havet:	420-440 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Hagemark
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	21.06.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Større inngjerda beiteområde som ligg aust for br. nr. 1 Oppigard, spreidd tresetting av bjørk.

*Vegetasjon:* Mest frisk fattigeng (G4) i mosaikk med sølvbunkeeng (G3) med ein skilde nitrofile parti.

Bjørkehage er best utvikla ved bekken i vest.

*Kulturpåverknad:* Litt gjødsla med kunstgjødsel for hand (kjelde: Karl Langhaug). Beita av storfe.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av 15 planter av raudlistearten kvitkurle spreidd på fleire stader, og mindre førekommstar (5-6 stenglar) av solblom (MQ 0889 1778). Elles vart det funne m. a. aurikkelsvæve.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei beitemark som huser mindre bestandar av både kvitkurle og solblom.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast av storfe også i framtida.

## 72 Nørdredalen: Seljebotndalen (skogsbeite)

Lokalisetsnummer:	1526-72
Kartblad:	1319 IV Valldal
UTM (EUREF 89):	MQ 088-103, 166-179
Høgd over havet:	420-ca. 700 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, skog
Naturtype:	Skogsbeite, bjørkeskog med høgstauder, gråor-heggeskog
Prioritet:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing
Undersøkt/kjelder:	28.06.2002, DH & JBJ, 06.05. og 31.05.2003, 09.11.2004, SEB

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Seljebotndalen under Løfjellet, som truleg har å gjera med løer og tidlegare utmarksslått. Det er ei større sør/sørvestvendt skogli søraustover frå Seljebotngardane, med lauvskog, mest dunbjørk, men innslag av gråor, hegg, rogn, selje, hassel, osp. Det vaks og eit par almetre i dalen. Mykje av skogen er gras- og urtedominert, lysopen, og ber preg av lang tids beite. Også artsinventaret, med m. a. kvitkurle spreidd over eit stort område, tyder på lang tids beitepåverknad. SEB har undersøkt den rike skogslia under Nyfonngjølet i sørsida av Løfjellet. Dels kalkrik grunn.

*Vegetasjon:* Ulike utformingar av lågurtskog og høgstaudeskog, men og ein del blåbærskog, oftaast bjørkedominert. Innslag av gråor-heggeskog (m.a. nedom Nyfonngjølet, SEB) og gråor-almeskog m. hassel. Somme stader var det uvanleg store strandrøyrenger i dalsidene (m. a. MQ 098 183), noko som tyder på svært gode nærings- og fukttilhøve. Hogstfelt (truleg tidlegare ope) med frisk fattigeng (G4), fattig til intermediær fastmattemyr i skogkantene ned mot dalbotnen. Skogen har mange stader preg av lysopen hagemark, med gras- og urterik vegetasjon i botnen og spreidde tre.

*Kulturpåverknad:* Området under er i attgroing etter i tidlegare tider å ha vore eit viktig geitebeite, men framleis beiter her litt sau. Vert og beita av storfe nærmast Seljebotn, no lågt beitetrykk. Dei store høgstaudene i er truleg eit attgroingsstadium frå tidlegare meir slåtte- og beitepåverka, gras- og urterik vegetasjon. Oppigard på

Seljebotn hadde på det meste 14 høylører, så utmarksslåtten har nok vore driven i stor stil til 1940-talet (kjelde: Karl Langhaug).

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av over 100 planter av raudlistearten kvitkurle spreidd på fleire stader, og mindre førekommstar av solblom (MQ 0916 1759, MQ 0909 1747). Elles vart det funne m. a. brudespore (gode bestandar), liljekonvall, klokkevintergrøn, smørtelg, jonsokkoll, kattefot, grønkurle, harerug, kvitbladtistel, kjertelaugnetrøst, gulsildre, skogburkne, turt, skogstorr fleire stader (MQ 0983 1827, MQ 0998 1714), hengjeaks, kratthumleblom, lundrapp, myskegras, fjellminneblom, myske, strutsveng, taggbregne, trollurt, skogsvinerot, sumphaukeskjegg, lundrapp, fjellstistel, gulsildre, myrfrytle, myraugnetrøst, gulstorr, særburstorr og sveltull. Av fugl kan nemnast gulsongar, munk, rugde, hakkemerke av kvitryggspett, og orrfugl med kjuklingar. Tillegg SEB: I 500 m h veks seks gamle almar og dessutan ein del selje. Eit funn av vårmarihand i kanten av Nyfonngjølet i 700 m h er 100 m høgare enn norsk høgderekord i følgje Lid og Lid (1994). Elles finn ein i lia m.a. enghumleblom, firblad, fjellminneblom, gullstjerne, hassel, jonsokkoll, lerkespore, liljekonvall, markjordbær, mjødurt, myske, ormetelg, skjørlok, strutseveng, taggbregne og tyrihjelm. Og oppe i Nyfonngjølet kravfulle fjellplanter som fjellskrinneblom, flekkmure, gulsildre, sotstorr og trillingsiv. Det vart og funne fleire kravfulle moseartar.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit artsrikt skogsbeite som huser bestandar av både kvitkurle og solblom, og elles er svært variert med rik flora og også ein rik fuglefauna. Stordalen er ein av dei viktigaste områda i fylket (og landet?) når det gjeld kvitkurle og dels solblom, og dette er ein av dei viktigaste einskildlokalitetane.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast av storfe også i framtida.

### 73 Nørdredalen: aust for Seljebotn (myr)

Lokalitetsnummer:	1526-73 (naturbasen 1526-12-0)
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 100 165 (midtpkt)
Høgd over havet:	ca. 400-500 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Intakte høgmyrer m.m.
Prioritet:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Moen 1984, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga 1997

#### Områdeskildring

**Generelt:** Ein ganske brei fjelldal dominert av bakkemyrer og der flatmyr er vanleg. Også innslag av øyblandingsmyr og kanthøgmyr. Floraen er nokså triviell og fattig.

**Vegetasjon:** Fattige bakkemyrsamfunn dominerer. Nedbørsmyr berre i tuvne.

**Kulturmåverkanad:** Markaslåtten slutta ved århundreskiftet, og er sidan nyitta som beiteland. Med unntak av einskilde granplantefelt på fastmark er området truleg ikkje påverka av nyare tekniske inngrep.

**Artsfunn:** Planter: klokkeling, svarttopp, smørtelg, stjernesildre, grønstorr. Stort sett triviell flora.

**Verdsetting:** Store myrkopleks er regionalt uvanlige. Området er gjeve regional verneverdi (Moen 1984, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga 1997). Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det stort sett truleg ikkje fyller krava til nokon av typane i DN (1999a), med unntak av litt høgmyr som ikkje er stadfesta. Området har likevel verdi som typeområde (Moen 1984), noko som ikkje vert fanga opp av DN (1999a).

#### Skjøtsel og omsyn

Miljøet er særleg sårbart for grøfting, men også granplantefelta kan truleg på sikt forringe kvalitetane.

### 74 Nørdredalen: nord for Seljebotn (skogsbeite)

Lokalitetsnummer:	1526-74
Kartblad:	1219 I Stranda, 1319 IV Valldal
UTM (EUREF 89):	MQ 077-083, 187-197
Høgd over havet:	420-480 m
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap, skog
Naturtype:	Skogsbeite, slåttemyr, høgstaudebjørkeskog
Prioritet:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av bruken, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 21.06.2002, DH

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit større område med bjørkeskog og myr som ligg nord for gardane på Seljebotn i lia aust for det verna myrområdet Seljebotsmyrane. Lokaliteten er ein mosaikk mellom bjørkeskog og myr.

**Vegetasjon:** Ulike utformingar av lågurtskog og høgstaodeskog, men og ein del blåbaerskog, oftaast bjørkedominert. Skogen har mange stader preg av lysopen hagemark med grovstamma tre, med gras- og urterik vegetasjon i botnen og spreidde tre. Fattig myrvegetasjon dominerer, men det er også bekkar og kjelder med intermediær til rik vegetasjon. Elles urterik bjørkeskog med eit etter måten rikt planteliv.

**Kulturpåverknad:** Området har vesentlege nyare inngrep i sør, der det er oppsplitta av granplantingar. Her er det også einskilde hytter. Ei mast står om lag midt i lokaliteten. Etter kva Karl Langhaug kan fortelje var her fram til om lag 1963 slåtteskog og beiting av geiter.

**Artsfunn:** Størst interesse har den raudlista kvitkurla, som ser ut til å finnast spreidd i heile lokaliteten i samband med rike sig og urterike kantsoner. Det vart funne vel 50 planter av kvitkurle (m. a. MQ 08258 18285 2 planter, MQ 08025 18454 2 planter, MQ 08139 18979 46 planter, MQ 08094 18833, 2 planter). Det er ønskjeleg med nærmere undersøkingar for denne arten. I skogen er det elles overmåte mykje nattfiol og skogmarihand.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei beitemark som huser mindre bestandar av kvitkurle. Landskapet i Nørdredalen og Seljebotndalen har til saman dei viktigaste bestandane i fylket av kvitkurle.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida, helst av storfe. Granplantefelta kan truleg på noko sikt forringa kvalitetane. Dei bør hoggast og ikkje erstattast med gran.

## 75 Nørdredalen: Seljebotsmyrane naturreservat (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-75 (naturbasen 1526-39-7)
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 072-083, 187-201
<b>Høgd over havet:</b>	320-440 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr, kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Intakt låglandsmyr, intakt høgmyr, rikmyr, slåttemyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Spreiing av gran i kantområda (verna som reservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Moen 1984, Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1988, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga 1997, 06.08.2001, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Myrene ligg aust for Storelva der Nørdredalen deler seg. Dei er avgrensa mot elver i vest og nord og mot veg og hytter i sør. Ned mot Storelva er myrene svakt hellande med litt bjørkekratt. I aust stig lia med storvaksen bjørkeskog. Fleire små bekkar kryssar myrene. Bakkemyr dominerer, men ned mot elva er det også innslag av noko flatmyr og små parti med ombrotrof kanthøgmyr. I øvre del grensar lokaliteten mot skogsbeite/høgstaudebjørkeskog med innslag av kvitkurle (sjå lokaliteten "nord for Seljebotn").

**Vegetasjon:** Fattig myrvegetasjon dominerer, men det er også bekkar og kjelder med intermediær til rik vegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Området vantar vesentlege nyare inngrep, med unntak av nokre mindre granfelt og einskilde hytter. Fleire gamle høyloper vitnar om myrslått i tidlegare tider, derfor er kulturlandskapstypen slåttemyr inkludert i naturtypeklassifiseringa.

**Artsfunn:** Planter: m.a. klokkeling, svarttopp, sumphaukeskjegg, smørtelg, myrkråkefot, kystmyrklegg, fjellistel og sivblom.

**Verdsetting:** Store myrkompleks er regionalt uvanlege. Rekna som regionalt til nasjonalt verneverdig av Moen (1984) og som nasjonalt verneverdig av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga (1997). Verna som naturreservat. Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det finst små areal rikmyr, og fordi her finst intakt låglandsmyr med relativt trivielt artsutval.

### Skjøtsel og omsyn

Området er verna. Granplantefelta kan truleg på noko sikt forringa kvalitetane. Dei bør hoggast og ikkje erstattast med gran etterpå.

## 76 Nørdredalen: nord for Storgrova (skogsbeite)

**Lokalitetsnummer:** 1526-76

<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 081-082, 202-205
<b>Høgd over havet:</b>	350-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, skog, myr
<b>Naturtype:</b>	Skogsbeite, naturbeitemark, bjørkeskog med høgstauder, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Skogen & Odland (1989), Roalkvam & Råd (1982), 06.08.2001, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i den vestvende lia mellom gardane på Seljebotn og Kvitenesetene i Nørdredalen i Stordal, og består av dels lysopen bjørkeskog, dels myr og rasmork. Vi kom hit ved å gå langs elva fra Kviten til Seljebotn. Det er også muleg å krysse elva.

**Vegetasjon:** Området vart registrert på grunn av forekomst av mindre, lysopne område i bjørkeskogen, med natureng/naturbeitemark med livskraftige forekomstar av solblom. G4 (frisk fattigeng) førekjem på mindre område i skogen. Solblom førekjem dels på desse småområda, dels meir spreid i lysopen, beitepåvirkta bjørkeskog (A7/B1) og dels i kanten eller på tørre parti i rik/intermediær myr (M2/L2). Det forekjem granplantefelt like nord for lokaliteten.

**Kulturpåverknad:** Området har tidlegare vore slått og beita, og vert no beita av kyr. Det har vore dreve hogst i området. Beitetrykket er no relativt lågt, og opne område er i attgroing. Hogst og snøras gjer sitt til å bremsa attgroinga.

**Artsfunn:** Det vart funne til saman ca. 550 blomstrande individer av solblom i 2001. Det vart tatt GPS-posisjoner som avgrensar forekomsten (alle GPS-posisjonar i MQ med få meters nøyaktigheit): 08238,20535; 08102,20591; 08108,20554; 08180,20525; 08205, 20501; 08145,20389; 08113,20402; 08164,20362; 08241,20287; 08186,20203. Av eng- og rikmyr-artar elles må ein først nemna raudlistearten kvitkurle (*Leucorchis albida ssp. albida*) (MQ 08187,20562). Elles kan nemnast stortviblad (MQ 08207,20322), småengkall, kjertelaugnetrøst og harerug. Litt nord for solblomlokaliteten vart det på intermediær myr funne myggblom (MQ 08492,21610). Rikmyrartar elles var fjellistel, sumphaukeskjegg, gulstorr og dvergjamne. Det er tidlegare notert brudespore, nattfiol og svarttopp (Skogen & Odland 1989). Det hekkar også litt våtmarksfugl i området (Roalkvam & Råd 1982).

**Verdsetting:** Beita, fuktige bjørkeskogar med overgangar mot myr og med innslag av m.a. fleire truga planter representerer ei naturutforming som verkar særegen for einskilde dalføre på Sunnmøre. Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit variert kulturlandskap m.m. med store bestandar av raudlistearten solblom.

### Skjøtsel og omsyn

Miljøet er sårbart for attgroing. Området bør beitast også i framtida. Solblom er ein lyskrevande art som vil kunne bli skugga ut ved attgroing til slutta skog. Vedhogst i forekomstane vil vera positivt under føresetnad av at ein unngår køyreskader. Det beste vil vera framkøyring på frossa mark.

## 77 Nørdredalen: Ytstehaugen (slåtteeng)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-77
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 074 200
<b>Høgd over havet:</b>	390-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06.2002, DH & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit mindre slåtteengområde i tidleg attgroing ned mot vegen vest for Ytstehaugen i Nørdredalen.

**Vegetasjon:** Frisk fattigeng (G4) med noko rikare parti.

**Kulturpåverknad:** Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lengre slått, og i tidleg attgroing.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av 23 planter av raudlistearten kvitkurle spreidd på 3-4 stader. Elles vart det funne ein god del nattfiol, harerug, brudespore, småengkall, blåklokke, svarttopp, kattefot, jonsokkoll, blåkoll og prestekrage, dessutan toppklokke og vårpengeurt.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein bra bestand av kvitkurle, men som er i attgroing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## **78 Nørdredalen: Overøyane (slåtteeng)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-78
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 077-078 206-208
<b>Høgd over havet:</b>	410-420 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeng
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.06.2002, DH & JBJ, 06.09.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten er eit slåtteengområde i tidleg attgroing ned mot vegen ved Overøyane i Nørdredalen.

**Vegetasjon:** Frisk fattigeng (G4) med noko fuktigare parti (fukteng, intermediær myr) og finnskjeggeng (G5).

**Kulturpåverknad:** Tidlegare slått, truleg relativt lite gjødsla. No ikkje lenger slått, og i tidleg attgroing. Mange hytter i omgjevnadene.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av 33 planter av raudlistearten kvitkurle spreidd ned mot ei løe (MQ 0772 2073). Elles vart det funne 200-300 nattfiol, mykje skogmarihand, harerug, småengkall, bråtestorr, brudespore. Av beitemarkssopp vart det funne semska raudskivesopp *Entoloma jubatum*.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei slåtteeng som huser ein bra bestand av kvitkurle, men som er i attgroing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør anten slåast eller beitast av storfe.

## **79 Nørdredalen: Langsetrane: Kvitlen (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-79
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 085 222
<b>Høgd over havet:</b>	370-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997), 06.08.2001, 06.09.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er eit stort, ope område 370-400 meter over havet med mange setrar og hytter. Beitelandskapet utgjer eit par hundre dekar i ei slakk skråning ned mot Storelva.

**Vegetasjon:** Her er det mykje røsslyng i mosaikk med kortbeita grasmark med ein del finnskjegg. Innanfor steingjerda er det noko sølvbunkeeng. Ovafor setrane er det bjørkeskog, og langs elva er det kantskog av gråor. Det finst og furu og planta gran. Elles finst innslag av fukteng med stjernestorr, slåttestorr og duskull.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er framleis (2004) i god hevd med beiting.

**Artsfunn:** Det vart funne 63 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 5 seterplanter. Mellom desse var bekkestjerneblom, fjelltimotei, harerug, jonsokkoll, kattefot, musøyre og trefingerurt. Det vart funne berre ein beitemarkssopp. Vollen er bra beita med eit godt mosedekke i botnen, og ein kan derfor rekna med at dette er ein bra lokalitet for beitemarkssopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit middels artsutval, og med potensiale for beitemarkssopp.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at dette særprega seterlandschapet vert beita som før. Om beitetrykket vert dårligare vil truleg lyngen og seinare skogen ta overhand.

## 80 Nørdredalen: Langsetrane: Pjusken (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-80 (naturbasen 1526-39-8)
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 085 229
<b>Høgd over havet:</b>	380-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.10.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997), 06.08.2001, 06.09.2004, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er også eit stort seterlandschap med mange hytter som ligg berre nokre hundre meter nord Kvitlen. Her er det elles eit stort nydyrkingsfelt, men vegetasjonen ved setrane er som han har vore, med kupert, tidlegare overflettedyrka mark. Det er mange steingjerde som deler inn teigane. Heile området er ganske fuktig.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen består av kalkfattig røsslynghei, finnskjegghei, sølvbunkeeng og fukteng/fattigmyr. noko bjørkeskog ovafor setrane, og kantskog med gråor ved elva. Lokaliteten verkar noko meir artsatt enn Kvitlen, har mindre areal intakt naturbeitemark og er truleg ikkje så høveleg for beitemarkssopp. Dette er markert med å setta verdien litt lågare.

**Kulturpåverknad:** Heile området vert beita av sau og storfe, godt beitetrykk (2004). Her finst og planta gran.

**Artsfunn:** Det vart funne 44 planteartar, av desse 11 naturengplanter og 3 seterplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit middels artsutval, og med potensiale for beitemarkssopp.

### Skjøtsel og omsyn

Det er også her ønskjeleg at beitinga held fram som før.

## 81 Trollkyrkjegarden (meandrerande elveparti)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-81 (naturbasen 1526-39-9)
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM (EUREF 89):</b>	MQ 120 225
<b>Høgd over havet:</b>	540-550 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr, ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, kroksjøar, flomdammar og meandrerande elveparti
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen spesielle
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga (1997), Roalkvam & Rød (1982), Skogen & Odland (1989)

### Områdeskildring

**Generelt:** Myrområde og elveløp som m.a. er hekkeplass for våtmarksfugl (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga 1997, Roalkvam & Rød 1982). Elveløpet kan klassifiserast som meandrerande elveparti, som det einaste i kommunen sidan Stordalselva er utretta og forbygd.

**Vegetasjon:** Litt rikmyr, høgstaudebjørkeskog, vierkratt.

**Kulturpåverknad:** Området er lite påverka av tekniske, nyare inngrep.

**Artsfunn:** Skogen & Odland (1989) nemner at det i kjelder og raviner langs elva aust for Fokhaugstova er innslag av rikare vegetasjon med m.a. breiull, raudsildre og gulsildre. Av våtmarksfugl kan nemnast blåstrupe, sivsporv og enkeltbekkasin (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernnavdelinga 1997, Roalkvam & Rød 1982).

**Verdsetting:** Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av det er eit våtmarksområde med eit meandrerande elveparti, svak viltfunksjon og små parti med rikmyr.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 82 Benkjene og Rikjendskaret (fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-82
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda

<b>UTM:</b>	Frå MQ 012 207 til MQ 023 212
<b>Høgd over havet:</b>	550-1000 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.09.2002, 05.08.2003, 12.10. og 19.10.2004, SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Skoggrensa i søraustsida i knapt 700 m h og hit opp når eit breitt belte kalkfattig amfibolitt. Herifrå og opp til ca. 900 m h høyre både den sørvestvende og søraustvende fjellsida og det mellomliggende Rikjendskaret (873 m h) geologisk til Stordalsfjella sitt Surnadekkeområde med flekkvis rikare fjellflora.

Oppom Surnadekkesfeltet finn ein noko hard gabbro i SV-hjørnet og elles hardare, ikkje-skifrig gneis med ein lite kravfull fjellflora, men i eit brattheng i 1000 m h med gunstig eksposisjon og tilsig av kalkrikt vatn litt rikare vegetasjon på ein liten flekk.

**Vegetasjon:** Søraustsida er pga amfibolitten prega av artsattig lypghei, fattigmyr og fjellbjørkeskog opp til 650 m h, der rikare sig og kjeldeenger dukkar opp i fleire parallele søkk og kan følgjast opp til rikkjelder under skifrige, låge knausar i 850 m h oppe på det lågaste platået på Benkjene. Like aust om Rikjendskaret finn ein òg flekkvis rikare fjellflora i sig og skrentar. Likeeins i 850- 900 m h i eit dalsøkk, som vender mot Rikjendbotn.

**Kulturpåverkanad:** Området er sauebeite.

**Artsfunn:** Bergveronika vart funne i ei urd like aust om Rikjendskaret, og denne lokaliteten synest vere den vestlegaste for planta i Stordalsfjella. I dalsøkket vestom skaret veks m.a. blankstorr, bjønnbrodd, dvergjamne, gulsildre, gulstorr, harerug, kastanjesiv, myrsaulauk, slirestorr, svartstorr, taggbregne og trillingsiv. Det vart funne fleire basekrevande moseartar. I skifersona i søraustsida veks i tillegg til fjellartene frå SV-sida m.a. bleikvier, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjellkvein, fjell-løvetann, fjellsmelle, fjellstorr, flekkmure, gullmyrklegg, hårstorr, jáblom, klubbestorr, kvitmaure, småengkall, sotstorr, svarttopp og ullvier. I den sidebratte fjellsida under topp-platået veks m.a. bergveronika og gullmyrklegg på ein rikare småflekk.

**Verdsetjing:** Områda med kravfull fjellflora vert sett som viktig (B).

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 83 Austsida av Storheimshornet (Olivinknaus/fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-83
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	MQ 015 196
<b>Høgd over havet:</b>	880 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (sær viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen reelle
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	31.08. 2000, 10.09.2002 og 12.10.2004, SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Austvend olivinførekomst med kalksteinsåre i midtpartiet. Opp til 6 m høge, vertikale olivenberg. Området ligg i Stordalsfjella sitt Surnadekkeområde, i den sørvestlege avløparen som følgjer Jasvollbotn og endar ved Mo/Storheim.

**Vegetasjon:** På olivingrus og i bergsprekker finst typisk oliven-/serpentinflora. I midtpartiet med sigevatn frå ei kalkførande åre finn ein nokre kravfulle fjellplanter. Elles er både aust-, nord- og sørsida av Storheimshornet prega av ein artsattig nøysam flora, og ein finn lite teikn til slik kalkrik glimmergneis som er så typisk for strekkja Varden- Storebua i det nordlege delen av Surnadekket.

**Kulturpåverkanad:** Beitande sau brukar også her olivingrusen til saltkjelde.

**Artsfunn:** Mest interessant er eit funn av snuarve, *Cerastium alpinum var. glabratum* som er ei av dei bisentriske fjellplantene i Noreg og i sør på kalkgrunn er sjeldan i sentrale fjellstrok frå Hardangervidda til Dovrefjell og sær seldsynt på oliven-serpentin, men kjend frå Raudeberget i Stordal (sjå Nordhagen 1976) og tre andre lokalitetar i Sør-Noreg (sjå kart hjå R. Y. Berg 1963). Også eit funn av tuvearve er viktig, sidan planta frå før (jfr kart i Gjærevoll 1994) ikkje er kjend vestom Storfjellet i Tafjord på austsida av Storfjorden, men er no i Stordalsfjella funnen også på seks andre stader over 800 m h på oliven. I ei kjeldemyr rett under ein mindre olivinknaus fanst ein masseførekomst av tvillingsiv saman med nøysame arter som brearve, seterarve og rypestorr. Og i partiet med sigevatn frå kalkåra fanst m.a. bekkesildre, fjellrapp, fjellskrinneblom, grannsildre,

gulsildre, harerug, ormetelg og taggbregne. For grannsildre er dette einaste lokaliteten i Stordalsfjella på kombinasjonen olivin/kalkrikt sigevatn. På rein olivin vart m.a. funne fjelltjøreblom, fjellsyre, geitsvingel, grønbukne, hestespreng, museøre, rabbesiv og seterarve.

**Verdsetjing:** Området vert verdsett til A (særs viktig) m.a. pga førekomensten av den sjeldsynte snauarven samt interessante kombinasjonar av olivin-/serpentinplanter og kalkkrevjande fjellplanter.

#### Skjøtsel og omsyn

Sidan mengda olivin er beskjeden er bergverksdrift uaktuell, og området bør bevarast uendra for all ettertid.

## 84 Vestsida av Rollsbotskorkja (fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1526-84
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM:	MQ 048 241
Høgd over havet:	640- 1200 m
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Kalkrike område i fjellet
Prioritet:	A (særs viktig)
Mulege truslar:	Ingen
Undersøkt/kjelder:	12.07, 22.07, 09.08, 19.08 og 09.09.2003 samt 05.10.2004, SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Det undersøkte området, som geologisk ligg innafor den nordlege delen av Surnadekket, består av ei nokså slakk myr på austsida av Mevatnet, og frå fjellfoten ei raskjegle med vierkratt, spreidde fjellbjørker og urd oppover mot eit bratt gjøl med kalkrik glimmerskifer, som er det geologiske grunnlaget for ein rik fjellflora heilt opp til minst 850 m h.

**Vegetasjon:** Myra har eit klart preg av ekstremrik fastmattemyr og er den største samanhengande myra av dette sjeldsynte slaget så langt vest i denne granskinga. Rikmyrsartane gulsildre og tuffmose dominerer større areal saman med ein rik storrvegetasjon. I rasmarka finn ein rikare vierkratt og i urda enkelte litt varmekjære planter. Opp i gjølet finn ein 4-5 mål reinrose- moserabb og mindre areal av reinrose-gras-lavrabb av bergstarrtypen. Øvst i gjølet dessutan ei rikkjelde og eitt hestehov- og eitt rukkevierdominert snøleie. Vidare opp til topp-plataet mest kalkfattig grunn, men i sørvestsida av 1200 m toppen noko rikare vegetasjon.

**Kulturpåverkanad:** Rasmarka vert beitt av sau.

**Artsfunn:** På rikmyra veks m.a. bjønnbrodd, blankstorr, bleikvier, duskull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellkvein, fjell-løvetann, fjellsnelle, glattmarikkåpe, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, harerug, kastanjesiv, klubbestorr, myrfrytle, myrsaulauk, nebbstorr, skavgras, slirestorr, slåttestorr, småsivaks, sotstorr, svartstorr, særbusstorr, taggbregne, tranestorr og trillingsiv. Av desse er låglandsplanta nebbstorr her ved norsk høgdegrense og vel så det. Også klubbestorr er mindre vanleg på Sunnmøre, men i alle fall kjend frå Norddal og Vatne.

Fjellsnelle har si vestgrense i det undersøkte området av Stordalsfjella på denne myra, og saman med eit funn av professor Skogen frå Lauparen- truleg i austsida av Brudefølgjet -dannar dette funnet også vestgrensa for denne kravfulle snelleplanta på Sunnmøre. Av kravfulle mosar vart det funne ei rekkje artar (vert publisert seinare). I eit fuktig vierkratt med bleikvier, lappvier og ullvier av kjerteltypen vaks m.a. nokså fåtalig snøsøte, som her har si vestgrense i Stordalsfjella. Og tørrare i rasmarka m.a. bringebær, fjellbakkestjerne, fjellkattefot, marinøkkel, mjødurt og tågebær. På reinrose-moserabben vaks m.a. bergskrinneblom, bergstorr, bergveronika, bjønnbrodd, brudespore, dvergjamne, fjellarve, fjellfrøstjerne, fjellkvein, fjellrundskolm, fjellsrinneblom, fjellsmelle, flekkmure, grønbukne, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hestehov, hårstorr, jáblom, lappvier, lauvtistel, raudsildre, reinrose, rukkevier, sotstorr, svartburkne, sòlvvier, taggbregne og trillingsiv. Av desse har fjellrundskolm også si vestgrense i undersøkingsområdet i dette gjølet. I den sidebratte sørvestsida av 1200 m toppen vaks m.a. bergveronika, fjellsmelle, gulsildre, svartstorr og taggbregne opp til 1100 m h. Men i topsanden/blokkmarka på 1200 m toppen var grunnen utvatna/kalkfattig og dominert av rabbesiv og mjukrapp.

**Verdsetjing:** Rikmyra i seg sjølv har stor naturhistorisk verdi, som oseanisk utforming av ekstremrik fastmattemyr i fjellet. Og saman med rasmarka og den rike reinroseheia, som arealmessig er den nest største i Stordalsfjella, gjer dette at området bør setjast til A (særs viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 85 Austsida av Rollsbotskorkja/Kleivabotn vestom elva(fjellvegetasjon)

Lokalitetsnummer:	1526-85
-------------------	---------

<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	MQ 057 248
<b>Høgd over havet:</b>	600-1200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (særs viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.09.2002, 20.07., 31.07., 09.08. og 11.09.2003 og 05.08.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Undersøkingsområdet ligg innanfor den nordlege delen av Surnadekket og strekkjer seg fra Kleivabottselva nord om nokre moreneterrassar via ein vill hengdedal med stor rasaktivitet for å ende i den stupbratte fjellsida under 1200 m toppane til Rollsbottskorkja. Topp-platået er prega av kalkfattig topsand frå tertiertida.

*Vegetasjon:* Nede i Kleivabotnen ein mosaikk av fjellbjørkekratt, fattige mjukmatte- og fastmattemyrar og fleire middels -/ekstremrike fastmattemyrar, dessutan nokre rikkjelder, hovudsakleg i nordskrenten av morenekomplekset. Oppe i hengedalen etter måten utbreidde kalksnøleier, reinblomsnøleier, rikmyrfragment i det opphøgde midtpartiet og lengre oppe fleire kalkrike bergskrentar i sterkt frostprengd skifrig fjell. På ein solrik tørrare knaus litt reinrosehei. På toppen nokre tuer fjellsmelle, elles fattigare vegetasjon med rabbesiv, vardefrytle og mjukrapp.

*Kulturpåverkanad:* Området er beitt av sau.

*Artsfunn:* Mest interessant utifrå eit plantegeografisk perspektiv er fire nordaustvende lokalitetar av den sjeldsynte bisentriske planta stivsildre, som i fjellsidene kring Kleivabotnen er funnen på 24 ulike lokalitetar. Av alle dei bisentriske fjellplantene er stivsildra den som har størst fråstand mellom og minst utstrekking på sitt sørlege og nordlege vekseområde. Dvs ho er mest sentrisk av alle bisentriske fjellplanter (sjå tabell i Berg 1963). Stivsildra opptrer ikkje åleine i denne botnen, men saman med ei rekke andre kravfulle fjellplanter og mosar. Og dei mange rikplantefunna som siste tida er gjort i dette området, gir grunnlag for å utnemne fjella kring Kleivabotnen til det viktigaste kystnære fjellplantesenteret på Sunnmøre, langt meir sentralt enn Lauparenmassivet, der stivsildre berre er kjent frå ein lokalitet i Fremste Skorkja. Professorane Rolf Nordhagen og Arnfinn Skogen gav i si tid Lauparenmassivet inklusive Fremste Skorkja ei heilt eineståande særstilling så langt vest og i "Romsdalsfjella" i det heile teke. Sjå Skogen og Odland 1989. På ei fuktig hylle med 45 velvaksne stivsildrer- og dels eit visst/sjeldant engsnøleiepreg - vaks dessutan m.a. bekkesildre, dvergsoleie, fjellarve, fjellvein, fjellskrinneblom, fjellsmelle, grannsildre, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, raudsildre og rukkevier. Godt 70 fjellkvitkurler på ei 5 m lang, hallande nordvend hylle var eit anna rikfunn like ved. Planta syner seg å vekse heilt vest til Heimste Skorkja i Stordalsfjella hovudsakleg på nordvende ekstremrike hyller og er ei av dei kravfulle norske fjellplantene som kan ha ei urgammal forhistorie kystnært her på Mørekysten, ukjend som ho er andre stader i Europa, men velkjend frå Island. I eit sør austvend rikberg i 900 m h med m.a. reinrose vaks fåtalig fjellmarinøkkel, som synest ha si vestgrense på Sunnmøre i dette fjellmassivet. Elles er i området funne m.a. bjønnbrodd, blankstorr, bleikmyrklegg, brudespore, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellpryd, flekkmure, grønkurle, gulstorr, hårstorr, issoleie, jemtlandsrapp, jáblom, kastanjesiv, kvitmaure, lauvtistel, skavgras, slirestorr, småengkall, småsivaks, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, særburstorr, taggbregne, tranestorr, trillingsiv, tuesildre og tvillingsiv.

*Verdsetjing:* Undersøkingsområdet har stor naturhistorisk, botanisk verdi pga sin rike fjellflora m.a. med dei rikaste einskildfunna av stivsildre og fjellkvitkurle i Stordalsfjella og vert difor sett til A (særs viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Området bør også i framtida beitast noko av sau, ikkje minst for fjellmarinøkkelen si skuld.

## 86 Vestsida av Overøyestolen/(fjellvegetasjon på olivin-/kalkgrunn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-86
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	MQ 05 23/056 24
<b>Høgd over havet:</b>	700-1392 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalk-/olivinrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (særs viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Skogen & Odland (1989), 12.09.2001, 08.09. og 12.09.2002, 23.08 og 09.09.2003, 14.08., 17.08. og 02.09.2004, SEB

### Områdeskildring

**Generelt:** Frå lia oppom Lillevatnet og opp til 1100 m vestvend rasmrk/kalkrike skrentar/rikkjelder med større olivinførekost i 1000-1080 m h, oppom denne litt spreidd olivin til 1150 m, men elles kalkfattig blokmark til topps. Men i nordvesthørnet av hovudtoppen ligg ein større kalksteinsførekost i 1020 m h på bandet samt ei stripe kalkrik raudleg topsand lengre nord på bandet, og dessutan ein mindre nordvestvend olivinførekost i 1300 m h av hovudtoppen. Området ligg innanfor den sørlege delen av Surnadekket som følgjer Jasvollbotn mot sørvest og endar ved Mo/Storheim.

**Vegetasjon:** Nedst hovudsakleg fattig lynghei men med småflekkar med betre grunn, dessutan spreidd, småvekst fjellbjørkeskog opp til ca. 900 m h. I området kring olivinførekosten ein nokså artsrik kravfull fjellflora med nokre særer sjeldsynte fjellplanter. I tillegg fleire ekstremrike fastmattemyrar i bratt terren og nokre rike bergskrentar utan reinrose lengre nord i same sida. På kalksteinsberget i nordvesthørnet dei så nær kysten sjeldsynte vegetasjonstypane reinrose-gras-lavrabb og rukkevier-/polarviersnøleie. I olivinkausen i 1300 m h muligkeit for overraskande olivinplantefunn (er enno ikkje undersøkt).

**Kulturpåverkanad:** Området vert beitt av sau, og for nokre av fjellplantene er slik beiting avgjerande for deira framtidige eksistens.

**Artsfunn:** På olivin er det mest interessante funnet dvergforma av fjellarve *Cerastium alpinum var. nordhagenii Kotil. & Seivala*, ein småvekst sterkt rosettdannande, lokal sunnmørsk variant av ullarve, som i si tid vart beskriven utifrå eit funn frå Raudhaugane på Kaldhussætra, men dessutan er funnen på ein olivinførekost til på Sunnmøre og kanskje også på Røros. I Stordalsfjella har planta ein isolert førekost her i Stolen. Elles vaks på olivingrus m.a. bekkesildre, dvergjamne, (vanleg) fjellarve, fjellkvein, fjellsnelle, fjelltjøreblom, grønburkne, harerug og tuvearve. På ei olivinblokk i 910 m høgde vaks svartburkne, som her slår den norske høgderekorden for denne burkna frå Mongejura i Rauma (sjå Lid og Lid 1994) med 10 meter. På kalkrik glimmerskifer veks det marinøkkel samt fjellmarinøkkel, som utifrå Gjærevoll 1990 ikkje er funnen så kytnært sør om Fosenhalvøya her til lands. I Stordalsfjella har fjellmarinøkkel si vestgrense i Stolenmassivet på to godt skilde lokalitetar. I tørrenga vaks òg bergveronika, fjellbakkestjerne, fjellkattefot og taggbregne. På hyller av skifrig glimmergneis i berga oppom vaks m.a. bjønnbrodd, bleikvier, dvergjamne, dvergsoleie, fjellfrøstjerne, fjellkvein, fjellpryd, fjellstorr, flekkmure, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hårstorr, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, slirestorr, snøbakkestjerne, snøsildre, stivsildre, svartstorr og ullvier. Av desse er funnet av fem eksemplar av den sjeldsynte bisentriske fjellplanta stivsildre i 1100 m h i eit nordvestvend lappvierkratt mest interessant, sidan dette er det høgaste/vestlegaste funnet i Stordal kommune. Plantene vaks saman med kravfulle arter som gullmyrklegg og raudsildre. I våt grus i eit snøleie vaks tuvearve på glimmerskifer, det einaste funnet på kalkrik berggrunn i Stordalsfjella (og truleg så langt vest i Møre og Romsdal i det heile teke). Saman vaks fjellskrinneblom, grannsildre samt fleire mindre kravfulle snøleieplanter. I rike sig og kjelder opp til 990 m h finn ein fleire stader kastanjesiv saman med m.a. fjellkvann, hestehov, småengkall, sotstorr, svarttopp, trillingsiv og tvillingsiv. Av kravfulle mosar er det funne ei rekke artar. På kalkstein i 1020 m h på bandet veks m.a. bergstorr, bjønnbrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsnelle, gullmyrklegg, gulsildre, polarvier, raudsildre, reinrose, rukkevier, snøbakkestjerne og svartstorr. Og i område med raudleg topsand m.a. reinrose, snøsildre og tuvesildre. Mest interessant oppe på bandet er funnet av polarvier, ei snøleieplante på kalkgrunn, som på Sunnmøre berre er kjend frå Kolbeinsvatnet nær Opplandsgrensa, men i Rauma er funnen vest til Mollavatnet. I Stordalsfjella har planta si vestgrense i Stolenmassivet. Ei anna kravfull fjellplante har ein isolert utpost mot vest i Stolenmassivet og i Lauparen, nemleg knoppsildra, sjå Skogen og Odland (1989).

**Verdsetjing:** På grunn av artsmangfold, fleire større rikflekkar, utpostlokalitet for nokre kravfulle fjellplanter og funn av tre sjeldsynte fjellplanter vert dette sett til A (sær viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle

## 87 Nord- og austsida av Overøyestolen (fjellvegetasjon)

Lokalisatsjonsnummer:	1526-87
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM:	MQ 06 24
Høgd over havet:	400-1250 m h
Hovudnaturtype:	Fjell
Naturtype:	Olivin- og kalkrike område i fjellet
Prioritet:	A (sær viktig)
Mulege truslar:	Ingen synberre
Undersøkt/kjelder:	Rolf Nordhagen 1964 (Nordhagen 1976). 26.09.2001, 26.08.2002, 24.06., 30.06., 15.07., 01.08., 02.08. og 06.09.2003, 29.07., 31.07. og 02.09.2004, SEB

### Områdeskildring

**Generelt:** Kring Stilleelva finst eit rikt våtmarksområde. Nordsida av Stolen ligg innanfor den sørlege delen av Surnadekkfelfetet, medan austsida i hovudsak ligg utanfor dette fletet. På nordsida av fjellet, i Kleivabotnen, finst fleire sett morener med kalkrik grunn. I nordveggen finst minst tre olivinlinser vestom Raudeberget samti ei fleire hundre meter lang marmoråre med fleire nærliggjande, parallelle strøk med kalkrik glimmerskifer. Der er stor frostsprengejingsaktivitet i nordveggen til tider og dessutan til langt ut på sommaren djupe snøfonner ved bergfoten pga stadige småras heile vinteren i gjennom. I ei større austvend raskjegle er berggrunnen prega av dels forsanda, kalkrik glimmergneis. Ved foten av ein blåbre nær hovudtoppen finst ei morene med noko kalkverknad.

**Vegetasjon:** Flaummarksskog nær Stilleelva. Ei rekkje rikkjelder kring morenene i Kleivabotn. Også fleire små ekstremrike fastmattemyrar. Både i aust- og nordsida av Stolen flekkvis fjellbjørkekratt og høgstaudedeenger opp til 6-700 m. På olivingrunn ein artsfattig typisk olivin-/serpentinfloera. Under stup gjerne snøleier, dels reinblomsnøleier, dels kalksnøleier, ikkje minst i den store raskjegla, som har eit fjellsnellerikt hestehovsnøleie og elles rukkeviersnøleie, polarviersnøleie, rasmek innan forbundet bergveronika- blårapp, sotstarrmyr og rik flekkmure-harerughei. Elles i sprekker, på hyller og sva i bratte berg med skifrig glimmergneis mange stader ein nokså rik fjellflora. I morena nær toppen enkelte kravfulle fjellplanter.

**Kulturpåverknad:** Større myrar på austsida av Stilleelva vart oppdyrka til fellesbeite på åttitalet. Elles er det observert beitande sau høgt i Stolen og storfe lågare i liene. Ei velhalda hjortegamme finst på ein knaus i austsida og avgrensar undersøkingsområdet mot sør.

**Artsfunn:** Raudlistearta kvitkurle er funnen på tre lokalitetar i austsida av fjellet frå 550 m h til 1180 m h. På alle lokalitetane fanst òg brudespore og på den øvste også grønkurle og nattfiol. Vel så interessant er likevel funn av den sjeldsynte bisentriske fjellplanta stivsildre på 11 lokalitetar frå 660 til 920 m h i nordvende berg. Særskilt den stupbratte nordveggen synest vere eit viktig reservoar for denne planta som på tre stader vart funne i om lag 20 eksemplar i loddrette bergsprekkesamfunn, men elles vaks spreidd, fåtalig og saman med få andre karplanter, gjerne under overhang, alltid fuktig, aldri høgare enn 2-5 m frå fjellfoten og som regel strikt nordvendt. Berre ei einsleg plante vart funnen på ei hylle av marmor. I dei to største bestandane var skortejuvmose *Anoectangium aestivum* konstant tilstades saman med stivsildra. Også gulsildre, fjellsyre, skjørlok og i den eine bestanden grannsildre. Meir spreidd førekomm m.a. dvergjamne, dvergsoleie, fjellarve, fjellkunn, fjellkvein, fjellrapp, gullmyrklegg, hestehov, jemtlandsrapp, raudsildre og trillingsiv, og dessutan ei rekkje kravfulle moseartar. Av desse synest jemtlandsrapp å ha ein vestleg utpost i Stolenmassivet i Stordalsfjella. I raskjegla finn ein betydeleg masseførekomstar av m.a. bergveronika, fjellsnelle, marinøkkel og rukkevier. Elles er m.a. funne bekkesildre, bergstorr, bjønnbrodd, blankstorr, bleikmyrklegg, brudespore, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjellpryd, fjellskrinneblom, fjellsmelle, flekkmure, grønbukne, grønkurle, gulstorr, harerug, hårstorr, jáblom, kastanjesiv, klubbestorr, kvitmaure, kvitsoleie, lauvtistel, polarvier, reinrose, slirestorr, småsivaks, snøbakkestjerne, snøsildre, snøsøte, sotstorr, svartstorr, svarttopp, særbusstorr, taggbregne, tuesildre, tyrihjelm og ugrasklokke. På oliven fann Nordhagen alt i 1964 den sjeldsynte bisentriske fjellplanta snauarve i Raudeberget. I same berg veks òg m.a. fjellsmelle, fjelltjørebblom og grønbukne. I tillegg til desse fire vart det 29.7.04 frå ein olivinknau i 685 m h lengre vest i nordsida notert følgjande kravfulle fjellplanter: bjønnbrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, gullmyrklegg, gulsildre, harerug og svarttopp. Som vanleg var det tydeleg sigevassverknad frå eit kalkrikt glimmergneislag eit stykke oppom olivinknarten. Av fugl er i fjellsida/i våtmarka ved Stilleelva funne hekkande bergirisk, blåstrupe, buskskvett, enkeltbekkasin, fjellrype, fossekall, heipipelerke, jernsporv, krikand, lirype, målstrast, raudstilk, ringtrast, steinskvett, stokkand og vite. Elles er observert m.a. dvergfalk, gjerdesmett, hare, kjøtmeis, kongeørn, kronhjort, lauvmeis, rugde, rådyr og snøsporv.

**Verdsetjing:** Lokaliteten får verdi A (særsviktig) fordi det er eit velutvikla og artsrikt område med rik fjellvegetasjon.

### Skjøtsel og omsyn

Rasmarka bør også i framtida beitast av sau, dette er truleg viktig for marinøkkelbestanden. Raudeberget bør ikkje utsettast for bergverksdrift, slik det ligg som eit "Soria Moria slott" ved inngangsporten til det viktigaste fjellplantesenteret på Sunnmøre vestom Tafjord. Vidare nydyrkning i våtmarksområdet bør unngåast.

## 88 Nördredalen: Kleivabotnen (myr)

Lokalitetsnummer:	1526-88
Kartblad:	1219 I Stranda
UTM (EUREF 89):	MQ 070 252
Høgd over havet:	460-560 m
Hovudnaturtype:	Myr
Naturtype:	Rikmyr
Prioritet:	B (sviktig)
Mulege truslar:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	22.06.2003, DH, KJG

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Stort myrområde øvst i Kleivabotnen med sterkt hellande myr (bakke myr). Det avgrensa området er dels tresett.

*Vegetasjon:* Store felt med bjønnskjegghei og blåtoppeng.

*Kulturpåverknad:* Området vert sporadisk beita av storfe. Elles går ein merkt sti i utkanten av myra inn til Kleivvatnet.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av tusentals skavgras og hundrevis av både gullmyrklegg og hårstorr. Elles ein del rikmyrsartar som bjønnbrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, jáblom, klubbestorr, småsivaks, sotstorr og svarttopp. Det var for tidleg på året til å ta full planteliste.

*Verdsetting:* Området vert verdsett til B (svært viktig) på grunn av at det er ein etter måten stor og intakt rikmyr med store førekommstar av somme regionalt sjeldsynte artar.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også framtida.

## **89 Storlihornet, S-og SV-sida (gråor/heggeskog, fjellvegetasjon)**

**Lokalitetsnummer:**

1526-89

**Kartblad:**

1219 I Stranda

**UTM:**

MQ 07 25

**Høgd over havet:**

400-990 m

**Hovudnaturtype:**

Fjell

**Naturtype:**

Li- gråorskog/kalkrike område i fjellet

**Prioritet:**

A (sær viktig)

**Mulege truslar:**

Hyttebyggjing/vedhogst

**Undersøkt/kjelder:**

22.06.2003, DH, KJG, 24.07. og 17.08.2003. 13.05., 05.06., 17.07., 02.10. og 02.11.2004, SEB

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dei to armane til Surnadekket smeltar i hop i Kleivabotn og kryssar Storlihornet for å ende aust om Storebua. Den aktuelle delen av "Storlia" høyrer geologisk til Surnadekket og ligg sør om ein karakteristisk lang grå hammar i fjellbjørkebeltet i vestsida av fjellet og strekkjer seg frå Jolbottselva i sør/stien mot Kleivavatnet i vest og til topps.

*Vegetasjon:* Lågast nede ein mosaikk av fattige og rike myrar, høgare oppe ein mosaikk av rikmyrar, fattig fjellbjørkeskog og rikare li-gråorskog, som hovudsakleg finst nær nokre kalkrike gjøl i sørvestsida. I sørvesthørnet i 750 m h finn ein eit større kompleks av blottlagd marmor/kalkstein på ein rabb på om lag 150 x 100 m med eit austgåande sideutlaup, som endar ved ei sørvend rikeng. Høgare oppe i sørsida lågt fjellbjørkekratt og nokre fattige/mellomrike myrfragment. Øvst fattig lynghei og rabbesivsamfunn.

*Kulturpåverknad:* Lia er lågast eit velkjend storfebeite og høgare oppe beitt av sau.

*Artsfunn:* Floraen ber tydeleg preg av innverknad av mild havluft/hyppig sommarskodde frå Romsdalsfjorden i delar av vekstsesongen, og difor finn ein fleire varmekjære sørlege planter/kystplanter dels på uvanleg høgt nivå i høve til lengre vest i Stordalsfjella. Av kystplanter når i sørsida m.a. smalljempe til 400 m, klokkeling til 925 m (tangering av norsk høgderekord i Lid og Lid) og rome/bjønnkam til 955 m. På betre grunn i li-gråorskogen finn ein frå "almefølgjet" dei varmekjære artene lerkespore, myske og vårerteknapp. Elles veks i li- gråorskog m.a. bergrøyrkvein, enghumleblom, firblad, fjellkvann, hegg, hengeaks, kranskonvall, kvitsoleie, liljekonvall, mjödurt, selje, skogmarihand, skogrøyrkvein, taggbregne og ugrasklokke. Det vart og funne fleire kravfulle moseartar. På rikflekkar nær/oppom skoggrensa er funne m.a. (DH, KJG, SEB) bergskrinneblom, bergstorr, bergveronika, bjønnbrodd, bleikvier, breiull, brudespore, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjelltistel, fjellsmelle, flekkmure, grønburkne, grønkurle, gulsildre, gulstorr, gullmyrklegg, harerug, hårstorr, jáblom, kastanjesiv, klubbestorr, kornstorr, kvitkurle, kvitmaure, lauvtistel, marinøkkel, norsk vintergrøn, raudsildre, rukkevier, skavgras, slirestorr, snøbakkestjerne, sotstorr, stortviblad, svartstorr, svarttopp, taggbregne, trillingsiv og ullvier. Av fuglar er m.a. funne hekkande bergirisk, blåstrupe, enkeltbekkasin, fjellrype, jernsporv, raudstilk og ringtrast. Og elles observert m.a. dvergfalk, fossekall, hare, hjort, lirype, orrfugl, raudrev, rugde og steinskvett.

*Verdsetting:* Denne delen av Storlihornet er – dels pga den rike li-gråorskogen, dels pga rik fjellflora- ein naturhistorisk/botanisk sentral del av det rike fjellplantesenteret i Kleivabotnen og vert difor verdsett til A (svært viktig).

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør også i framtida vere husdyrbeite, men elles skjermast for utbyggjing og annan aktivitet som kan øydelegge rik li-gråorskog og sårbar fjellnatur.

## 90 Nordvestsida av Storlihornet (fjellvegetasjon)

<b>Lokalisatsjonsnummer:</b>	1526-90
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	MQ 07 26
<b>Høgd over havet:</b>	600-990 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (særs viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen aktuelle
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.08., 22.08., 19.09. og 01.10.2002. 10.06., 24.07., 17.08. og 30.08.2003. 19.07., 25.08., 28.08., 31.08., 11.09. og 02.10.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Området strekkjer seg fra sørvestsida av Kleivavatnet og til topps. Fjellhjørnet mellom nordvest -og sørvestsida av Storlihornet høyrer geologisk til Surnadekkefeltet, medan nordvestsida elles hovedsakleg er prega av hardare gneis med fattigare grunn. I 900 m h finn ein eit belte av kalksteinsberg, som også finst spreidd lågare i vestsida.

*Vegetasjon:* Frå eit svaberg i 680 m høgde til godt 900 m h har det vêrharde fjellhjørnet mellom NV og SV ein samanhengande rik fjellvegetasjon og den desidert største førekomensten av vegetasjonstypen reinrose-moserabb i Stordalsfjella. Ein finn også spreidde fjellbjørkekratt, hyller og bakkar med rik flekkmure-harerughei, mange små rikkjelder/bratte rikmyrar og fleire nordvestvende kalksnøleie. Dessutan går utlauparar av rik fjellvegetasjon eit godt stykke ut i sørvestsida. Dels pga innverknad av mildare havluft frå Romsdalsfjorden vantar m.a. issoleie som snølieplante i denne sida. Og nokre låglandsplanter veks nokså høgt til fjells.

*Kulturmåverknad:* Det sidebratte området er velbeitt av sau og enkelte år vitja av dristige kalveflokkar.

*Artsfunn:* Av karplanter er funne ni lokalitetar med stivsildre frå 760 til 885 m h, kvar med (1) 3-37 planter. Norsk vintergrøn har i Stordalsfjella førebels ein einsleg førekomst i denne fjellsida, medan setermjelt og fjellrundskolm også er funne i Jasvollbotnen (sjå Skogen 1989). Fjellkvitkurle veks godt sjølv i eit sørvestvend område nær toppen, eit teikn på at ein klimamessig på einskilde vis likevel har kome lengre aust. Elles er m.a. funne bekkesildre, bergstorr, bergveronika, bjønnbrodd, blankstorr, bleikmyrklegg, brudespore, dvergjamne, dvergsoleie, fjellarve, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellkattefot, fjellkvern, fjellkvein, fjellpryd, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjellstorr, flekkmure, grannsildre, grønbuknene, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, harerug, hårstorr, jáblom, kastanjesiv, kvitmaure, kvitkurle, lauvtistel, raudsildre, rukkevier, skavgras, slirestorr, snøbakkestjerne, snøsøte, sotstorr, stortviblad, svartstorr, svarttopp, taggbregne, trillingsiv, tvillingsiv og tuesildre. Av kravfulle mosar er det funne mange artar.

*Verdsetting:* Som den klart artsrikaste/mest vidstakte reinroseheia i Stordalsfjella og truleg på Sunnmøre vestom Tafjord og med ein livskraftig bestand av stivsildre, blir området verdsett til A (særs viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle ut over å la dei sjeldne plantene vera i fred.

## 91 Nordaustsida av Storlihornet (fjellvegetasjon)

<b>Lokalisatsjonsnummer:</b>	1526-91
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM:</b>	Frå MQ 078 261 til MQ 083 263
<b>Høgd over havet:</b>	550- 960 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	A (særs viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Rolf Nordhagen juli 1964, 03.08, 15.09 og 01.10.2002, 07.06, 28.06, 10.07 og 19.07.2003, 25.07., 07.09. og 25.09.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg heilt innafor Surnadekkefeltet og omfattar den sidebratte nordaustsida av fjellet i nærliken av ei marmoråre, som både ligg i dagen i Jolbottselva, på ei sidebratt flå høgt i fjellsida og på nordsida av toppen. I denne sida finn ein til dels betydeleg seinare framsmelting om våren enn i vestsida. Området er også hallinga dels vanskeleg å undersøke.

*Vegetasjon:* Fleire interessante fragment av ekstremrik fastmattemyr nær elva og lågast i lia. Høgare opp rasmask med rik flekkmure-harerughei, fjellsnellerikt hestehovsnøleie, kvannkjelder, rikkjelder av

gulsildre/kalkmosetypen og reinrose-moserabb. På den nordvende marmortoppen i tillegg eit lite område med reinrose-gras-lavrabb.

**Kulturpåverknad:** Området er nedst beitt av storfe og høgt i sida av sau.

**Artsfunn:** Stivsildre vart berre funne på ein nordvend lokalitet i 715 m h. Fjellsnelle har lokalitetar både på nordvendt marmorberg på toppen, i rikeng og hestehovsnøleie ved bergfoten og på ekstremrik fastmattemyr nær elva, og synest på finnestadene her og Stolemassivet å opptre berre i avsolte nord-/austsider. Planta oppfører seg slik heilt identisk med fleire andre fjellplanter lengre vest i undersøkingsområdet. Myrtevier vart funne i rikt sig med m.a. sotstorr, men er ikkje funne lengre vest i Stordalsfjella førebels. Elles er m.a. funne bekkesildre, bergstorr, bergveronika, bjønnbrodd, blankstorr, brudespore, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellkvann, fjellsmelle, flekkmure, grønburkne, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, harerug, hengeaks, hårstorr, jáblom, kastanjesiv, kvitkurle, kvitmaure, kvitsoleie, lauvtistel, nattfiol, raudsildre, reinrose, rukkevier, slirestorr, småsivaks, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, særbusstorr, taggbregne, trillingsiv, tvillingsiv, tuesildre og ullvier. Og av kravfulle mosar vart det funne fleire artar. M.a. blåstrupe hekkar fleire stader på austsida av fjellet, men opptrer meir sparsamt i Kleivabotn og vantar vidare vest i Stordalsfjella. Fuglen har vit på anna enn å syng, merkar truleg at klimaet er mindre kystprega i Jolbotnen enn lengre vest.

**Verdsetjing:** Også denne delen av Storlihornet har ein nokså rik fjellflora, sjølv om grunnen samla sett verkar litt mindre kalkrik enn på vestsida og breidda på rikområdet noko mindre, men vert utan tvil verdsett til A (særs viktig).

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle framlegg.

## 92 Vestsida av Storebua (fjellvegetasjon)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1526-92
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM:</b>	MQ 08-09, 26-27
<b>Høgd over havet:</b>	560-1498 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.09.2001, 09.06 og 13.10.2002, 15.06 og 19.07.2003, 27.07.2004, SEB

#### Områdeskildring

**Generelt:** Ved fjellfoten fjellbjørkekratt og myrar. Høgare oppe rasmask i sørvestvend fjellsida innafor Surnadekketfeltet, som her tydeleg vert mindre kalkrikt. Samstundes vert det skifrig glimmergneisområdet om lag borte; berre ei smal marmoråre kan følgjast langt oppover i eit sidebratt gjøl. Oppom 1100 m fattig blokkmark til topps. Ein tilleggslokalitet med serpentin ligg i 900 m h i nordvestsida av fjellet nær stigen opp til Kvassetind.

**Vegetasjon:** Mest fattigmyr i flatlendet, men litt ekstremrik fastmattemyr nedom det nordste gjølet, som har rikast fjellvegetasjon med artsrik høgstaudeeng på gjølkantar, på hyller rikare flekkmure-harerughei, i botnen litt engsnøleie på kalkgrunn og dessutan eit større marmorberg øvst i gjølet med rike sig og kravfulle bergsprekkeplanter. Elles er lia prega av bregnerike, artsfattige høgstaudeenger oppom skoggrensa og høgare oppe av lynghei og fattigsnøleier. Oppom 1100 m fattig vegetasjon i blokkmarka med spreidde førekommstar av fjelltjøreblom. På serpentin ein artsfattig olivin-/serpentinflora.

**Kulturpåverknad:** Området vert beitt av sau og nedst tidvis av storfe.

**Artsfunn:** På serpentin er m.a. funne grønburkne, fjellsmelle, fjelltjøreblom, småsmelle, tuvearve og ullarve. På kalkgrunn ein langt meir artsfattig flora enn i det vesle nabofjellet i vest. På austsida av Jolbottselva finst ein masseførekomst av det sjeldsynte hybridet mellom fjellsnelle og skavgras. Elles kan m.a. nemnast bergveronika, bjønnbrodd, blankstorr, bleikmyrklegg, breiull, brudespore, dvergjamne, fjellarve, fjellbakkestjerne, fjellfrøstjerne, fjellkvann, fjellkvitkurle, fjellskrinneblom, fjellsmelle, flekkmure, grønburkne, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, harerug, hårstorr, kastanjesiv, klubbestorr, kvitkurle, kvitsoleie, lauvtistel, liljekonvall, marinøkkel, raudsildre, slirestorr, småsivaks, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne trillingsiv og tvillingsiv. Det vart og funne nokre basekrevande moseartar. Av fuglar m.a. funne hekkande bergirisk, blåstrupe, fjellrype, ringtrast, snøsporv og steinskvett. Og elles sett dvergfalk, gauk og kongeørn.

**Verdsetjing:** Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) fordi det er eit av dei noko mindre velutvikla planteområda samanlikna med dei rikaste i distriktet.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 93 Nord for Jolbotn (fjellvegetasjon)

<b>Lokalisetsnummer:</b>	1526-93
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM:</b>	MQ 081 278
<b>Høgd over havet:</b>	900-1040 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet (serpentin)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.09.2001, 09.06 og 13.10.2002, 15.06 og 19.07.2003, 27.07.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Ein lokalitet med serpentin ligg i 900 m h i nordvestsida av fjellet nær stigen opp til Kvassetind.

*Vegetasjon:* På serpentin ein relativt artsfattig olivin-/serpentinflora.

*Kulturpåverknad:* Området vert beitt av sau.

*Artsfunn:* På serpentin er m.a. funne grønburkne, fjellsnelle, fjelltjøreblom, småsmelle, tuvearve og ullarve.

*Verdsetjing:* Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) fordi det er eit av dei noko mindre velutvikla planteområda samanlikna med dei rikaste i distriktet.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## 94 Ådalstindmassivet (fjellvegetasjon)

<b>Lokalisetsnummer:</b>	1526-94
<b>Kartblad:</b>	1319 IV Valldal
<b>UTM:</b>	MQ 095 18 (SV-avgr.) til MQ 122 203 (NA-avgr.)
<b>Høgd over havet:</b>	700-1200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Fjell
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike område i fjellet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.06., 14.07. og 27.07. og 12.08. 2003, 30.06., 11.07., 03.08., 23.08., 09.09. og 30.09.2004, SEB

### Områdeskildring

*Generelt:* Undersøkingsområdet består av vest-og nordsida av Løfjellet, Jolbotn i Seljebotn, sørsida av Ådalstind opp til 1100 m h, Storådalen med Lilleådalshorn si vest-, nord -og austside, Lilleådalen samt Storådalshorn si nord -og vestsida. Området vart grundig undersøkt sidan det ligg sør aust om Stordalsfjella sitt langstrekte Surnadekkeområde og difor skal ha eit meir innlandsprega klima med betre levekår for nokre kravfulle fjellplanter. Massivet har dessutan to interessante gneisvariantar som lengre vest har synt seg å kunne gi kalkrik grunn i bratte sider med stor frostsprengeaktivitet og gunstige soltilhøve.

*Vegetasjon:* Undersøkingsområdet ligg utelukkande over skoggrensa og stort sett finn ein fattig lynghei, dels litt rikare vierkritt, artsfattige grasmarker og museøre-/finnskjegg-/stivstorsnøleier. Reinrosehei vart ikkje funne, og også elles var det særslig langt mellom poengene, men på gunstige stader i bratt terremng gjorde ein likevel fleire mindre førekommstar av flekkmure-harerughei, bergveronikasamfunn, kvannkjelder og litt rikare fastmattemyrar.

*Kulturpåverknad:* I Storådalen to mindre, velhaldne jakthytte, men også temmeleg skjemmande hytteruinár i sårbar, alpin fjellnatur. Særskilt Jolbotnen/sørsida av Ådalstind vert framleis beitt av sau.

*Artsfunn:* Særskilt interessant var funnet av 12 stivsildrar på eit mindre rikområde langt nord i massivet. Det vart også gjort eit funn av to planter i eit nordvestvend berg nokre km lengre sør aust. Stivsildra er kjend frå tre lokalitar i Tafjordfjella, og desse sparsame funna frå Ådalstindmassivet gir haldepunkt for at stivsildra like etter istida har vandra frå sine overlevingsstader på isfrie nunatakkar i fjellplantesenteret lengre nordvest i Stordalsfjella via m.a. Ådalstindmassivet og vidare innover til Tafjord og heilt aust til Jotunheimen der planta finst på ei rekke lokalitar. Den raudlista kvitkurla finst særskilt i rasmarka i den solrike sørsida av Ådalstind. Fjellminneblom veks rikeleg på godjord i sørden av massivet og har i Stordalsfjella ei nokså skarp vestgrense i Løfjellet (og i sørsida av Fokhaugtind). Fjellfiol verkar langt mindre kravfull enn i Varden. Også tvillingsiv er langt meir utbreidd enn lengre nordvest og dels på langt fattigare grunn, gjerne saman med rypestorr.

Kastanjesiv vant heilt i dette massivet, syner det seg, og dette tek ein til uttrykk for at berggrunnen i massivet samla sett er for dårleg for denne kravfulle planta. Også sotstorr vart berre funne i få eksemplar på ein stad, men i godt 1100 m høgde, nesten 150 m høgare enn høgaste funnet frå Stolenmassivet. Og denne høgda var langt i frå uventa, sidan ein veit at fjellplanter innover mot kontinentet gradvis fører høgare biologisk høgdegrense. Elles

er m.a. funne bekkesildre, bergveronika, bjønnbrodd, blankstorr, bleikmyrklegg, brudespore, dvergjamne, fjellarve, fjellfrøstjerne, fjellkvann, fjellkvein, fjellpryd, fjellskrinneblom, fjellsmelle, fjellstorr, flekkmure, grannsildre, grønkurle, gullmyrklegg, gulsildre, gulstorr, harerug, hårstorr, kvitsoleie, lauvtistel, marinøkkel, raudsildre, rukkevier, slirestorr, snøbakkestjerne, snøsøte, svartstorr, svarttopp, taggbregne, turt, tranestorr, trillingsiv og tyrihjelm. Det vart funne fleire basekrevande moseartar. Av fuglar hekkar m.a. bergirisk, heipipelerke, ringtrast, snøsporv og steinskvett så høgt i massivet. Elles er m.a. sett hare, kronhjort, røyskatt og rådyr.

*Verdsettjing:* Området er eit viktig referanseområde for Stordalsfjella sitt Surnadekkeområde og vert difor verdsett til B (viktig).

### **Skjøtsel og omsyn**

Kommunen bør påleggje eigaren av hytteruinane i Storådalen å få desse fjerna. Elles ingen spesielle omsyn.

## Område med därlege data eller usikker status

Både eigne og andre sine undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkja vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningsliner for grenseoppgangar mellom C (lokalt viktig) og ”ikkje lokalitet”.

*Tabell 7. Område i Stordal kommune med därlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Interessante område som ikkje er undersøkte er tatt med her.*

Lokalitet	UTM	Kommentar
Inste Skotsetra	LQ 913 209	Undersøkt 07.08.2001, JBJ & LS. Vegetasjonen er attgroande sølvbunkeeng (G3) og fuktenger med overgang til fattigmyr (G12, K3). Floraen var triviell. Det vart notert heiblåfjør og kjertelaugnetrøst. Reknast som knapt C-lokalitet.
Vidhammar	LQ 911 199	Undersøkt 07.08.2001, JBJ & LS. Fragmentariske ugjødsla slåtteenger i eit landskap med fulldyrka og attgroande enger. Reknast som knapt C-lokalitet.
Dyrkornstølen	LQ 962 221	Undersøkt 10.08.2001, JBJ. Fragmentariske naturbeitemarker mellom lynghei og fulldyrka. Stølen var artsfattig. Det vart notert blåklokke og småengkall. Reknast som knapt C-lokalitet (jf. planteliste).
Røysetdalen: Riset	MQ 034 133	Undersøkt 10.08.2001, JBJ. Reknast som knapt C-lokalitet.
Røysetdalen: Øystølen	MQ 027 130	Undersøkt 10.08.2001, JBJ. Reknast som knapt C-lokalitet.
